



Budsjett 2025

Handlingsdel/Økonomiplan 2025 - 2028



Innhald

| | | |
|-------|---|----|
| 1 | Formannskapet sitt framlegg | 6 |
| 2 | Rådmannen si innleiing | 8 |
| 2.1 | Generelt | 8 |
| 3 | Eidfjord kommune sin handlingsdel | 10 |
| 3.1 | Handlingsdel | 10 |
| 3.2 | Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015-2027 | 10 |
| 3.3 | Kommunal planstrategi 2024-2027 | 12 |
| 3.4 | Økonomisk situasjon | 12 |
| 3.5 | Folketalsutvikling | 13 |
| 4 | Rammevilkår | 14 |
| 4.1 | Regjeringa sitt forslag til statsbudsjettet 2025 | 14 |
| 5 | Økonomiske føresetnadar | 19 |
| 5.1 | Finansielle måltal | 19 |
| 5.2 | Netto driftsresultat – arbeidskapital | 19 |
| 5.3 | Disponering av netto driftsresultat korr. for premieavvik | 20 |
| 5.4 | Lånegjeld | 20 |
| 5.5 | Disposisjonsfond ex. avsetjing til dekking av premieavvik | 21 |
| 5.6 | Utlån | 21 |
| 5.7 | Premieavvik | 21 |
| 6 | Driftsbudsjettet | 23 |
| 6.1 | Driftsbudsjettet | 23 |
| 6.1.1 | §5-4 Bevilgningsoversikt – drift | 23 |
| 6.1.2 | §5-4 Bevilgningsoversikt - drift budsjett til fordeling | 24 |
| 6.1.3 | §5-6 Økonomisk oversikt etter art – drift | 25 |
| 6.2 | Inntekter | 26 |
| 6.2.1 | Skatteinntekter | 26 |
| 6.2.2 | Rammetilskot | 26 |
| 6.2.3 | Eigedomsskatt | 26 |
| 6.2.4 | Nettovinst ved sal av konsesjonskraft | 27 |
| 6.2.5 | Konsesjonsavgifter | 27 |
| 6.2.6 | Hamneavgifter | 27 |
| 6.2.7 | Overføringar med krav om motytingar | 27 |
| 6.2.8 | Introduksjonsstønad | 27 |
| 6.2.9 | Brukarbetaling | 27 |
| 6.3 | Kostnadar | 28 |



Budsjett 2025
Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

| | | |
|--------|--|----|
| 6.3.1 | Løn- og sosiale kostnader..... | 28 |
| 6.3.2 | Kjøp av varer og tenester som inngår i eigenproduksjon..... | 28 |
| 6.3.3 | Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjon | 28 |
| 6.3.4 | Overføringsutgifter..... | 28 |
| 7 | Driftsbudsjett..... | 29 |
| 7.1 | Rådmann, økonomi og HR og organisasjon..... | 30 |
| 7.2 | Lægreid skule | 34 |
| 7.3 | Modnen barnehage | 40 |
| 7.4 | Kultur, næring og bærekraft | 45 |
| 7.5 | Drift & Forvaltning – Drift..... | 50 |
| 7.6 | Drift & Forvaltning - Vatn og avlaup..... | 53 |
| 7.7 | Drift & Forvaltning – Forvaltning | 56 |
| 7.8 | Helsetenesta | 58 |
| 7.9 | Sosial- og barnevernstenesta | 67 |
| 7.10 | Pleie- og omsorgstenesta..... | 72 |
| 8 | Investeringsbudsjettet..... | 78 |
| 8.1 | Hovedoversikter investering..... | 78 |
| 8.1.1 | § 5-5. Bevilgningsoversikt – investering..... | 78 |
| 8.1.2 | Bevilgningsoversikt -investering til fordeling..... | 78 |
| 8.1.3 | Tekstleg kommentar investeringsprosjekt..... | 79 |
| 9 | Oversikt over gjeld og andre vesentlege forpliktingar | 83 |
| 10 | Prisar på kommunale tenester | 84 |
| 11 | Gebyrforskrift for plan-, bygge-, matrikelovs-,seksjonering-, landbruks-, og forureiningssaker..... | 88 |
| 11.1 | § 1 Generelle føresegner | 88 |
| 11.1.1 | Kva for gebyrforskrift skal nyttast..... | 88 |
| 11.1.2 | Betalingsplikt..... | 88 |
| 11.1.3 | Betalingstidspunkt | 88 |
| 11.1.4 | Faktureringstidspunkt | 89 |
| 11.1.5 | Fritak frå og reduksjon av gebyr..... | 90 |
| 11.1.6 | Klage..... | 90 |
| 11.1.7 | Søknadar som vert trekte, returnerte, avviste eller fører til avslag..... | 90 |
| 11.1.8 | Timepris..... | 90 |
| 11.1.9 | Endring av gebyrforskrifta..... | 91 |
| 11.2 | § 2 Plangebyr, jf. pbl. § 33-1..... | 91 |
| 11.2.1 | Gebyr etter planområdet sitt areal - Grunngebyr..... | 91 |



Budsjett 2025
Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

| | | |
|---------|--|----|
| 11.2.2 | 2.2 Saker som fell under forenkla planprosess, pbl § 12-14 (2)..... | 91 |
| 11.2.3 | Oppstartsmøte og undervegs møte, pbl. § 12-8 (1) | 91 |
| 11.2.4 | Forslag til planprogram eller utgreiingsprogram, pbl. § 12-9, § 14-2 | 92 |
| 11.2.5 | Konsekvensutgreiing, pbl § 4-2 (2) med forskrift, pbl kpt 14..... | 92 |
| 11.2.6 | Kommunal bistand til konsekvensutgreiing | 92 |
| 11.2.7 | Møte i regionalt planforum, pbl § 5-3 | 92 |
| 11.3 | § 3 Gebyr for dispensasjonssøknadar, pbl § 33-1 | 92 |
| 11.4 | § 4 Byggjesaksgebyr, pbl § 21-4 jf. § 33-1 | 92 |
| 11.4.1 | Søknadspåkravende tiltak som krev ansvarleg føretak, § 20-3 jf § 20-1 | 93 |
| 11.4.2 | Søknadspåkravende tiltak som tiltakshavar sjølv kan stå for, pbl § 20-4..... | 93 |
| 11.4.3 | Godkjenning av ansvarsrett, SAK10 § 6-8..... | 93 |
| 11.4.4 | Søknad om endring, pbl § 33-1, § 21-4 (1) jf § 21-2..... | 94 |
| 11.4.5 | Søknad om fleire tiltak i same søknad..... | 94 |
| 11.5 | § 5 Gebyr i matrikkelsaker, matrikkelforskrifta § 16, jf. matrikkellova § 36..... | 94 |
| 11.5.1 | Generelt om matrikkelsaker..... | 94 |
| 11.5.2 | Oppretting av grunneigedom, festegrunn, uteareal til eigarseksjon og matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn..... | 94 |
| 11.5.3 | Oppretting av anleggseigedom | 95 |
| 11.5.4 | Registrering av jordsameige | 95 |
| 11.5.5 | Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning (MUF).... | 95 |
| 11.5.6 | Grensejustering av grunneigedom, festegrunn, jordsameige..... | 95 |
| 11.5.7 | Grensejustering av anleggseigedom | 95 |
| 11.5.8 | Arealoverføring grunneigedom, festegrunn, jordsameige | 95 |
| 11.5.9 | Volumoverføring anleggseigedom | 95 |
| 11.5.10 | Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning (kartforretning)..... | 95 |
| 11.5.11 | Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt | 96 |
| 11.5.12 | Klarlegging av rettigheter | 96 |
| 11.5.13 | Privat grenseavtale..... | 96 |
| 11.5.14 | Matrikkelføring som eiga sak | 96 |
| 11.5.15 | Utsending av matrikkelbrev jf matrikkelforskr § 16 (4)..... | 96 |
| 11.6 | § 6 Seksjoneringsgebyr, eierseksjonsloven § 15..... | 96 |
| 11.6.1 | Søknad om seksjonering eller reseksjonering | 96 |
| 11.7 | § 7 Konesjons- og delingsgebyr i saker etter konsesjonsloven av 2003 og jordlova § 12 | 96 |



Budsjett 2025
Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

| | | |
|--------|--|-----|
| 11.8 | § 8 Forureiningsgebyr, forurensningsloven § 52a og forurensningsforskriften §§ 2-12, 7-5, 11-4, jf. forurensningsloven § 52a | 97 |
| 11.8.1 | Gebysatsar nye utsleppsløyve, forurensn.forskr § 11-4 jf forurl § 52a..... | 97 |
| 11.8.2 | Gebysatsar endring av utsleppsløyve, forurensn.forskr § 11-4 jf forurl § 52a | 97 |
| 11.8.3 | Kontrolltiltak, forurensn.forskr § 11-4 jf forurl § 52a..... | 97 |
| 11.8.4 | Sakshandsaming og kontroll i saker om lokal luftkvalitet | 97 |
| 11.8.5 | Sakshandsaming og kontroll i saker om opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid..... | 97 |
| 11.8.6 | Sakshandsaming og kontrolltiltak i øvrige saker etter forurensningsloven der kommunen er forureiningsmynde | 97 |
| 11.9 | § 9 Ikraftsetjing | 98 |
| 12 | Vedlegg 1 | 100 |
| 13 | Vedlegg 2 | 102 |



Budsjett 2025 Handlingsdel/Øk.plan 2025-2028

1 FORMANNSKAPET SITT FRAMLEGG

25.11.2024 FSK – 24/182 - Tilråding

Formannskapet tilrår at rådmannen sitt framlegg av 28.10.2024 til budsjett 2025/økonomiplan 2025-2028 med tilhøyrande budsjettdokument vert vedteke, med fylgjande endringar:

Infrastuktur på Kjærøyna:

Tidlegare avsette prosjektmidlar skal nyttast.

Eidfjord kommune avset kr. 1 250 000 til asfaltering og oppmerking av parkeringsplassar.

Eidfjord kommune avset kr. 700 000 til tømmeasjon.

Arbeidet skal være fullført innan april 2025.

Bru Vøringfoss:

Eidfjord kommune avset kr 600 000 som bidrag til bygging av ny bru ved Vøringfossen.

Driftsbudsjett:

Rådmann får i oppdrag å starte ein prosess der ein når 10 % netto driftsresultat innan 31.12.2026.

Sak om prosess for å nå dette målet skal leggjast fram for kommunestyret innan 01.07.2025. I forkant av kommunestyretvedtaket skal aktuelle probelemstillingar/avklaringar handsamast i økonomiutvalet/formannskapet for at saka skal vera tilstrekkeleg opplyst før vedtak.

800.000kr til Sysendalen løypelag for videreutvikling av sti- og løypetrase i Sysendalen.

Auka post til kommunstyresalen med 150000 kr til innkjøp av nye stolar.

- Bompengar
 - Tinnhølvegen - pr. tur 400,-
 - Tinnhølvegen - årskort 500,-
 - Tinnhølvegen - årskort utanbygds 1000,-
- 202508: 6-mannsbustad: 2026 kr 6 000 000,-
- 500 000,- til ekstern konsulent i prosess med ny drift- og eigarstruktur for Sysendalen skisenter (finansiert via kraftfondet)
- 500 000,- til kartlegging av naturfare i utsatte områder for ekstremværhendingar i Eidfjord kommune (tilsvarande reduksjon av 20205 Transportmidlar)
- 200 000,- til eigenandel i søknad om deltaking i Gnist innovasjon (finansiert via kraftfondet)

Endringane frå formannskapet er ikkje innarbeida i budsjettdokumentet.



Framlegg frå rådmannen

Framlagt for kommunestyre 28.10.2024

| | |
|-----|--|
| 1 | Budsjett for 2025 og økonomiplan for 2025 – 2028 vert vedteke som det går fram av vedlagde budsjettdokument. |
| 2 | <p>For eigedomsskatteåret 2025 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav c.</p> <p>For eigedomsskatteåret 2025 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringsdelen (bygning og grunn) i tidlegare skattlagde verk/bruk (jf. andre ledd i overgangsregel til esktl. § § 3 og 4)</p> <p>For eigedomsskatteåret 2025 skal det skrivast ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med ein sjuendedel i 2022 (jf. første ledd første pkt. i overgangsregel til esktl. § § 3 og 4.)</p> <p>Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2025 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd.</p> <p>Takstvedtekter for eigedomsskatt i Eidfjord kommune vedtekne i kommunestyret 16.12.2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2025, jf. esktl § 10.</p> <p>Eigedomsskatten vert skriven ut i 4 terminar i året, med forfall 15. mars, 15. mai, 15. september og 15. november.</p> |
| 3 | Vanleg skatt til kommunen på formue og inntekt vert å likna ut med høgste sats. |
| 4 | Eidfjord kommunestyre vedtek låneopptak på kr 52,8 mill. til VA investeringar i Sysendalen. Rådmannen får fullmakt til å godkjenna lånevilkåra inkl. avdragstid. |
| 5 | Eigenbetaling og prisar på kommunale tenester og gebyr er i hovudsak auka med 3,5 %. Dei ulike prisane går fram i eige avsnitt i budsjettet. |
| 5.1 | Årsavgift avløp Sysendalen aukar med 20 % |
| 5.2 | Årsavgift vatn Sysendalen aukar med 4 % |
| 5.3 | Tilknytningsavgift og årsavgift avløp Eidfjord vert auka med 25 % |
| 5.4 | Tilknytningsavgift og årsavgift vatn Eidfjord aukar med 4 % |



2 RÅDMANNEN SI INNLEIING

2.1 Generelt

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2025 og økonomiplan 2026-2028 byggjer vidare på budsjettet for 2024 og ei vidareføring av driftsnivået frå 2024. Samstundes som ein tar høgde for endra rammevilkår, satsingsområder og løns- og kostnadsutvikling i samfunnet.

Status økonomi

Kommunen sin økonomi er under press der kostnadane aukar meir enn inntektene. Me har gode ekstra inntekter frå kraft og hamneinntekter, men me nyttar alt til drift av kommunen. Tilleggsinntektene frå kraft endrar seg over tid, noko ein har fått erfart tidligare og ein må ta det med seg i langtidsplanlegginga av kommunen sin økonomi. Eksterne rammebetingelsar og hendingar i verda påverkar økonomien i Eidfjord i tillegg til eigne vedtak og vegval. Me er heilt avhengige av inntektene frå kraft og eigedomsskatt, for å oppretthalda dagens drifts- og aktivitetsnivå i kommunen.

Kraftprisane har dei siste åra vore historisk høge. I gode tider legg ein seg då ofte til eit høgt nivå på driftskostnader. Eidfjord kommune har og i budsjettet for 2025 lagt seg på eit høgt drifts- og aktivitetsnivå om ein samanliknar seg med kommunar på same størrelse, men med andre rammebetingelsar. Eigedomsskatt relatert til kraft er eit av inntektsområda som har nådd eit tak, og som ikkje vil auke monaleg dei komande åra utifrå dagens regelverk. Med dagens ressursbruk vil kostnadane mest sannsynleg auke meir enn inntektene framover.

Me står føre store investeringar i økonomiplanperioden, der nytt reinseanlegg står for største investeringa. Bygginga av nytt reinseanlegg er ei prioritert oppgåve, og legg beslag på ressursar både økonomisk og personal dei komande åra. Kostnaden vil inngå i det ordinære sjølvkostrekneskapen for avgiftsområde Sysendalen og vil medføre vesentleg auke i årleg avgift. Tilknytningsstopp vedteke av miljødirektoratet i oktober 2024 vil medføre at me i budsjettet for 2025 ikkje kan berekne inn tilknytningsavgifter. Framdrift med nytt reinseanlegg er høgt prioritert i 2025/2026.

Det ligg inne planar for fleire naudsynte investeringar i høve kommunal tenesteyting, samt investeringar som tidlegare er vedtekne og treng fullfinansiering i budsjettet.

Det er budsjettetert med eit netto driftsresultat på ca 4,1 % for 2025 korrigert for premieavvik.

I budsjettet er det foreslått måltal for følgjande nøkkeltal:

| | |
|-------------------|---|
| Driftsresultat: | 10 % av brutto inntekter ex. premieavvik. |
| Disposisjonsfond: | 25% av brutto inntekter. |
| Lånegjeld: | Maksimalt 90 % av brutto inntekter. |

Måltala bør haldast eller vera nådd i løpet av økonomiplanperioden.

Staten har satt eit minimumsnivå på driftsresultat på 1,75% av totale inntekter. Dette er for lavt for Eidfjord kommune, med det ambisjonsnivået som ligg til grunn for kommunen er det viktig å ha tilstrekkeleg overskot for å ha midlar til investeringar.



Tenesteproduksjon

Eidfjord kommune har framleis gode føresetnader for å levere gode tenester for innbyggjarane. Aktivitetsnivået i kommunen medfører at enkelte einingar har ressursutfordringar som kommunen må løyse. Demografiendingar og rekruttering av rett kompetanse, og i høve krav til kommunal tenestyting er utfordrande i alle kommunar.

Kostra tal viser klart at kommunen har driftskostnader godt over det nivået samanliknbare kommunar har. Det er aktivt valt eit høgt aktivitetsnivå, som gjer at det er utfordrande å samanlikna direkte mot andre kommunar av same størrelse. Kommunen har gode og varierte tenester med ein skule, ein barnehage og ein bygdaheim godt samla innanfor gåavstand.

Dei store svingingane i inntekter medfører at ein må prøve å innrette seg på ein slik måte at faste kostnader vert halde på eit akseptabelt nivå. Dei siste åra har kostnader til drift auka i takt med den store aktiviteten, og i takt med ynskje om å ha god tenesteproduksjon.

Det ligg ikkje inne større strukturelle endringar i tenesteproduksjonen i budsjett eller økonomiplanperiode. For 2025 har me lagt inn ein ny kommunalsjef for oppvekst og utdanning, som vil vera ein sentral stilling i høve vidare utvikling av kommunen, og godt tverrfagleg samarbeid. Rådmann vil i 2025 sjå på tenestekatalogen til kommunen, kva skal ein satsa på og kor kan ein henta inn ressursar.

Satsingsområde og utvikling

Arbeidsmarknaden er krevjande og det er rift om arbeidskrafta. Eidfjord har gode tenester og gode bygg, men ein må arbeide målretta for å gjera kommunen attraktiv for nye tilsette, og for å behalda kompetanse i organisasjonen. Tilgang til, og behalda kompetanse og arbeidskraft innan viktige område, vert enda meir sentralt for kommunen å ha fokus på. Som ein kommune som ligg utanfor dei store byane, er tilgang til kompetanse og arbeidskraft innan enkelte fagfelt ein utfordring kommunen må løysa på best mogeleg måte.

Visit Eidfjord KF har hatt sitt første fulle driftsår i 2024. Administrasjonen vil støtta opp om og vera ein aktiv samarbeidspart i Visit Eidfjord si drift av hamn og turistkontor. Etablering av landstraumanlegg for framtidig levering av straum til cruiseferdøy er eit stort og viktig prosjekt som det vil bli arbeidd vidare med inn i 2025.

Kommunestyret har oppretta ei arbeidsgruppe for sentrumsutvikling som vil vera ei viktig gruppe for vidare utvikling av sentrum i Eidfjord. Rådmann ynskjer tett dialog og godt samarbeid med alle utval og arbeidsgrupper i kommunen for å leggja rammene for framtidig utvikling.

Utviklinga i Sysendalen er viktig for kommunen. Eidfjord kommune ynskjer at det skal vera eit skisenter i Sysendalen i framtida, og vil arbeida vidare med avklaringar og samarbeid om skisenter i Sysendalen i 2025. Det vil og for Sysendalen, vera sentralt å ha god dialog med grunneigarar og andre interessentar samstundes som me skal ivareta forvaltingsrolla til kommunen.

Investeringsnivået i Eidfjord kommune er høgt og har vore det over fleire år. For 2025 tar rådmann ned aktivitetsnivået noko for å arbeida vidare med kontroll på framdrift, og eit mål om å balansera aktivitet og ressursar betre. Målet er å oppnå endå meir realistiske framdriftsplanar og forutsigbare planar for investeringar over tid.



Det vert stadig press på at kommunane skal løyse fleire oppgåver, noko som er ei kontinuerleg utvikling . Vi må førebu oss også i framtida på å løyse fleire oppgåver. For 2025 vil det vera fokus på å sjå korleis me kan organisera oss best mogleg for å tilpassa oss til utvikling og potensielt endra økonomiske rammevilkår i framtida.

Budsjettet for 2025 og økonomiplan for 2026-2028 viser ein kommune som ynskjer å gje gode tenester til innbyggjarane samt å ta vare på den infrastrukturen ein har gjennom investeringar. I 2025 vil rådmann og resten av administrasjonen utarbeida tenestekatalog til kommunen. Kva tenester utfører kommunen, og kva bør me vurdere og gjera annleis i framtida. Der me tar inn over oss dei eksterne faktorane som påverkar kommunen. Klima, miljø, arealdisponering og demografiske utfordringar er nokre av fleire tema me ta hensyn til i vidare planlegging. Der ein god dialog med statsforvaltar, fylkeskommune og andre sentrale aktørar er viktig.

3 EIDFJORD KOMMUNE SIN HANDLINGSDEL

3.1 Handlingsdel

Økonomiplanen utgjer kommunen sin handlingsdel etter plan-og bygningslova § 11-1 fjerde ledd. jf kommunelova § 14-4 5 ledd.

3.2 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015-2027

Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel set mål og strategiar for utviklinga i Eidfjordsamfunnet i eit 12- årsperspektiv. Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal reviderast etter trong. Den vurderinga vil skje knytt til kommunal planstrategi kvart fjerde år når nytt kommunestyre skal handsama planstrategien seinast eit år etter konstituering.

Kommuneplanen sin handlingsdel skal syna kommunen sine prioriteringar og kva kommunen skal arbeida med i dei fire påfylgjande åra eller seinare. Den skal syna ressursfordeling og spesifisera resultatmål og/eller tiltak som kommunen tenkjer å gjennomføra for å fylgja opp måla i kommuneplanen. I Eidfjord vil økonomiplanen utgjera kommunelanelen sin handlingdel. Planen skal på høyring i 14 dagar før vedtak i kommunestyret.

Kommuneplanen sin samfunnsdel inneheld desse hovudmåla.

Bukommunen

Mål:

- 1) Me skal ha eit attraktivt og fortetta sentrum med leilegheiter og forretningar
- 2) Me skal skapa eit triveleg, levande og pulserande sentrum med møte- og fleirbruksplass med rom for aktivitetar knytt til barn og unge
- 3) Me skal ha fokus på eit godt omdømme
- 4) Me skal ha gode løysingar for parkering i sentrum og syta for gangavstand til «det meste».
- 5) Me skal arbeide for å auka bustadmassen i Eidfjord
- 6) Me skal få folk i tomme hus
- 7) Me skal ha ein variert bustadmasse
- 8) Me skal leggja til rette for friluftsliv
- 9) Me skal ha fleire tiltak som fremjar fysisk aktivitet
- 10) Me skal ha eit mangfald av aktivitetstilbod for alle aldersgrupper



- 11) Me skal vidareføra prinsippet med best effektive omsorgsnivå – BEON- prinsippet
- 12) Me skal ha naudsynt kompetanse innanfor helse og omsorg
- 13) Me skal ha eit godt tenestetilbod til mottakarar med kompliserte og samansett tenestetrong
- 14) Me skal ha aktive innbyggjarar som har fokus på eiga helse
- 15) Me skal ha gode oppvekstviklår for barn og unge i Eidfjord
- 16) Me skal ha trygge oppvekst- og bumiljø
- 17) Me skal syta for at kunst, idrett og kultur har ein viktig rolle i det offentlege. Alle skal ha høve til kulturopplevingar og aktiv deltaking i kulturlivet

Oppleving- og besøkskommunen

- 18) Eidfjord skal vera så attraktiv at det kjem fleire besøkjande til Eidfjord. Det skal føra til større reiselivsomsetning, betre kapasitetsutnytting og næringsvekst.
- 19) Me skal vera den beste cruisedestinasjonen i Norge
- 20) Me skal vera den mest besøkte naturattraksjonen i Norge
- 21) Me skal auka tal arbeidsplassar knytt til aktivitetar i naturen
- 22) Me skal marknadsføra det særeigne i naturen og ha fokus på aktivitetar som er berekraftig
- 23) Me skal ha eit levande og innhaldsrikt sentrum som gjev gode opplevingar for besøkjande og innbyggjarar flest
- 24) Me skal vera ein internasjonal arena for ulike arrangement som spelar på mangfald gjennom heile året
- 25) Me skal prioritera kompetanseheving innafor naturbasert reiseliv, vertskapsrolla og stadformidling som grunnlag for produktutvikling, td guida turer
- 26) Me skal ha ei berekraftig auke av tal nye hytter i Sysendalen
- 27) Me skal leggja til rette for at hyttefolk vert ein del av innbyggjarane i Eidfjord
- 28) Informera om jakt, fiske og friluftstilbod

Arbeidskommunen

- 29) Me skal vera ein aktiv vertskommune for næringslivet
- 30) Me skal syta for at det vert enklare å etablere nye arbeidsplassar
- 31) Me skal arbeida for at det vert etablert nye arbeidsplassar innan reiselivsnæringa, direkte og indirekte
- 32) Me skal støtta næringslivet i deira arbeid med kvalitets- og kompetanseutvikling
- 33) Me skal arbeida for at det vert offentlege arbeidsplassar i kommunen
- 34) Me skal ha eit livskraftig landbruk som produserer mat og held kulturlandskapet i hevd
- 35) Me skal styrka samarbeidet og samhandling mellom kommunen og næringslivet, også mellom dei ulike næringsaktørane

Kommuneorganisasjonen

- 36) Me skal ha eit godt samarbeid mellom politikarar og adminsitrasjon
- 37) Me skal vera ein attraktiv arbeidsplass
- 38) Me skal vera nytenkjande og ein lærande organisasjon
- 39) Me skal yta god service
- 40) Me skal samarbeida med andre kommunar for å løysa noverande og framtidige utfordringar
- 41) Me skal ha eit godt samarbeid med frivillige lag og org.



3.3 Kommunal planstrategi 2024-2027

Vedtak om høyring av ny planstrategi i f.skapet 14.10.2024

pkt 6. i planforslaget omhandlar prioriterte oppgåver.

7. Forslag til prioritering av planoppgåver

Planarbeid er ein viktig del av arbeid mot å oppnå den samfunnsviklinga me ynskjer i kommunen. I Eidfjord kommune har me ein liten planavdeling, og planressursane må takast omsyn til ved utforming av planstrategien.

Prioriteringsarbeidet og koplinga mot kommunens økonomiplan og budsjett, vert viktigare når ressursane er avgrensa. For at kommunen skal koma i mål med dei planane som vert sett i gang, er det viktig at omfanget av planar ikkje vert for omfattande, og at prioriteringsarbeidet er godt. Samtidig må ein ha ressursar for planar som oppstår knytt til nye utfordringar t.d beredskapsplanar for ras- og flom.

Det viktige i perioden framover er å prioritera dei planane som på best mogleg måte kan imøtekoma dei utfordringane me står ovanfor.

For perioden 2024-2027 er det fylgjande planar som skal prioriterast:

| Plannamn | Planleggingsperiode | | | | Forventa ressursbruk |
|---|---------------------|------|------|------|-------------------------|
| | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | |
| Større tverrfaglig samarbeid | | | | | |
| Kommuneplanen sin samfunnsdel | | | | x | Ekstern ressurs |
| Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) Eidfjord | | x | | | Intern/ ekstern ressurs |
| Prosjekt Læg Reid skule | | x | | | Ekstern ressurs |
| Hovudansvar Drift og forvaltning | | | | | |
| Trafikktryggleik- og ladeinfrastrukturplan | | x | | | Intern ressurs |
| Forprosjekt Simadal næringspark | | x | | | Ekstern ressurs |
| Hovudplan for vatn, avlaup og vassmiljø | | | x | | Ekstern ressurs |
| Hovudansvar Kultur, næring og berekraft | | | | | |
| Strategisk næringsplan, Revisjon retningsliner for næringstilskot | x | | | | Intern ressurs |
| Plan for besøksforvaltning | | x | | | Ekstern ressurs |
| Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv | | | x | | Intern ressurs |
| Sti- og løypeplan Eidfjord kommune | | | | | |
| Hovudansvar Helse og omsorg/NAV | | | | | |
| Bustadpolitisk strategiplan | | x | | | Intern ressurs |

3.4 Økonomisk situasjon

Kommunen er fortsatt i ein god økonomisk situasjon, målt opp mot inntekter pr. innbyggjar. Dette har mellom anna medført at driftsnivået er svært høgt. Me er i øvre del av Kostra-statistikken på dei fleste område. Eidfjord kommune har gode ordningar for innbyggjarane, til dømes ulike bustadtilskot, rimelege tomter, varm skulemat, stipend til ungdom og fri bruk av idrettsanlegg. Både



Budsjett 2025 Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

servicetilbodet til innbyggjarane og dei direkte tilskota er meint som ordningar for å sikra busetjing og rekruttera nye innbyggjarar.

Økonomien har dei siste åra hatt store svingningar. Hovudårsaka har vore svært store endringar i kraftprisane, noko som påvirkar eigedomsskatten og konsesjonskraftinntektene. Siste åra har kraftprisane vore svært høge, og ein har og i 2025 budsjettert med store inntekter frå sal konsesjonskraft og eigedomsskatt. Men allikevel ein nedgang frå 2024.

Driftsnivået er for høgt, og me når ikkje måлтаlet på 10 % i netto driftsresultat for 2025.

Då eigedomsskatten har nådd maksimumsbeløpet vil ein ikkje kunna få noko auke her dei neste åra, om ikkje denne grensa vert endra politisk.

Auken i det generelle rammetilskotet vil ikkje kunna dekkja auken i driftskostandane i åra framover.

Nytt renseanlegg i Sysendalen krevja store låneopptak dei neste åra. I planperioden er det lagt inn låneopptak på samla kr 170' mill. Ved 100 % sjølvkost er dette kostnader som skal dekkjast av abonentane i Sysendalen, og det er lagt inn ein stor auke i gebyrsatsane for å dekkja denne kostnaden i planperioden (ca. %). Om antall tilknytningar går ned, vil årsgebyret måtta aukast enno meir.

I tillegg til driftsnivået i kommunen vil den økonomiske situasjonen framover i stor grad vera avhengig av utviklinga på kraftprisen, og i tillegg vil det vera avgjerande kva endringar som eventuelt vert gjort i lovverket rundt inntektssystemet.

3.5 Folketalsutvikling

Eidfjord kommune har hatt ei positiv folketalsutvikling dei siste året, delvis grunna endringa av kommunegrensa (Ytre Bu), og mottak av flyktningar.

| pr.1.1 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|----------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| 0 år | 8 | 11 | 14 | 8 | 10 | 7 | 12 | 6 | 7 |
| 1-5 år | 41 | 35 | 43 | 48 | 55 | 51 | 56 | 62 | 50 |
| 6-12 år | 73 | 70 | 70 | 66 | 60 | 67 | 65 | 69 | 73 |
| 13-15 år | 26 | 31 | 29 | 32 | 27 | 25 | 30 | 30 | 35 |
| 16-19 år | 41 | 37 | 42 | 34 | 37 | 40 | 37 | 41 | 38 |
| 20-44 år | 254 | 257 | 259 | 242 | 248 | 235 | 243 | 249 | 255 |
| 45-66 år | 309 | 309 | 304 | 303 | 289 | 297 | 307 | 301 | 297 |
| 67-79 år | 114 | 113 | 110 | 111 | 124 | 126 | 130 | 144 | 154 |
| 80-89 år | 43 | 43 | 47 | 49 | 46 | 44 | 41 | 46 | 49 |
| < 90 år | 16 | 15 | 13 | 13 | 10 | 11 | 16 | 14 | 10 |
| | 925 | 921 | 931 | 906 | 906 | 903 | 937 | 962 | 968 |

SSB sin folketalsprognose med låg vekst for Eidfjord.

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 | 2030 | 2031 | 2032 | 2033 | 2034 |
|---------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| 0 år | 8 | 8 | 8 | 8 | 8 | 8 | 8 | 8 | 8 | 8 |
| 1-5 år | 48 | 46 | 43 | 38 | 40 | 40 | 40 | 40 | 40 | 40 |
| 6-12 år | 76 | 76 | 82 | 80 | 75 | 71 | 65 | 64 | 62 | 59 |



Budsjett 2025 Handlingsdel / Økonomiplan 2025-2028

| | | | | | | | | | | |
|-------------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| 13-15 år | 30 | 29 | 21 | 30 | 30 | 35 | 34 | 33 | 33 | 30 |
| 16-19 år | 38 | 38 | 43 | 40 | 38 | 33 | 35 | 38 | 40 | 46 |
| 20-44 år | 253 | 261 | 268 | 267 | 270 | 272 | 273 | 262 | 257 | 248 |
| 45-66 år | 298 | 290 | 290 | 293 | 284 | 277 | 273 | 273 | 274 | 267 |
| 67-79 år | 159 | 164 | 152 | 151 | 156 | 161 | 163 | 165 | 166 | 171 |
| 80-89 år | 55 | 55 | 61 | 58 | 64 | 63 | 66 | 66 | 63 | 66 |
| 90 år eller eldre | 10 | 10 | 9 | 10 | 8 | 8 | 7 | 10 | 12 | 15 |
| | 975 | 977 | 977 | 975 | 973 | 968 | 964 | 959 | 955 | 950 |

For små kommunar vil framskrive folkemengd vera svært usikker. Auken i 2022/2023 kjem bla frå endring av kommunegrensa 01.01.2022, og mottak av flyktningar i løpet av 2022/2023.

4 RAMMEVILKÅR

4.1 Regjeringa sitt forslag til statsbudsjettet 2025

(utdrag skriv frå statsforvaltaren i Vestland)

Pris og kostnadsvekst en for 2025 er i framlegget 4,1 prosent. Denne vert nytta til prisjustering av statleg rammeoverføring og øyremerka tilskot i statsbudsjettet.

Prisindikatoren består av :

| | |
|-------------------------------------|--------------------|
| lønsvekst | 4,5 prosent |
| prisvekst kjøp av varer og tenester | 3,5 prosent |
| Samla prisvekst | 4,1 prosent |

Det er rekna ein nominell vekst i Eidfjord kommune sine samla frie inntekter frå 2024 til 2025 med 7,1 prosent. Med berekna prisvekst på 4,1 prosent, svarer det til ein realauke på 3 prosent i frie inntekter.

Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Veksten i frie inntekter vil variere mellom kommunane. Årsaker er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt frå år til år :

- verknader av omlegging inntektssystemet frå 2024 til 2025
- endringar i folketalet og alderssamansetjing
- endring i andre kriteriedata
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot eller småkommunetillegg, jf. endringar i samband med omlegging inntektssystemet frå 2024 til 2025
- endringar i skattegrunnlaget
- opptrapping av kompensasjon i 2025 som følge av reduksjon i eigedomsskatt frå 2019 etter endring i skattereglar for produksjonsutstyr og installasjonar (reduksjon i eigedomsskatt inngår ikkje i utrekninga av prosentvekst frie inntekter).



Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for primærkommunane frå 2024 til 2025 på kr 5,15 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2024 til 2025 vil kome som eit tillegg i inntektene.

Veksten i frie inntekter må blant anna dekke auka kostnader som følgje av befolkningsutviklinga. Pårekna meirkostnader demografi i 2025 er rekna til om lag kr 2,5 mrd. for primærkommunane. Dette er den delen av meirkostnadene som må bli dekte av veksten i dei frie inntektene.

Det er pårekna ein reduksjon i pensjonskostnader (utover pårekna lønsvekst) i 2025 for kommuneforvaltninga samla med kr 0,5 mrd. Primærkommunane sin del av denne reduksjonen kan reknast til om lag kr 0,45 mrd. (90 prosent). I overslaget for pensjonskostnader er det ikkje teke omsyn til verknad av ny offentlig AFP frå 1. januar 2025. Regjeringa vil kome att til verknader av dette og kompensasjon i revidert nasjonalbudsjett for 2025.

Kr 250 mill. av veksten i dei frie inntektene i 2025 er grunnlagt med auka bemanning i barnehagar.

Innafor veksten i dei frie inntektene for kommunane i 2025 skal det også vere rom for ei satsing med kr 150 mill. til arbeid med psykisk helse og rus. Dette er ei vidareføring av opptrappingsplan.

Kr 1,5 mrd. av veksten i dei frie inntektene frå 2024 til 2025 blir gitt med ei særskilt fordeling etter inntektsnivå. Denne fordelinga inngår i den samla realveksten i dei frie inntektene på kr 5,15 mrd. frå 2024 til 2025. Fordelinga av vekst kr 1,5 mrd. i 2025 blir gitt slik at kommunar med låge inntekter i 2023 får ein større del av inntektsveksten per innbyggjar. Fordelinga er vist i vedlegg.

I inntektsnivå, som grunnlag for fordelinga, inngår netto konsesjonskraftinntekter, eigedomsskatt frå kraft- og petroleumsanlegg, havbruksinntekter og produksjonsavgift på vindkraft, i tillegg til personskatt og naturressursskatt. Fordelinga mellom kommunane vil etter 2025 bli oppdatert årleg på grunnlag av nye inntektstal.

Det er også lagt opp til ein tapskompensasjon, kr 151,5 mill., særskilt fordelt til kommunar som taper på dei samla endringane i inntektssystemet (etter nye oppdaterte verknader). Det blir teke omsyn til fordelinga av kr 1,5 mrd., fordelt etter inntektsnivå. Ordninga omfattar kommunar som har inntekter frå skatt og naturressursar under 105 prosent av landsgjennomsnittet. Fordelinga inngår som del av realveksten i frie inntekter på kr 5,15 mrd. frå 2024 til 2025. Fordelinga er vist i vedlegg. Den vil bli vidareført på same årlege nivå etter 2025, til neste revisjon av inntektssystemet.

Realvekst i dei frie inntektene frå 2024 til 2025, kr 5,15 mrd., blir delt mellom personskatt og rammetilskot. Den delen av veksten som kjem på rammetilskotet vil for ein stor del kome som særskilt fordeling i samband med nytt inntektssystem (kr 1,5 mrd. + kr 151,5 mill.), jf. avsnitta over.

Særskilte saker



Tilskot per grunnskule

Frå 2022 er det gitt eit tilskot per kommunal grunnskule. Tilskotet er gitt med ei særskilt fordeling i rammetilskotet, basert på talet for grunnskular og finansiert med eit likt beløp per innbyggjar innafor innbyggjartilskotet til kommunane.

Tilskotet er vidareført i framlegget for 2025, om lag kr 1,36 mrd. samla for kommunane i landet. Tilskotet inngår i beløpa for sum rammetilskot i vedlagt tabell. Tilskotssats blir prisjustert (4,1 prosent) til kr 563 511,- per grunnskule i 2025.

Investeringar og kjøp av utstyr i skulen

Det vart frå 2024 innført ei ny rentekompensasjonsordning til kommunar for investeringar som kan bidra til meir praktisk og variert opplæring i skulen. Det er lagt opp til ei samla investeringsramme som grunnlag for rentekompensasjon på kr 8 mrd., fordelt med kr 1 mrd. i året i 8 år.

Det er framlegg om å auke tilskot til utstyr og arenaer for meir praktisk og variert læring i skulen, frå kr 127 mill. til kr 160 mill. i 2025.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunnlagt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2024 til 2025, med priskompensasjonen på 4,1 prosent. Samla ramme for landet er kr 1114 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100 000,- per kommune.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2025 blir på grunnlag av direkte lønsutgifter i 2024 til tenestene:

Innslagspunktet for å få kompensasjon utbetalt i 2025, på grunnlag av netto utgifter i 2024, blir auka per tenestemottakar frå kr 1 608 000,- til kr 1 692 000,-. Auken i innslagspunktet er lik påreknede lønsvekst i prosent i 2024 (5,2 prosent).

Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i inntektssystemet for 2024 blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Verdien av PU-kriteriet på om lag kr 890 000,- i inntektssystemet for 2024, blir trekt frå nettoutgiftene per person i grunnlag for refusjonskrava i 2025. Eventuelle statlege øyre-merkte tilskot blir også trekte frå i dette grunnlaget.

Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2025, skal kommunane inntektsføre i sine rekneskap for 2024. Kommunane skal inntektsføre den påreknede kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.

I tilskotsordninga har kommunane sin eigendel vore 20 prosent av netto utgiftene over innslagspunktet per tenestemottakar. Kompensasjonsgraden har vore 80 prosent av netto utgifter over innslagspunktet. Det vart i kommuneproposisjonen for 2025 lagt opp til ein ny berekningsmodell for ressurskrevjande tenester, som no inngår i statsbudsjettet.

Den nye modellen vil ha to eigendelar:



1. Det blir først berekna ein eigendel over innslagspunktet som er lik per innbyggjar for alle kommunane i landet. Eigendel per innbyggjar blir multiplisert med innbyggjartalet i kommunen for å finne summen for den første eigendelen i kommunen.
2. Den andre eigendelen vil vere 10 prosent av netto utgiftene over innslagspunktet etter at den første eigendelen er trekt frå.

I denne modellen vil det vere to eigendelar som til saman blir eigendel over innslagspunktet. Eigendelane vil framleis utgjere 20 prosent av utgiftene på landsbasis, men vil i den nye modellen variere mellom kommunane.

Ny modell skal i større grad kompensere kommunar med høge utgifter til tenestene per innbyggjar.

Den nye berekningsmodellen skal nyttast for utbetaling av tilskot til kommunane allereie i 2025. Då kommunane skal inntektsføre dette tilskotet i 2024, må det bli gjort korreksjon for det kommunane allereie har budsjettet for 2024.

Verdien av PU-kriteriet får lågare vekt i inntektssystemet for 2025. Dette inneber at trekk i grunnlaget for utbetaling av kompensasjon i 2026 blir lågare, noko som isolert bidreg til eit høgare berekningsgrunnlag. For å nøytralisere denne verknaden, er det lagt opp til å auke innslagspunktet for kompensasjon i ordninga med om lag kr 165 000,- per mottakar. Regjeringa vil kome att til nærare fastsetjing av denne auken i innslagspunkt i statsbudsjettet for 2026. Auken i innslagspunkt kan bli noko større enn kr 165 000,- for utbetaling av tilskot i 2026.

Lågare vekt og verdi PU-kriteriet og auke i innslagspunkt vil først få verknad for utbetalinga av tilskot i 2026, men må takast omsyn til i inntektsføring i budsjettet for 2025.

Ressurskrevjande tenester - tilleggskompensasjon

Mindre kommunar som har særlege høge utgifter til ressurskrevjande tenester, får ein særskilt kompensasjon. Kompensasjonen kjem i tillegg til det ordinære toppfinansieringstilskotet for ressurskrevjande tenester. Det er følgjande kriterium for at kommunar skal få tilskotet:

- mindre enn 3200 innbyggjarar
- høge utgifter til ressurskrevjande tenester per innbyggjar (tal per 31.12.2024)
- gjennomsnittlege skatteinntekter dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet (berre ordinær skatt blir lagt til grunn, ikkje eigedomsskatt/havbruksmidlar m.m.)

Kommunane blir i 2025 kompenserte med 80 prosent av netto utgiftene over ein terskelverdi per innbyggjar. Det er framlegg om å auke ramma for tilleggskompensasjon til kr 92,2 mill. i 2025, medrekna prisjustering.

Heildøgns omsorgsplassar - investeringstilskot

Regjeringa gjer framlegg om ei tilsegnsramme i 2025 for investeringstilskot som legg til rette for om lag 1500 heildøgns omsorgsplassar.

Barnevernsreforma

Barnevernsreforma trådde i kraft 1. januar 2022. Reforma gir kommunane auka fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Det er overført kompensasjon gjennom auke i rammetilskotet for det auka ansvaret.



Alle midlane vil frå og med 2025 bli fordelte etter delkostnadsnøkkelen for barnevern. Det inneber at ikkje noko av midlane lenger vil bli fordelte særskilt på grunnlag av tidlegare bruk.

Inntektssystemet i 2025

I samband med kommuneproposisjonen for 2025 var det lagt opp til fleire endringar i inntektssystemet med verknad frå 2025, jf. vårt brev av 22. mai d.å. Endringane inngår no i statsbudsjettet for 2025. I samsvar med kommuneproposisjonen, er det også lagt opp til endring i skattegrunnlaget med halvering av kommunal formuesskatt gradvis over åra 2025 og 2026 (nedtrapping med ¼ i 2025) og bortfall utbytteskatt frå 2025.

Inntektsutjamning

Den symmetriske inntektsutjamninga i prosent (kompensasjon/trekk) blir auka over to år. Inntektsutjamninga blir auka *frå 60 prosent i år til 62 prosent i 2025, og frå og med 2026 til 64 prosent*. Tilleggskompensasjonen – for kommunar med lågt skattenivå – er vidareført med 35 prosent av det skattenivået i kommunen er under 90 prosent av landsgjennomsnittet.

Utgiftsutjamning

Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane få full kompensasjon for skilnader i kostnader som dei ikkje sjølve kan påverka. Grunnlaget for omfordelinga i utgiftsutjamninga er utgiftsbehovet per innbyggjar for landsgjennomsnittet og for den einskilde kommune.

Utgiftsutjamninga og kostnadsnøklane blir oppdaterte på grunnlag av faglege analysar og den faktiske utviklinga i kommunane sine utgifter.

Det er frå 2025 lagt opp til fleire endringar i kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga, bl.a. får PU-kriteriet lågare vekt, sosiale tenester blir utvida og levekårskriteria får auka vekt.

Før 2017 var basistilskotet eit like stort tilskot til alle kommunar, uavhengig av kommunen sitt folketal og reiseavstand. Frå 2017 har det vore ei gradering av basistilskotet (halvdel) etter reiseavstand. Ordninga med gradering av basistilskotet blir teken bort frå 2025, slik at basistilskotet på nytt blir eit like stort tilskot per kommune. Alle kommunar vil difor frå 2025 få fullt basistilskot. I 2025 blir dette kr 24,3 mill. per kommune.

Endringane i kostnadsnøklane og basistilskot blir omfatta av overgangsordninga INGAR.

Grunnlaget for berekning av utgiftsutjamninga for 2025 blir rekneskapstal for 2023, framskrive til 2025 med å legge til pårekna prosentvekst i frie inntekter.

Teljetidspunkt

For 2025 gjeld folketal per 1. juli 2024 for innbyggjartilskotet (medrekna overgangsordninga INGAR) og kriteria for aldersgrupper i utgiftsutjamninga. Andre kriteriedata i utgiftsutjamninga er frå 1. januar 2024. Oppdatering av folketal i inntektsutjamninga blir vidareført med teljedato 1. januar i sjølve budsjettåret (2025).



5 ØKONOMISKE FØRESETNADAR

- Det er lagt inn ein nominell vekst i Eidfjord kommune sine samla frie inntekter frå 2024 til 2025 med ca. 7,1 prosent.
- Det er lagt inn ein lønsvekst på 4,5 % i 2025 og 3 % vidare i planperioden 2025-2027.
- Eigedomskatten er lagt inn med 56,7 mill i 2025 og vidare i planperioden.
- Utbyte frå Hardanger Energi AS kr 1.8 mill. er avsett bufferfondet i 2023, og vidare i planperioden.
- Brukarbetaling og andre sals- og leigeinntekter er i hovudsak auka med 3,5 % i planperioden.
- Det er lagt inn generell auke på 3,5 % i kjøp av varer og tenester i planperioden. I tillegg er enkelte postar auka utover dette.
- Det er rekna med ein rentekostnad på 4,2 % i 2025 og 3,6 % vidare i planperioden.
- Låneavdrag er budsjettert med 4 % av eldre lån, og 2,5 % for nye lån frå 2025.
- Det er ikkje lagt nye tilknytningsgebyr i Sysendalen for 2025, grunna tilknytningsstopp.
- Det er budsjettert med kr 8,5 mill. i overføring frå Visit Eidfjord KF.
- Pris konsesjonskraft er lagt inn med eit gjennomsnitt på ca. 52 øre pr. kWh.

5.1 Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi.

Eidfjord kommune sine måltal er:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 10 %
- Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter: 25 %
- Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter: 90 %

Måltala bør haldast eller vera nådd i løpet av økonomiplanperioden.

5.2 Netto driftsresultat – arbeidskapital

Netto driftsresultat seier noko om kor mykje kommunen har disponibelt til å dekkja eventuelle investeringar med. I tillegg må det vera stort nok til avsetjing bundne fond.

| (2023-2019 er rekneskapstal) | Budsjett | | | | | |
|--|----------|------|------|------|------|------|
| | 2025 | 2023 | 2022 | 2021 | 2020 | 2019 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 6,5 | 11,7 | 17,1 | 13,4 | 4,8 | 4,8 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter ex.premieavvik | 4,1 | 7,4 | 19,9 | 8,3 | 4 | 4 |
| Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter ex premieavvik | | 57 | 46,4 | 39,2 | 45,5 | 38,6 |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter | | 46,9 | 36,4 | 24,6 | 20,6 | 24,6 |



Budsjett 2025 Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

Kommunaldepartementet har tidlegare rådd til at netto driftsresultat bør vera minst 3 %. Frå og med 2014 blir momskompensasjonen ført direkte i investeringsrekneskapen. Det får negativ effekt på netto driftsresultat, og TBU (Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi) har derfor redusert tilrådinga til 1 ¼ prosent for kommunane generelt.

Budsjettert netto driftsresultat for 2024 er på 3 %. Korrigert for netto budsjettert premieavvik på kr 9,5 mill. er netto driftsresultat på 6,9 %.

Arbeidskapital er differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, og er eit uttrykk for kommunens likviditet.

5.3 Disponering av netto driftsresultat korr. for premieavvik

(i heile tusen kr):

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|--|-----------|---------------|---------------|---------------|
| Netto driftsresultat korr. for premieavvik | -10 330 | -8 374 | -5 018 | -3 410 |
| | | | | |
| Bruk av disposisjonsfond korr. for premieavvik drift | -1 280 | -530 | -530 | -530 |
| Bruk av disposisjonsfond inv.rekneskapen | 0 | 0 | - 9 350 | -4 400 |
| Bruk av kraftfondet driftrekneskapen | -3 641 | -3 641 | -3 641 | -3 641 |
| Bruk av kraftfondet inv.rekneskapen | -18 450 | - 8 025 | -10 000 | -10 000 |
| Overført investering | 19 450 | 8 025 | 19 350 | 14 400 |
| Avsetjing bufferfond | 1 815 | 1 815 | 1 815 | 1 815 |
| Avsetjing til kraftfondet (konsesjonsavg/utbyte) | 12 420 | 12 420 | 12 420 | 12 420 |
| Saldering budsjett , avsetjing disposisjonsfond | 17 | | | |
| Saldering budsjett , bruk av disposisjonsfond | | -1 688 | -5 044 | -6 652 |

Det er knytt stor uvisse til budsjettala fram i budsjettperioden.

5.4 Lånegjeld

Kommunestyret vedtok i sak 16/50 bygging av ny sjukeheim m/ omsorgsbustadar innafor ei ramme på kr 200 mill. brutto, og det er lagt gjort låneopptak på totalt ca. 69 mill. i 2017 og 2018 som er lånefinansieringa i prosjektet. I 2020 vart det gjort låneopptak på kr 23 mill. til bygging av ny brannstasjon. Elles knyter låneopptaka seg til vatn-/ og avløpsinvesteringar.

I planperioden er det budsjettert med låneopptak på samla kr 170' mill. til nytt renseanlegg i Sysendalen. I tillegg er det budsjettert med låneopptak på kr 15 mill. til andre investeringar i planperioden 2026-2028.

Samla lånegjeld vil då vera over det finansielle måtalet på 90 % av brutto driftsinntekter.

Netto lånegjeld (eksl.pensjonsforplikting.)



Budsjett 2025
Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

| | Eidfjord | Eidfjord | Eidfjord | Eidfjord | Gjennomsnitt |
|--|-----------|-----------|-----------|-----------|---------------------|
| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | Gruppe 17 (2023) |
| Lånegjeld | 180 mill. | 230 mill. | 234 mill. | 238 mill. | |
| Lånegjeld pr.innbyggjar | 166 228 | 239 038 | 243 260 | 247 288 | 127 807 |
| | | | | | |
| Lånegjeld i % av brutto | 73 % | 107 % | 109 % | 103 % | 61 % |
| driftsinntekter | | | | | |
| Budsjetterte renter (heile tusen) | 6 857 | 7 117 | 8 563 | 8 571 | |
| Budsjetterte avdrag (heile tusen) | 8 363 | 9 738 | 10 925 | 13 527 | |

Det er rekna med ei rente på 4,2 % i 2025, og 3,6 % i resten av planperioden. Låneavdrag er ført opp med 4 % av lånegjelda for eldre lån, og 2,5 % for nye lån i planperioden.

5.5 Disposisjonsfond ex. avsetjing til dekking av premieavvik

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|--|------|------|------|------|
| Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter | 22 | 22 | 20 | 18 |
| Disposisjonsfond i mill.kr | 56 | 56 | 52 | 47 |

Det finansielle måttet er 25 %.

Det er knytt stor usisse til tala fram i planperioden.

5.6 Utlån

Oversikt over utlån :

| | |
|--|----------------------|
| Utlån til bustadføremål (av dette er 3,0 mill. utlån av eigne midlar, resten av startlån) | kr 6,6 mill. |
| Utlån til næring | kr 2,3 mill. |
| Forskotterte vegmidlar | kr 1,5 mill. |
| Totalt | kr 11,1 mill. |

5.7 Premieavvik

Premieavviket er skilnaden mellom langsiktige pensjonskostnader og betalte pensjonsutgifter, og det vil verta ein differanse mellom desse kvart år. Då ordninga vart innført, fekk kommunane valet om å føra utgifta året etter, eller fordela kostnaden over 15 år. Eidfjord kommune valde å ta kostnaden over 1 år.



Budsjett 2025 Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

Netto positivt premieavvik for 2025 er budsjettert med ca. kr 5,2 mill.

Det positive premiavviket er avsett disposisjonsfond til dekning av tilsvarende negativt avvik i 2026, og tilsvarende er gjort i resten av planperioden.

| Konto | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|--|------------|------------|------------|------------|
| 10903 Premieavvik KLP | -7 562 614 | -7 301 781 | -8 638 122 | -8 638 122 |
| 10991 Arb.gj.avg. av premieavvik KLP | -801 637 | -773 988 | -915 640 | -915 640 |
| 15400 Avsetjing til disposisjonsfond | 8 364 251 | 8 075 769 | 9 553 762 | 9 553 762 |
| 1700 Premieavvik | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 10903 Premieavvik KLP | 2 340 512 | 7 562 614 | 7 301 781 | 8 638 122 |
| 10991 Arb.gj.avg. av premieavvik KLP | 248 094 | 801 637 | 773 988 | 915 640 |
| 19400 Bruk av disposisjonsfond | -2 588 606 | -8 364 251 | -8 075 769 | -9 553 762 |
| Amortisering av tidlegare års premieavvik | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 1710 | 0 | 0 | 0 | 0 |



6 DRIFTSBUDSJETTET

6.1 Driftsbudsjettet

6.1.1 §5-4 Bevigningsoversikt – drift

| | Rekneskap 2023 | Budsjett 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan 2028 |
|--|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| Generelle driftsinntekter | | | | | | |
| Rammetilskot | -28 448 837 | -35 738 000 | -39 934 000 | -39 609 000 | -41 490 000 | -45 045 000 |
| Inntekts-og formueskatt | -44 287 984 | -38 883 000 | -41 458 000 | -44 664 000 | -46 608 000 | -48 007 000 |
| Eigedomsskatt | -57 331 582 | -56 700 000 | -56 700 000 | -56 700 000 | -56 700 000 | -56 700 000 |
| Andre generelle driftsinntekter | -47 631 951 | -54 920 000 | -52 920 000 | -49 920 000 | -47 920 000 | -46 420 000 |
| Sum generelle driftsinntekter | -177 700 354 | -186 241 000 | -191 012 000 | -190 893 000 | -192 718 000 | -196 172 000 |
| Netto driftsutgifter | | | | | | |
| Sum bevilningar drift,netto | 148 522 695 | 170 147 453 | 166 050 164 | 171 816 205 | 172 597 337 | 178 941 456 |
| Avskrivninger | 19 891 843 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum netto driftsutgifter | 168 414 538 | 170 147 453 | 166 050 164 | 171 816 205 | 172 597 337 | 178 941 456 |
| Brutto driftsresultat | -9 285 816 | -16 093 547 | -24 961 836 | -19 076 795 | -20 120 663 | -17 230 544 |
| Finansinntekter/Finansutgifter | | | | | | |
| Renteinntekter | -3 460 375 | -2 150 000 | -2 150 000 | -2 150 000 | -2 150 000 | -2 150 000 |
| Utbytter | -10 088 406 | -1 815 000 | -1 815 000 | -1 815 000 | -1 815 000 | -1 815 000 |
| Gevinstar og tap på finansielle omløsmidler | -3 931 085 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 |
| Renteutgifter | 6 210 025 | 8 338 171 | 6 957 657 | 7 217 696 | 8 663 691 | 8 671 684 |
| Avdrag på lån | 7 613 340 | 8 727 340 | 8 363 340 | 9 738 340 | 10 925 840 | 11 113 340 |
| Netto finansutgifter | -3 656 501 | 11 100 511 | 9 355 997 | 10 991 036 | 13 624 531 | 13 820 024 |
| Motpost avskrivninger | -19 891 843 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto driftsresultat | -32 834 160 | -4 993 036 | -16 105 839 | -8 085 759 | -6 496 132 | -3 410 520 |
| Disponering eller dekning av netto driftsresultat | | | | | | |
| Overføring til investering | 6 637 000 | 19 250 000 | 19 450 000 | 8 025 000 | 19 350 000 | 14 400 000 |
| Avsetninger til bundne fond | 13 784 631 | 12 420 000 | 12 420 000 | 12 420 000 | 12 420 000 | 12 420 000 |
| Bruk av bundne fond | -17 757 338 | -13 051 876 | -22 091 876 | -11 666 876 | -13 641 876 | -13 641 876 |
| Avsetninger til disposisjonsfond | 30 169 867 | 15 165 006 | 10 196 321 | 9 890 769 | 11 368 762 | 11 348 762 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0 | -28 790 094 | -3 868 606 | -10 583 134 | -23 000 754 | -21 116 366 |
| Dekning av tidligere års merforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat | 32 834 160 | 4 993 036 | 16 105 839 | 8 085 759 | 6 496 132 | 3 410 520 |
| Fremført til inndekning i senere år (merforbruk). | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |



Budsjett 2025 Handlingsdel / Økonomiplan 2025-2028

6.1.2 §5-4 Bevilgningsoversikt - drift budsjett til fordeling

| | | Rekneskap | Budsjett | Budsjett | Øk.plan | Øk.plan | Øk.plan |
|--|-------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| <i>Fra Bevilgningsoversikt:</i> | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Til fordeling drift | | 148 522 695 | 170 147 453 | 166 050 164 | 171 816 205 | 172 597 337 | 178 941 456 |
| Netto driftsutgifter pr. ansvar | | | | | | | |
| Finans | Utg. | -9 425 140 | 15 600 141 | 295 945 | 6 360 072 | 4 593 597 | 6 071 590 |
| Finans | Innt. | -29 595 602 | -18 660 000 | -16 660 000 | -16 660 000 | -16 660 000 | -16 660 000 |
| Finans | | -39 020 742 | -3 059 859 | -16 364 055 | -10 299 928 | -12 066 403 | -10 588 410 |
| Avskriv./kalk.rente/ ind.kost | Utg. | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avskriv./kalk.rente/ ind.kost | Innt. | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Rådmannen med stab og støtte | Utg. | 49 275 054 | 35 845 188 | 34 861 056 | 34 582 056 | 35 217 056 | 35 852 056 |
| Rådmannen med stab og støtte | Innt. | -18 201 023 | -2 659 525 | -2 747 535 | -2 747 535 | -2 747 535 | -2 747 535 |
| | | 31 074 031 | 33 185 663 | 32 113 521 | 31 834 521 | 32 469 521 | 33 104 521 |
| Lægreid skule | Utg. | 31 529 502 | 30 960 728 | 33 494 241 | 34 458 241 | 35 392 241 | 36 326 241 |
| Lægreid skule | Innt. | -2 082 181 | -1 490 276 | -1 367 276 | -1 367 276 | -1 367 276 | -1 367 276 |
| | | 29 447 321 | 29 470 452 | 32 126 965 | 33 090 965 | 34 024 965 | 34 958 965 |
| Modnen Barnehage | Utg. | 18 215 454 | 15 058 169 | 16 621 120 | 17 128 120 | 17 585 120 | 18 042 120 |
| Modnen Barnehage | Innt. | -2 573 494 | -958 376 | -958 376 | -958 376 | -958 376 | -958 376 |
| | | 15 641 960 | 14 099 793 | 15 662 744 | 16 169 744 | 16 626 744 | 17 083 744 |
| Helsetenester | Utg. | 17 729 769 | 15 056 224 | 16 726 299 | 16 788 299 | 17 150 299 | 17 512 299 |
| Helsetenester | Innt. | -4 430 706 | -2 429 650 | -2 429 650 | -2 429 650 | -2 429 650 | -2 429 650 |
| | | 13 299 063 | 12 626 574 | 14 296 649 | 14 358 649 | 14 720 649 | 15 082 649 |
| Kultur,næring&bærekraft | Utg. | 12 430 793 | 13 364 195 | 13 315 427 | 13 145 427 | 13 395 427 | 13 645 427 |
| Kultur,næring&bærekraft | Innt. | -890 539 | -492 075 | -492 075 | -492 075 | -492 075 | -492 075 |
| | | 11 540 254 | 12 872 120 | 12 823 352 | 12 653 352 | 12 903 352 | 13 153 352 |
| D&F drift | Utg. | 42 765 542 | 34 023 859 | 36 796 750 | 37 779 750 | 38 779 750 | 39 779 750 |
| D&F drift | Innt. | -9 985 056 | -5 621 157 | -6 101 157 | -6 101 157 | -6 101 157 | -6 101 157 |
| | | 32 780 486 | 28 402 702 | 30 695 593 | 31 678 593 | 32 678 593 | 33 678 593 |
| D&F drift VA | Utg. | 10 953 126 | 8 951 502 | 9 694 550 | 9 810 550 | 9 930 550 | 10 050 550 |
| D&F drift VA | Innt. | -16 008 286 | -21 879 301 | -21 376 515 | -25 496 601 | -28 351 994 | -28 888 868 |
| | | -5 055 160 | -12 927 799 | -11 681 965 | -15 686 051 | -18 421 444 | -18 838 318 |
| D&F forvaltning | Utg. | 8 811 352 | 8 628 984 | 8 951 221 | 9 166 221 | 9 386 221 | 9 606 221 |
| D&F forvaltning | Innt. | -1 832 913 | -1 603 100 | -1 603 100 | -1 603 100 | -1 603 100 | -1 603 100 |
| | | 6 978 439 | 7 025 884 | 7 348 121 | 7 563 121 | 7 783 121 | 8 003 121 |
| Sosial | Utg. | 9 471 448 | 8 888 559 | 7 964 671 | 8 119 671 | 8 274 671 | 8 429 671 |
| Sosial | Innt. | -321 426 | -57 775 | -57 775 | -57 775 | -57 775 | -57 775 |
| | | 9 150 022 | 8 830 784 | 7 906 896 | 8 061 896 | 8 216 896 | 8 371 896 |
| Pleie og omsorg | Utg. | 49 627 502 | 43 620 214 | 44 821 418 | 46 090 418 | 47 360 418 | 48 630 418 |
| Pleie og omsorg | Innt. | -6 940 481 | -3 999 075 | -3 699 075 | -3 699 075 | -3 699 075 | -3 699 075 |
| | | 42 687 021 | 39 621 139 | 41 122 343 | 42 391 343 | 43 661 343 | 44 931 343 |



Budsjett 2025 Handlingsdel / Økonomiplan 2025-2028

6.1.3 §5-6 Økonomisk oversikt etter art – drift

| | Rekneskap 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan 2028 |
|---|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Rammetilskot | -28 448 837 | -35 738 000 | -39 934 000 | -39 609 000 | -41 490 000 | -45 045 000 |
| Inntekts-og formueskatt | -44 287 984 | -38 883 000 | -41 458 000 | -44 664 000 | -46 608 000 | -48 007 000 |
| Eigedomsskatt | -57 331 582 | -56 700 000 | -56 700 000 | -56 700 000 | -56 700 000 | -56 700 000 |
| Andre skatteinntekter | -37 566 291 | -37 720 000 | -37 720 000 | -37 720 000 | -37 720 000 | -37 720 000 |
| Andre overf. og tilskot frå staten | -9 987 660 | -8 700 000 | -7 200 000 | -3 700 000 | -1 700 000 | -200 000 |
| Overføringare og tilskot frå andre | -22 343 596 | -17 972 709 | -17 232 719 | -17 232 719 | -17 232 719 | -17 232 719 |
| Brukarbetalingar | -5 890 324 | -4 228 500 | -4 633 500 | -4 633 500 | -4 633 500 | -4 633 500 |
| Salgs- og leigeinntekter | -64 705 787 | -46 149 101 | -44 126 315 | -48 246 401 | -51 101 794 | -51 638 668 |
| Fordelte inntekter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum driftsinntekter | -270 562 061 | -246 091 310 | -249 504 534 | -252 505 620 | -257 186 013 | -261 176 887 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønnsutgifter | 109 045 702 | 108 598 589 | 116 250 750 | 120 460 750 | 124 670 750 | 128 880 750 |
| Sosiale utgifter | 25 203 398 | 39 805 262 | 26 174 400 | 32 238 527 | 30 472 052 | 31 950 045 |
| Kjøp av varer og tenester | 72 224 615 | 58 523 953 | 60 655 589 | 60 567 589 | 61 760 589 | 62 953 589 |
| Overføringar og tilskot til andre | 34 910 686 | 23 069 959 | 20 461 959 | 20 161 959 | 20 161 959 | 20 161 959 |
| Avskrivningar | 19 891 843 | 0 | | | | |
| Sum driftsutgifter | 261 276 244 | 229 997 763 | 223 542 698 | 233 428 825 | 237 065 350 | 243 946 343 |
| Brutto driftsresultat | -9 285 817 | -16 093 547 | -25 261 836 | -19 076 795 | -20 120 663 | -17 230 544 |
| Finansinntekter/Finansutgifter | | | | | | |
| Renteinntekter | -3 460 375 | -2 150 000 | -2 150 000 | -2 150 000 | -2 150 000 | -2 150 000 |
| Utbytter | -10 088 406 | -1 815 000 | -1 815 000 | -1 815 000 | -1 815 000 | -1 815 000 |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar | -3 931 086 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 |
| Renteutgifter | 6 210 026 | 8 338 171 | 6 957 657 | 7 217 696 | 8 663 691 | 8 671 684 |
| Avdrag på lån | 7 613 340 | 8 727 340 | 8 363 340 | 9 738 340 | 10 925 840 | 11 113 340 |
| Netto finansutgifter | -3 656 501 | 11 100 511 | 9 355 997 | 10 991 036 | 13 624 531 | 13 820 024 |
| Motpost avskrivningar | -19 891 843 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto driftsresultat | -32 834 161 | -4 993 036 | -16 105 839 | -8 085 759 | -6 496 132 | -3 410 520 |
| Disp. eller dekning av netto driftsres: | | | | | | |
| Overføring til investering | 6 637 000 | 19 250 000 | 19 450 000 | 8 025 000 | 19 350 000 | 14 400 000 |
| Avsetjing til bunde fond | 13 784 631 | 12 420 000 | 12 420 000 | 12 420 000 | 12 420 000 | 12 420 000 |
| Bruk av bundne fond | -17 757 338 | -13 051 876 | -22 091 876 | -11 166 876 | -13 641 876 | -13 641 876 |
| Avsetjing til disposisjonsfond | 30 169 868 | 15 165 006 | 10 196 321 | 9 890 769 | 11 368 762 | 11 348 762 |
| Bruk av disposisjonsfond | | -28 790 094 | -3 868 606 | -10 583 134 | -23 000 754 | -21 116 366 |
| Dekning av tidligere års merforbruk | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum disp. eller dekning av netto driftsres. | 32 834 161 | 4 993 036 | 16 105 839 | 8 085 759 | 6 496 132 | 3 410 520 |
| Fremført til inndekning i senere år (merforbruk) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |



6.2 Inntekter

6.2.1 Skatteinntekter

Naturressursskatten er budsjettert til kr. 25,5 mill. og personskatten til kr. 41,4 mill. i 2025. Nominell personinntektsskatt vert regulert løpande i takt med inntektsutviklinga i landet. Den er også påverka av kva "skatteøre" som vert lagt til kommunane. Når det gjeld naturressursskatten er den flat, då den vert rekna ut etter gjennomsnittet av produserte kWh i kraftanlegga dei siste 7 åra, og er då upåverka av andre forhold.

6.2.2 Rammetilskot


Inntektsutjamninga skal utjamna skilnader mellom kommunane og fylkeskommunen sine skatteinntekter. Frå og med 2011 har me vorte trekt 60 % i rammetilskotet av skatteinntekter som er høgare enn gjennomsnittet i landet. Denne er auka til 62 % frå 2025, og vidare til 64 % i 2026. Eidfjord kommune skal brutto ta imot kr. 56,3 mill. i rammeoverføringar i 2025. Grunna inntektsutjamninga vert me derimot trekt ca. kr. 16,3 mill., slik at rammetilskotet for 2025 er lagt inn med ca. kr. 39,9 mill

6.2.3 Eigedomsskatt

Me budsjetterer med kr. 56,7 mill. i eigedomsskatt i 2025 og vidare i planperioden. I motsetning til personinntektsskatt og naturressursskatt har den ingen påverknad på rammeoverføringane. Det er ikkje lagt inn noko endring i planperioden.

Eigedomsskattegrunnlaget for 2025 vert utrekna som eit gjennomsnitt av inntektsåra 2019 til 2023. Nedgangen i 2022 skuldast svært låge kraftprisar i 2020, med gjennomsnittleg spotpris på 9,17 øre/kWh. I åra etter har prisane vore høge.

Eigedomsskatt i tidsrommet (2002 – 2028) i mill. kr.



Ved omlegging av reglane for utskriving av eigedomsskatt vart det lagt opp til minimums- og maksimumsverdiar.



At eigedomsskatten ikkje har auka i tidrommet 2008 - 2011 skuldast at kraftverka i Eidfjord hadde nådd maksimumsverdien, og at det då berre var produksjonen som har hadde innverknad på eigedomsskatten.

Ein har no nådd dette makstaket, og kan difor ikkje venta noko auke i eigedomsskatten dei neste åra.

6.2.4 Nettovinst ved sal av konsesjonskraft

Nettovinst ved sal av konsesjonskraft er budsjettert med kr. 11,6 mill. i 2025. Dette er ein nedgang på ca. kr 2,7 mill. Det er budsjettert med ein gjennomsnittleg salspris på ca. 0,54 øre kWh, der ca.26 GWh av total konsesjonskraftmengde på ca. 33 GWh er prissikra.

6.2.5 Konsesjonsavgifter

Konsesjonsavgiftene er sett til kr. 12 220' mill. årleg. Desse inntektene vert sett direkte av til kraftfondet.

Konsesjonsinntektene vert regulert kvart femte år. Sist regulering var 1. januar 2021, og inntektene skal difor regulerast på nytt frå 1. januar 2026.

6.2.6 Hamneavgifter

Det kommunale foretaket Visit Eidfjord KF vart oppretta i 2023. Det er i budsjettet lagt inn ei overføring på kr 8,5 mill. frå selskapet til kommunen.

6.2.7 Overføringar med krav om motytingar

Det er budsjettert med meirverdikompensasjon på kr 4,2 mill. Meirverdikompensasjonen vert ført både på inntekt og utgiftsida, og går netto i null. Tilsvarande er det utgiftsført kr 4,2 mill. under pkt. 3.3.4 " Overføringar".

6.2.8 Introduksjonsstønad

Det er lagt inn statleg integreringstilskot på kr 7 mill. i 2025. Tilskotet vert gradvis redusert i løpet økonomiplan perioden.

6.2.9 Brukarbetaling

Eigenbetaling og prisar på kommunale tenester og gebyr er generelt auka med 3,5 %. Dei ulike prisane går fram i eige avsnitt i budsjettet.

- Bompengar Tinnhølvegen vert uendra:
- Tilknyningsavgift avløp Sysendalen vert auka med 0 %
- Tilknyningsavgift vatn Sysendalen vert auke med 0 %
- Årsavgifta avlaup Sysendalen vert auka med 20 %
- Årsavgifta vatn Sysendalen aukar med . 4 %
- Årsavgifta vatn Eidfjord aukar ikkje. 4 %
- Årsavgifta avlaup Eidfjord vert auka med 25 %

Dei ulike prisane går fram i eige avsnitt i budsjettet.



6.3 Kostnader

6.3.1 Løn- og sosiale kostnader

64,0 % av kommunen sine kostnader er knytte til løn og sosiale kostnader. Det er budsjettert med ca. 157 årsverk.

Pensjonsinnskott er lagt inn med ca. 19 % for 2025.

Det er totalt budsjettert med kr. 11,8 mill. i pensjonskostnad for 2025. Netto positivt premieavvik utgjør ca. kr 5,2 mill., slik at budsjettert betalt pensjon vert ca. 17,0 mill. Det positive premieavviket for 2025 vart avsett disposisjonsfond, og vert nytta til å dekkja tilsvarande kostnad i 2026.

I tillegg er det avsett kr. 2,4 mill. til lønsjusteringar og auke i pensjonskostnader i 2025

Det er lagt inn ein lønsauke på 3 % for åra 2026-2028.

6.3.2 Kjøp av varer og tenester som inngår i eigenproduksjon

Inkluderer alt av kostnader i kommunen forutan løn. Det er lagt inn auke for prisvekst, og det er lagt inn ei auke i driftsbudsjett for enkelte einingar. Dette kjem fram som kommentar under kvar enkelt eining.

6.3.3 Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjon

Posten gjeld tenester som me kjøper av andre kommunar, interkommunale selskap, staten og private.

6.3.4 Overføringsutgifter


Overføringar gjeld mellom anna tilskott til, Visit Hardangerfjord, Norsk Natursenter AS, Hardangervidda Ski og Fjellsport AS (i 2025,) Hardangerviddatunnelen AS, og overføringar til kyrkja. I tillegg ligg det her kjøp av konsesjonskraft .

Det er budsjettert med meirverdikompensasjon på kr 4,6 mill. Meirverdikompensasjonen vert ført både på inntekts og utgiftsida, og går netto i null. Tilsvarande er det inntektsført kr 4,6 mill. under pkt. 3.2.6 " Overføringar med krav om motytingar".



7 DRIFTSBUDSJETT

Organisasjonskart pr. 01.01.25:





Budsjett 2025 Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

7.1 Rådmann, økonomi og HR og organisasjon

Budsjett

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|------------|------------|------------|------------|
| 01-09 Løn inkl. trygd og avgift | 15 577 643 | 16 037 643 | 16 497 643 | 16 957 643 |
| 10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod | 9 132 955 | 8 393 955 | 8 568 955 | 8 743 955 |
| 30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon | 2 073 383 | 2 073 383 | 2 073 383 | 2 073 383 |
| 40-49 Overføringsutgifter | 8 077 075 | 8 077 075 | 8 077 075 | 8 077 075 |
| 60-69 Sals- og leigeinntekter | -630 700 | -630 700 | -630 700 | -630 700 |
| 70-79 Refusjonar | -2 116 835 | -2 116 835 | -2 116 835 | -2 116 835 |
| 90-90 Finansieringsinntekter | -1 400 000 | -650 000 | -650 000 | -650 000 |
| | 30 713 521 | 31 184 521 | 31 819 521 | 32 454 521 |

Nye tiltak/budsjettendringar

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|-----------|----------|----------|----------|
| Auka lisenskostnadar ERP | 500 000 | 350 000 | 350 000 | 350 000 |
| Auka lisenskostnad Acos (web sak) | 400 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 |
| Visma ressursstyring lisens | 140 000 | 140 000 | 140 000 | 140 000 |
| *) Overordna ROS analyse | 500 000 | 0 | 0 | 0 |
| Redusert 70 % stilling tenestetorget | -580 000 | -580 000 | -580 000 | -580 000 |
| *) Interkontrollressursar oppfølging av avvik | 250 000 | 0 | 0 | 0 |
| *) Dekka ved bruk av fond | - 750 000 | 0 | 0 | 0 |

Tenesteområde

Kommunalsjefområde HR og organisasjon omfattar frå budsjettåret 2025 HR, Tenestetorg og IKT.

Kommunalsjef HR og organisasjon har hovudansvar for at kommunen har gode rutinar for å følgje opp tilsette frå rekruttering til ein sluttar, eller går av med pensjon. Heile vegen i tett dialog med den enkelte eining og leiarar som har personalansvaret på kvart tenesteområde. HMT, interkontroll og tett dialog med tillitsvalde er andre fokusområder for HR og Organisasjon.

Tenestetorget har ansvar for fleire organisasjonsinterne og eksterne funksjonar som arkiv, post, kommunesekretær, val og resepsjon. Personvernombod teneste kjøper Eidfjord kommune av Bergen kommune frå og med budsjettåret 2024, tenestetorget koordinerer arbeidet med dette i kommunen. Tenester som nyttast av alle einingane i kommunen samt innbyggjarar og andre eksterne som har interaksjon med kommunen.

Politisk sekretariat for alle politiske utval. Møteinncallingar, møtegjennomføring, dialog med folkevalde og koordinering av informasjon og spørsmål. Ein god dialog med folkevalde og andre som er med i politiske utval, komitear og liknande, er heilt sentralt i ein kommune.



Budsjett 2025 Handlingsdel / Økonomiplan 2025-2028

IKT og digitalisering ivaretek IKT utstyr for alle tilsette og for alle tenestebygg i kommunen. Me kjøper tenester på IKT området frå Kvam Herad i høve Microsofts løysingar, sikkerhet, lagring og drift av enkelte fagsystem. Me har 2 årsverk samla på IKT og digitalisering, 40% av desse er seld til Ulvik herad. IKT sikkerhet er eit aukande pressområde i kommunane, ein er med på årleg sikkerhetsmåned, og har samarbeid med Digi Vestland og nytta felles plattformer gjennom KS for system. Digitalisering av samfunnet, KI og anna utvikling er sentralt for kommunen å følgja med på for heile organisasjonen. IKT er god støtte for organisasjonen i dette arbeidet.

Beredskapsansvaret i kommunen ligg til rådmann som leiar av kommunal kriseleiing. Den kommunale kriseleiinga består elles av Ordførar, kommunalsjef Drift & forvaltning, kommuneoverlege, kommunalsjef HR og organisasjon, beredskapskoordinator, samt sekretær frå tenestetorget. Beredskapskoordinator har ei heilt sentral rolle i hendingar som ras, flaum og stengte vegar der ein skal koordinere eksterne og intern informasjon og operativ gjennomføring.

Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga ivaretek kommunen sitt ansvar for rekneskap, budsjett, løn, fakturering og andre funksjonar kring økonomi i kommunen. Kommunen har reelt sett tre økonomiområde ein skal ha kontroll på; Normal drift, sjølvkostområdet og investeringar. Økonomiavdelinga har tett dialog med kommunen sine revisorar.

Økonomiavdelinga innfører i 2024/2025 nytt ERP system som økonomi, rekneskap og budsjett. Nytt system medfører at kommunen vert digital på alle flater inn mot økonomi og rekneskap. Prosjektet vert gjennomført i tett samarbeid med Ulvik herad som innfører same system.

Satsingsområder

- Fokus på systematisk HMS arbeid, og vidareutvikle system for dette (compilo)
- Gje gode støttetjenester til organisasjonen
- Innkjøpsstrategi for ein heilskapleg innkjøpstankegang i kommunen
- Arbeide systematisk med gode rekrutteringsprosessar i lag med einingane
- Arbeide systematisk med førebyggjande arbeid
- God økonomistyring i heile organisasjonen

Rådmann og alle einingane skal arbeida langsiktig med strategiane rundt dei tre søylene i kommunedelen sin langsiktige del:

Bukommunen Eidfjord, opplevings- og besøkskommunen Eidfjord og arbeidskommunen Eidfjord.

Gjennom budsjettet nyttar me ressursane til kommunen på best mogeleg måte for å oppnå dei orverordna måla.

Personalressursar:

| Funksjon | Årsverk |
|----------|---------|
| Rådmann | 1 |



Budsjett 2025 Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

| | |
|---------------------------------|-----|
| Kommunalsjef HR og Organisasjon | 1 |
| Tenestetorget | 5 |
| IKT (sel 40% til Ulvik) | 0,6 |
| Digitalisering/IKT | 1 |
| Beredskap | 0,2 |
| Økonomiavdelinga | 2,9 |

| Mål | Resultatmål 2025 | Målemetode |
|-----|---|------------------------------|
| 1 | Me skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet | Budsjettkontroll |
| 2 | Sakshandsaming skal som hovudregel ikkje overstiga 3 veker, dersom ikkje anna er bestemt i lov eller forskrift. | Statistikk |
| 3 | Me skal ha gjennomført medarbeidersamtale for alle tilsette kvart år | Eigenrapportering |
| 4 | Me skal gjennomføra medarbeidarundersøking | Eigenrapportering |
| 5 | Me skal ha fokus på helsefremjande arbeid og å redusera sjukefråveret over tid. Det skal vera tett oppfølging av sjukemelde. | Eigenrapportering/statistikk |
| 6 | Me skal innføra ein innkjøpsstrategi i 2024 | Eigenrapportering |

BUDSJETTKOMMENTARAR:

HR og organisasjon

Kommunalsjef for HR og organisasjon skal gje leiarar og tilsette gode arbeidstilhøve for å levera gode tenester. Ein skal ivareta leiarar og tilsette gjennom god arbeidsgivarpolitikk for å rekruttera og behalde medarbeidarar, og leggje tilrette gode rutinar for oppfølging.

Internkontroll, personvern og personalpolitikk er nokre av områda ein har fokus på i 2025, der dei ulike einingane vil måtte sjå på sine område innanfor internkontroll og personvern.

Å arbeida med arbeidsmiljø, og støtta områdene opp imot langsiktig arbeid og metodikk for god sjukefråværsoppfølging vil være sentralt framover. Samt og nytta midlar på godt arbeid innanfor dette feltet kan spara oss for kostnader på sikt.

Arkiv

Eidfjord kommune gikk heildigitalt med saks og arkiv i løpet av 2024. Ein skal slutta med papirarkiv og gå over til digital signatur. Det er eit arbeid og omstilling som krev tid, ressursar og opplæring i tenestetorget og elles i organisasjonen.

Økonomi



Budsjett 2025 Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

Nytt ERP system (økonomi- og persomalsystem) vert innført frå 01.01.2025. Vil bruka mykje tid i 2025 til opplæring og utnytting av moglegheitene i nytt system. Enkelte modular vil verta innført i løpet av året, bla elektronisk reiserekning og innkjøpsmodulen.

Beredskap

Nytt beredskapssystem RAYVN er innført, og ein vil i 2025 arbeida vidare med innføring og beredskapsøvingar.

Samarbeid med nabokommunar, fylke og statlege etatar vil vera viktig framover i høve eit klima og miljø som krev meir og meir av kommunen som beredskapsorganisasasjon. Pr. idag har kommunen 20% beredskapskoordinator, noko som er knapt i høve utviklinga innanfor området og tal hendingar. I 2025 vil ein og leiga inn hjelp til å utarbeida ny overordna risiko og sårbarheitsanalyse for kommunen.

Innkjøp

Me vil ha fokus på gode rutinar for innkjøp og vil innføra ein innkjøpsstrategi som skal nyttast i heile kommunen. Det ligg og ein innkjøpsmodul i nytt ERP system som ein planlegg å ta i bruk for å få enda betre kontroll på innkjøp.

Kyrkja

Tilskot til soknerådet til drift for dei enkelte åra er lagt inn med kr. 3 552 990,-. Dette er ein redusasjon på kr 53 010,- frå 2024, men det låg då inne ei løyving til brannsikringstiltak på kr 250.000. Reel auke er soleis 5,8 %.

Kontrollutvalet

Løyvinga til kontrollutvalet er som tilrådd frå utvalet.

Strategiske utfordringar:

- Demografiske utfordringar
- Auka krav til kommunane gjennom lovverk og føringar frå stat og fylke
- Rekrutteringsprosessar for å tiltrekka seg personale og behalda dei
- Digitaliering av offentleg sektor, kunstig intelligens og IKT sikkerhet



7.2 Lægreid skule

Budsjett

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|------------|------------|------------|------------|
| 01-09 Løn inkl.trygd og avgift | 27 824 865 | 28 644 865 | 29 464 865 | 30 284 865 |
| 10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod | 4 050 200 | 4 144 200 | 4 258 200 | 4 372 200 |
| 30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon | 1 146 700 | 1 146 700 | 1 146 700 | 1 146 700 |
| 40-49 Overføringsutgifter | 372 476 | 372 476 | 372 476 | 372 476 |
| 60-69 Sals- og leigeinntekter | -302 800 | -302 800 | -302 800 | -302 800 |
| 70-79 Refusjonar | -1 064 476 | -1 064 476 | -1 064 476 | -1 064 476 |
| 90-90 Finansieringsinntekter | -50 000 | -50 000 | -50 000 | -50 000 |
| | 31 976 965 | 32 890 965 | 33 824 965 | 34 758 965 |

Nye tiltak/budsjettendringar

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|--|----------|----------|----------|----------|
| Leige brakker SFO | 100 000 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunalsjef oppvekst 50 % | 696 000 | 696 000 | 696 000 | 696 000 |
| Kommunalsjef oppvekst inndekking redusert 30 % | -271 000 | -271 000 | -271 000 | -271 000 |
| Kjøp av tenester andre kommunar PPT | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 |

Tenesteområdet

Visjonen til Lægreid skule er "Læring for framtida". På Lægreid skule har me eit mål om at alle elevar skal få sin rett til eit trygt og godt skulemiljø utan krenking og mobbing. Skulemiljøet skal verke positivt på elevane si helse, trivsel og læring. I tillegg skal me på Lægreid skule lære born og unge å til meistre eige liv, si eiga psykiske helse, ta sosialt ansvar og vise medborgarskap. Me skal bidra til å skapa robuste barn og unge gjennom blant anna å vere tydelege autoritative vaksne som bryr seg om elevane. Me ser på føresette som ein viktig ressurs i samarbeidet om elevane si opplæring og oppseding. Me legg til rette for eit nært samarbeid og god dialog gjennom dynamiske foreldremøter og eit aktivt FAU.

Skulen skal vere ein lærande og dynamisk organisasjon. Me skal legge til rette for at lærarane og andre tilsette skal lære av kvarandre gjennom samarbeid i profesjonsfellesskapet. Me skal vere opne for impulsar utanfrå. Ein lærande skule har endringskapasitet og vilje til kontinuerleg utvikling, og den overlèt ikkje til den enkelte lærer å ta ansvar for nye satsingsområde.

Målet for tilsette og elevar er å lære å lære, og å lære saman. Dette skjer i en organisasjonskultur som verdset kontinuerleg utvikling og nytenking i et fellesskap som gir mening for den enkelte.



Personalressursar totalt for skule, SFO, vaksenopplæring og offentleg bading:

| Funksjon | Årsverk |
|--|---------------|
| Kommunalsjef, rektor, ass rektor og teamleiararar: | 2,2 |
| Årsverk til undervisningspersonale til anna enn undervisning: | 2,39 |
| Årsverk utført av undervisningspersonale til undervisning: | 16,55 (18,94) |
| Konsulent kontor: | 1 |
| Årsverk utført av ass/fag.arb og annet elevretta arbeid - skule: | 6,14 |
| SFO | 3,19 |
| Skulebibliotek: | 0,1 |
| Logoped: | 0,5 |
| Vaksenopplæring | 0,8 |
| Offentleg bading | 0,2 |

Det er 33,4 årsverk fordelt på 39 tilsette

Det er 10 klassetrinn på skulen, som er delt i 9 klassar. 6. og 7. trinn går saman. 6. og 7. klasse har basisfaga norsk, engelsk og matematikk i eigen klasse. Neste skuleår (25/26) år vil 7. klasse vere på ungdomstrinnet og dei kan ikkje gå i klasse med 6. klasse. Derav auke i budsjett til kontaktlærar.

1.-4. klasse har 25 undervisningstimar i veka.
5.-7. trinn har 30 undervisningstimar i veka.
8.-10. trinn har 31 undervisningstimar i veka.

Det er tilsett 22 lærarar i tillegg til rektor og ass rektor. Det er 13 personar som har andre funksjonar; barne- og ungdomsarbeidarar, miljøveiledarar og assistentar. Det er tilsett ein logoped i 50 % . Totalt 39 personar.

I tillegg driftar me vaksenopplæringa. Assisterande rektor har delegert ansvar for dette. Det arbeider ein lærarar i 100 %, der 20 % av stillinga er til administrasjon.

Ved offentleg bading er det tilsett badevakt i 20 % stilling som skulen organiserer. Ass rektor har delegert ansvar for off. bading.

To lærarar studerer gjennom kompetanse for kvalitet og går i redusert stilling; 62,5 %. Dei har nedsett 37,5 % stilling kvar, totalt 75 %, som Utdanningsdirektoratet dekkjer. På SFO har me fire assistentar som vidareutdannar seg til barne- og ungdomsarbeider.



Satsingsområder

Brukarar

- Me skal ha robuste barn som har sosial kompetanse og verktøy til å meistre liva sine i kvardagen. Elevane skal ha medverknad i eigen skulekvardag. Me skal saman med føresette skapa eit trygt og godt læringsmiljø.
- Me skal ha tett og god dialog med føresette og elevane om deira faglege og sosiale utvikling.
- Elevane sin trivsel skal liggje minst på landsgjennomsnittet i elevundersøkinga.
- Me skal ha ein skule utan mobbing.
- Me skal ha elevar som gradvis utviklar kompetansen «å lære å lære». Når elevane våre forstår sin eigne læringsprosessar og faglege utvikling, bidreg det til sjølvstende og meistringsfølelse.
- Skulen bruker BU-modellen for å systematisk innlæring av omgrep. (Begrepsundervisning)
- Me skal ligge på eller over gjennomsnittleg resultat i nasjonale prøvar for lesing, rekning og engelsk.
- Me skal auka elevane sin motivasjon og læring ved å gjera opplæringa praktisk og variert. Elevane skal ha medverknad i eiga læring.
- Me skal ha eit variert tilbod av aktivitetar i Trivselsprogrammet (TL), fysisk aktivitet og uteskule. Me bruker Zippy, Eple, Passport og Draumeskolen.
- Me skal driva haldningsskapande arbeid om klima og miljø-utfordringar gjennom ulike kompetansemål og aksjonar.
- I SFO skal borna verta stimulert til sosial samhandling og skape gode og trygge relasjonar, gjennom ulike aktivitetar og leik i samsvar med årsplan og rammeplan. I SFO har me tydelege og varme vaksne.
- I SFO skal borna vera med å påverka eigen kvardag når det gjeld innhald av dagen og val av aktivitetar.

Utviklingsoppgåver - tilsette

- Me skal ha arbeidsmetodar som fremjar erfaringsdeling, refleksjon og samarbeid.
- Me skal vidareutvikla vår profesjonsfaglege kompetanse.
- Me skal sikre at elevane utviklar kompetanse knytt til overordna tverrfaglege tema: Folkehelse og livsmeisting, demokrati og medborgarskap og berekraftig utvikling gjennom ulike fag jmf KL20.
- Me skal bygge eit godt lag rundt barnet gjennom godt samarbeid med andre kommunale tenester som skulehelseteneste, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), betre tverrfagleg innsats ved BTI - koordinator, barnekoordinator og barnehagen.
- Me skal ha eit tett og godt samarbeid med føresette.

Medarbeidar - interne prosessar

- Me skal ha fokus på erfaringsdeling og samarbeid i personalet og i Hardanger Voss kompetanseregion.
- Sjukefråvær skal liggja under 6%
- Me skal gjennomføra medarbeidarsamtale kvart år og elles ved behov.
- Me praktiserer «open dør og lyttar til dei tilsette»
- Dei tilsette kjenner til pliktene sine.



- Bruke verktøy, som til dømes «Ein god dag på jobb» for å jobbe med arbeidsmiljøet.

Sjukefråvær

Kommunalområdet Lægreid skule syner eit resultat hittil i år på 2,67 %. Lægreid SFO syner eit resultat hittil i år på 4,34 %. Eidfjord kommune er ein IA verksemd og skal ha fokus på å førebyggja og fylgje opp sjukefråværet i høve vedtekne rutinar. Å sikra god oppfylging og leggje tilrette arenaer der fråvær vert kommunisert er ei prioritert oppgåve for alle leiarar i Eidfjord kommune.

Det er mange variablar som spelar inn på fråværet. Generelt opplever me å ha eit godt arbeidsmiljø på skulen, folk trives på jobb. Me har god bemanning, og gode ressursar og rammer i heile verksemda som førebygger slitasje. Me har tilsette som er trygg i rolla, har lang erfaring og god kompetanse. Me har tilsette som har ulike ansvarsområde som dei har nedsett tid for å gjennomføre på ein god måte. Me har teknisk utstyr som verkar og gode læremidlar, både digitalt og analogt.

For å følgje opp satsingsområda har tenesta ulike metodar gjennom året.

- Blant anna gjennom elevundersøking, kvalitetsmelding, nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar, årsrapport, foreldremøte og utviklingsamtaler. På SFO gjennom rammeplan, årsplan og barnemøte.

Mål

| Mål | Resultatmål 2025 | Målemetode |
|-----|---|--|
| 1 | Elevane sin trivsel skal liggje minst på landsgjennomsnittet. | Elevundersøking |
| 2 | Sjukefråvær skal liggja under 6% | Fråværsstatistikk |
| 3 | Me skal ligge på eller over gjennomsnittleg resultat i nasjonale prøvar for lesing, rekning og engelsk. | Nasjonale prøvar |
| 4 | Alle klassar frå 1.-7. klasse skal bruke BU-modellen i opplæring av omgrep. | Årleg kartlegging av elevane |
| 5 | Me skal vidareutvikla vår profesjonsfaglege kompetanse. | Medarbeidersamtale Refleksjon rundt eigen praksis t.d i team |
| 6 | Elevane skal ikkje ha meir enn 10 dagar fråvær i løpet av skuleåret | Følgje plan for å hindre fråvær og leiinga følger opp ved jamleg kontroll av fråværet. Leiing gjennomgår fråvær to gongar per halvår. |

Budsjettkommentar:



Individuell tilrettelagt opplæring (ITO) og samhandling

Det allmennpedagogiske tilbudet skal vera så bra at færrest mogleg elevar vil trenge å få ITO. Vaksentettleiken skal vere høg, særskilt dei fyrste skuleåra. Dette vil sikre at elevar som treng det, får tett oppfølging. Analyse av resultatane i dei obligatoriske kartleggingane i 1. og 3. klasse vert viktig for å kunne setje inn intensiv opplæring der det er behov.

ITO (Individuelt tilrettelagt opplæring) går føre seg, så langt det let seg gjere, inne i klasserommet med to-lærar-system. Dette er i samsvar med intensjonen for ITO. I nokre tilfelle vil me bruke i mindre grupper. Me skal fylgje opp arbeidet med Kompetanseløftet for spesialundervisning og inkluderande praksis, i samarbeid med Hardanger Voss kompetanseregion.

Skulen ønskjer å ha tettare og meir systematisk samarbeid gjennom utvida pedagogiske møte med barnehagen, og gjennom samhandling på tvers av einingane.

Etter konferansen «Spesialundervisning som virker» i regi av Fagfokus januar 2024, har skulen sett i gang med opplæring av lærerne i Begrepsundervisningsmodellen(BU-modellen) utarbeida av Magne Nyborg. BU-modellen er basert på forskning om korleis born lærer, og hensikten med å bruke den er å lære born å lære.

Digitalisering

Digital dugleik er ein av dei fem grunnleggande ferdigheitene i Kunnskapsløftet. (LK20) Lægreid skule har fokus på digitalisering, og at elevar og tilsette har digital kompetanse som gjer at skulen fylgjer med på teknologisk utvikling. Digitalisering har stor innflytelse på samfunnet og påverkar oss på stadig nye måtar. Kvardagen vert meir digitalisert og me samhandlar og kommuniserer meir gjennom digitale løysingar.

«Elevane sine digitale ferdigheiter er en forutsetning for livsmeistring og for å lukkast i utdanning, arbeid og deltaking i samfunnet». (Kunnskapsdepartementet 2017).

Ein profesjonsfagleg digitalt kompetent lærer har forståing for korleis den digitale utviklinga endrar og utvidar innhaldet i faga. Læraren har innsikt i korleis integrering av digitale ressursar i læringsprosessar kan bidra til å nå kompetansemål i fag og ivareta dei fem grunnleggande ferdigheitene; lesing, skriving, rekning, munnlege ferdigheiter og digitale ferdigheiter.

Bruk av digitale verktøy gir tilsette høve til stor grad av variasjon og tilpassing av undervisninga, og vil gjera det lettare å gje nødvendig støtte og faglege utfordringar til elevar. Elevane skal lære å vere kritiske til informasjon dei finn på nettet.

Skulen nyttar Visma Flyt Skole som administrativt verktøy og til kommunikasjon med føresette. Me skal ha digitale løysingar som gjer skule-heim samarbeidet effektivt og brukarvenleg gjennom skya og via apps.

For å ivareta personvernet skal skulen nytte læringsressursar/læremiddel som vert levert av norske aktørar, og lisensbelagte applikasjonar.



Vidareutdanning og kompetanseheving

Kompetanse for kvalitet

Gjennom strategien «Kompetanse for kvalitet» får lærarar tilbod om vidareutdanning i ulike fag fram mot 2025. Studietilboda har eit omfang som går over to semester, og utdanninga får tilskot frå staten gjennom stipend eller vikarordning. Eidfjord kommune held fram med å gje gode vilkår for vidareutdanning.

Profesjonsfellesskapet

Lærarane og leiarane på skulen, har avgjerande betydning for elevane sitt læringsutbyte og for læringsmiljøet på skulen. Lærarprofesjonen og skuleleiarane har et felles ansvar for at eigen praksis er i tråd med formålsparagrafen og læreplanverket, for å ivareta elevane sitt beste, og for at skulen i fellesskap utviklar seg for å nå måla sine.

Skulen arbeider med kompetanseheving og skuleutvikling gjennom delingskultur og samarbeid i team, klasseteam og SFO-møter. I tillegg arbeider me kvar veke med utvikling av skulen si verksemd gjennom pedagogisk utviklingsarbeid. I løpet av skuleåret har me 6 planleggingsdagar.

Strategiske utfordringar

- ☐ Rekruttering av kvalifiserte arbeidstakarar
- ☐ Knappeheit på rett kompetanse
- ☐ Manglar eit nivå mellom rådmann og rektor, som igjen kan føre til at strategisk tenking og pedagogisk utviklingsarbeid går på bekostning av dagleg drift .
- ☐ Endringar i dagens samfunn går fort, skulen evnar ikkje å henge med i utviklinga
- ☐ Å sikre fokus på førebygging og psykisk helse



7.3 Modnen barnehage

Budsjett

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|--|------------|------------|------------|------------|
| 01-09 Løn inkl. trygd og avgift | 14 572 444 | 14 992 444 | 15 412 444 | 15 832 444 |
| 10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod | 1 120 700 | 1 157 700 | 1 194 700 | 1 231 700 |
| 30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon | 694 000 | 694 000 | 694 000 | 694 000 |
| 40-49 Overføringsutgifter | 133 976 | 133 976 | 133 976 | 133 976 |
| 60-69 Sals- og leigeinntekter | -807 400 | -807 400 | -807 400 | -807 400 |
| 70-79 Refusjonar | -150 976 | -150 976 | -150 976 | -150 976 |
| | 15 562 744 | 16 019 744 | 16 476 744 | 16 933 744 |

Nye tiltak/budsjettendringar

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|----------|----------|----------|----------|
| Auka post ekstrahjelp | 50 000 | 50 000 | 50 000 | 50 000 |
| Auka løn ferievikar | 150 000 | 150 000 | 150 000 | 150 000 |
| Auke kjøp frå andre kommunar PPT | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| Kommunalsjef oppvekst og utdanning 50 % | 696 000 | 696 000 | 696 000 | 696 000 |
| Kommunalsjef oppvekst og utdanning inndekking redusert 30 % | -279 000 | -279 000 | -279 000 | -279 000 |

Tenesteområdet

Modnen barnehage er ein 4 avdelings barnehage med plass til 57 born. Tyttebær og Molte er 1-3 års avdelingar, medan Blåbær og Eple er 3-5 års avdelingar.

Leiarressursen består av einingsleiar/styvar og assisterande einingsleiar/styvar. Medan me tidlegare hadde leiar og kontorressurs på tilsaman 180%, endra me organiseringa i ein prøveperiode for barnehageåret 2024/2025. Einingsleiar jobbar denne hausten 40%, i tillegg er det 2 teamleiarar i tilsaman 140% stilling. Det er lyst ut 100% fast styvarstilling som ein håpar er på plass i byrjinga av 2025. I tillegg vil det verte utlyst ein stilling som kommunalsjef for oppvekst og utdanning i løpet av hausten-24.

Me har brei tverrfagleg kompetanse i barnehagen, og i tillegg til barnehagelærarar er det tilsett assistentar, fagarbeidarar, vernepleiar, barnevernspedagog, sjukepleiar og ernæringsfysiolog.

Det skal vere minst 1 pedagogisk leiar pr 7 born under 3 år og det skal vere minst 1 pedagogisk leiar pr 14 born over 3 år.

Personalressursar samla for barnehagen:



Budsjett 2025 Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

| Funksjon | Årsverk |
|--|--------------|
| Kommunalsjef | 0,5 |
| Einingsleiar/styrar | 1 |
| Assisterande styrar/teamleiarar (tom 31.05.25) (Assisterande styrar (fom 01.06.2025)) | 1,5 (0,3) |
| Pedagogiske leiarar med barnehagelæruddanning | 4 |
| Pedagogiske leiarar med barnehagelæruddanning (fom 01.06) | 4,9 |
| Barnehagelærarar på dispensasjon | 2,2 |
| Anna høgskuleutdanning | 2,8 |
| Fagarbeidarar | 3 |
| Assistentar | 3,7 |

Det er samla lagt inn 18,2 årsverk i 2025 fordelt på 22 tilsette.

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering» (Lov om barnehagar §1. Formål).

Mål

| | Resultatmål 2025 | Målemetode |
|---|---|---|
| 1 | Sjukefråvær- Har fokus på nærvær og jobbe aktivt med å redusere sjukefråvær | Medarbeidarsamtalar og veiledning. Gjennomgang og evaluering av HMS rutinar og planar. Sjukefråværsrapportering og fråværsstatistikk. |
| 2 | Forebygging – tidleg tverrfagleg og tilpassa innsats | Interne og tverrfaglege møter. Oppfølging og evaluering av forebyggingsplanar. |



| | | |
|---|---|--|
| | | Observasjonar og rapportar. |
| 3 | Kompetanseheving – Sikre kompetanseheving der det trengst | Kartlegging Veiledning Medarbeidarsamtalar |

Budsjettkommentar

Generelt om barnehagen

Ved årskifte vil barnehagen gje tilbod til 46 born. 11 born er fødd i 2019, 11 born er fødd i 2020, 15 born er fødd i 2021, 5 born er fødd 2022 og 4 born er fødd i 2023.

Nye born startar opp januar-25.

I barnehagen har me dette året fleire born med sakunnig vurdering og spesialpedagogiske vedtak. For at desse vedtaka skal verte stetta, krevst det bemanning som kjem i tillegg til grunnbemanninga.

Barnehagen har ein del fleirspråklege born, mellom anna flyktningar frå Ukraina.

Sjukefråvær

Barnehagen har dei siste åra hatt eit høgt sjukefråvær. Dette er ei utfordring, særleg i høve til stabilitet og nærvær. Våren 2024 var særst krevjande med tanke på sjukefråværet i barnehagen. Sjukefråværet har gått ned utover hausten-24 og teamleiarane jobbar kontinuerleg og tett på med ulike tiltak. Barnehagen har også samarbeid med bedriftshelsetenesta når det gjeld førebygging og oppfølging av sjukefråvær.

Det er både emosjonelt og fysisk krevjande å jobbe i barnehagen. Me har difor styrka bemanninga inn mot alle avdelingane for å sjå om dette kan ha ei forebyggjande effekt. I løpet av ein arbeidsdag er det mykje tid som går med til plantid, møter, ulike verv og pausar m.m. Det er viktig at det då er nok tilsette att på avdelingane. Dette for at belastninga ikkje skal verte for stor på dei som er att, men og for å kunne gjere ein god nok jobb inn mot borna.

Me har utarbeida tiltaksplan for forebygging av sjukefråvær og korleis skapa eit godt psykososialt miljø, og me har gode rutinar på oppfølging av sjukemeldte. Det er også gjennomført kartlegging blant dei tilsette i høve motivasjon og trivsel.

Førebygging

Styrka bemanning er noko me ser på som særst viktig også når det gjeld førebygging inn mot enkeltborn og heile bornegruppa. For å fange opp og jobbe med ulike behov, krevst det nok tilsette, og i tillegg tilsette med relevant kompetanse. I vår eining har me brei tverrfagleg kompetanse. Med ulik kompetanse vil ein betre kunne ivareta den komplekse kvardagen i barnehagen. For å få til eit heilskapande tilbod, krevst det også at ein samarbeidar mellom avdelingane, men også på tvers av einingane og dreg nytte av kompetansen kvar enkelt innehar.



Om ein har nok tilsette med riktig kompetanse, kan ein lettare fange opp og jobbe med utfordrande åtferd, og dermed skape eit godt psykososialt miljø blant borna. Dette kan vere med på å gje borna meir like moglegheiter for å lukkast seinare i livet.

Det kan vere utfordrande å vete kva ressursar ein har behov for til ei kvar tid. Noko av dette skuldast at me har løpande opptak og ikkje veit korleis storleiken på bornegruppene vert fram i tid. I tillegg veit ein ikkje alltid kva kvart enkelt born har behov for. Det er difor viktig at ein ligg i forkant når det gjeld å styrka bemanninga. Forskinga viser at offentleg investering i barnehage kan gje ein framtidig gevinst som er om lag ti gonger større enn kostnadene.

Kompetanseheving og rekruttering

Frå 2021 til 2024 er det ein nedgang på barnehagelærarstudie på 43% og 1 av 3 barnehagelærarar sluttar i jobben i løpet av 3 år. Det er urovekkjande at det i tillegg allereie manglar i underkant av 3000 barnehagelærarar i barnehagane. Kun 64,9% av barnehagane oppfyller pedagognormen. Me har også i vår barnehage merka konsekvensane av mangel på barnehagelærarar. Denne hausten har me ikkje nok pedagogdekking hjå oss. Det har ført til at me må søkje om dispensasjon frå utdanningskravet. Dei som er på dispensasjon er tilsette som held på med barnehagelærarutdanning.

Som ein konsekvens av pedagogmangelen har me lagt til rette for at fleire tilsette hjå oss har fått starta på barnehagelærarutdanning. I tillegg til å forebygge, bidreg også Kompetanseheving til utvikling og god tenesteyting. Dei siste åra har me hatt fleire tilsette som har teke vidareutdanning som barnehagen har trong for.

Strategien «Kompetanse for fremtidens barnehage» har som mål å sikre alle born eit barnehagetilbod av høg kvalitet. Strategien er revidert og gjeld for perioden 2023-2025. Kompetansestrategien skal støtte barnehageeigars ansvar for arbeid med rekruttering og kompetanseutvikling. Eit av delmåla er at alle tilsette i barnehagen får moglegheit til kompetanseutvikling. Kompetansestrategien er eit av regjeringa sitt viktigaste verkemiddel for å sikre at barnehageeigar og barnehagen skal kunne realisere rammeplanens intensjonar og krav.

Eidfjord kommune har ein strategisk kompetanseplan som er ein overordna plan for heile organisasjonen. Barnehagen har også utarbeidd eigen plan for kvalitet og kompetanse.

Kommunar som satsar på eit sterkt fagleg miljø i sine barnehagar, har lettare for å rekruttere og behalde barnehagelærarar. I tillegg er det mogleg for arbeidsgjevar å aktivt forsøke å bruke løn for å rekruttere og behalde barnehagelærarar, framfor i mange tilfeller å søke om dispensasjon frå utdanningskravet.

Forutan vidareutdanning foregår det kompetanseheving på fagmøter, avdelingsmøter, personal og utviklingsmøter, deltaking på webinar/nettverksmøter, kurs og konferansar. Dette medfører ofte fråvær og innleige av vikarar. I tillegg vert det ein del kveldsarbeid som medfører overtid. Det bør framover setjast av nok midlar til å dekke kostnadene knytt til rekruttering og kompetanseheving som er naudsynt for eininga vår.

Hausten-24 starta me opp med å ta inn 10 klassingar som leikeressurs nokre ettermiddagar i veka. Dette vil me fortsetje med også i 2025.

Måltid i barnehagen



Etter at barnehagen i 2022 fekk tildelt midlar i samband med den regionale ordninga for kompetanseutvikling, har barnehagen jobba vidare med utviklingsarbeidet. Me har hatt samarbeid med eksterne vurderarar, og saman har me kome fram til tema som me ynskjer å vidareutvikle. Me har vald måltid som ein pedagogisk arena, som utviklingsområde. Dette fordi måltidsituasjonen er så mykje meir enn mat, noko også rammeplanen og helsedirektoratet påpeikar.

Måltidet skal også dreie seg om språkleg utvikling, deltaking, fokus på ro, matematiske samanhengar og god fysisk tilrettelegging for å nevne noko. Me ser at dei gode rammene rundt varmlunsjmåltidet uteblir og at ein dermed ikkje oppfyller rammeplanen sine intensjonar ved dagens ordning. Me ynskje difor på sikt å endre organiseringa kring dette måltidet . Dette kompetansehevingsarbeidet vert jobba med i prosjektgrupper og på personalmøter, og er ein kontinuerleg prosess. Heile personalgruppa vil i 2025 arbeida vidare med temaet.

Kapasitetsutfordringar

Den eine storbarnsavdelinga manglar arbeidsrom/spesialpedagogisk rom. For at born med spesialpedagogiske behov skal få det dei har krav på, ynskjer me at dette skal kome på plass så snart som mogleg.

Småbornsavdelingane har bruk for eit vognrom i nærleiken av avdelingane. No er vognrommet plassert i andre enden av bygget, noko som gjer det tungvint når dei skal nytta vognene.

Heile personalgruppa samlast fast både på planleggingsdagar og møter på kveldstid. Me har ikkje møterom i barnehagen med plass til heile personalgruppa og må difor nytta andre kommunale lokaler. Me ynskjer på sikt å få på plass eit eigna møterom tilknytta barnehagen.

Tiltak i høve endringar i rom og tilpasningar i barnehagen er frå rådmann lagt inn i økonomiplanen.

Strategiske utfordringar

- Sikre stabilitet og nærvær i personalgruppa.
- Sikre tidleg og tverrfagleg innsats.
- Rekruttering av kvalifiserte arbeidstakarar.
- Kapasitetsutfordringar med tanke på spesialpedagogiske rom, vognrom og felles møterom.
- Sikre at rammeplanen vert følgt i henhold til fagområdet mat og helse i barnehagen.



7.4 Kultur, næring og bærekraft

Budsjett

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|------------|------------|------------|------------|
| 01-09 Løn inkl.trygd og avgift | 7 478 495 | 7 678 495 | 7 878 495 | 8 078 495 |
| 10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod | 2 398 257 | 2 328 257 | 2 378 257 | 2 428 257 |
| 30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon | 236 000 | 236 000 | 236 000 | 236 000 |
| 40-49 Overføringsutgifter | 3 102 675 | 2 902 675 | 2 902 675 | 2 902 675 |
| 60-69 Sals- og leigeinntekter | -150 600 | -150 600 | -150 600 | -150 600 |
| 70-79 Refusjonar | -341 475 | -341 475 | -341 475 | -341 475 |
| 90-90 Finansieringsinntekter | -1 480 000 | -1 480 000 | -1 480 000 | -1 480 000 |
| | 11 243 352 | 11 173 352 | 11 423 352 | 11 673 352 |

Nye tiltak/ vidareføring prosjekter

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---------|------|------|------|
| Nytt biblioteksystem | 70 000 | 0 | 0 | 0 |
| Auka drittstilskot HSF (drift skisenter) | 200 000 | 0 | 0 | 0 |
| Kjøp av system for kunstregistrering | 75 000 | 0 | 0 | 0 |

Tenesteområdet

Kultur, næring og bærekraft har ansvar for fleire ulike tenester i kommunen, blant anna:

- Kultur og idrett
- Kulturskolen
- Digital kommunikasjon
- Næring
- Førebyggjande arbeid
- Bibliotek
- Kino

Personalressursar i eininga:

| Funksjon | Årsverk |
|----------------------------------|---------|
| Einingsleiar | 1 |
| Kultursjef | 1 |
| Kulturskulerektor | 0,65 |
| Heimesideredaksjon/intranett m.m | 0,35 |
| Kulturskulelærarar (7 stk) | 2,27 |



Budsjett 2025 Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

| | |
|---|------|
| Biblioteksjef | 0,6 |
| Rådgjevar klima og berekraft | 0,3 |
| Førebygging/folkehelse | 0,2 |
| Næringsrådgjevar | 1 |
| Kinomaskinist, babysymjing, galleri (5 stk) | 1,11 |

Samla har eininga 7,38 årsverk i budsjettframlegg for 2025.

For å få fram kva oppgåver kultur, næring og berekraft har ansvar for sjå tabell under.

Kultur og idrett

| | | |
|---|---|--|
| <ul style="list-style-type: none">✓ Kulturskulen✓ Musikkterapi barnehage, skule, aldersheim✓ Galleri✓ Kunstnarbustad/stipend✓ Tilskot til kulturarbeid✓ Spelemidlar✓ Kulturminne (vern og oppfylgjing)✓ Hardanger/Berlin✓ Hardanger Kulturråd✓ Kino✓ Ung kultur møtes (UKM)✓ De unges festspilldag (DUF) | <ul style="list-style-type: none">✓ Treningsrom✓ Eidfjordhallen✓ Den kulturelle spaserstokken✓ Den kulturelle skulesekken✓ Driftstyre idrettshall✓ Nærmiljøanlegg✓ Turstiar✓ Kunstnarbustad/stipend✓ Oppfylgjing av lag og organisasjonar | <ul style="list-style-type: none">✓ Publikumskontakt<ul style="list-style-type: none">○ Folkebibliotek○ Skulebibliotek✓ Samlingsutvikling✓ Hardangerbiblioteka✓ Lokalhistorisk samling✓ Fotosamling Eidfjord kommune✓ Studiesenter✓ Kommunal kunstsamling |
|---|---|--|

Førebyggjande arbeid

| | | |
|---|---|---|
| <ul style="list-style-type: none">✓ Barne, ungdomsarbeid og folkehelse✓ Ulike arrangement (td 16. mai)✓ Fritidsklubb✓ Ungdomsråd | <ul style="list-style-type: none">✓ Oppvekstgruppe (politi, helse, sosial, barnevern, kultur)✓ Oppfølging ruspolitisk handlingsplan✓ Ung data | <ul style="list-style-type: none">✓ Folkehelseoversikt✓ Babysymjing✓ Styrketreningskurs for ungdom✓ Styrketreningskurs for vaksne✓ Oppfylgjing av lag og organisasjonar |
|---|---|---|

Berekraft og næring

| | | |
|---|--|--|
| <ul style="list-style-type: none">✓ Noko sakshandsaming næringsstønad | <ul style="list-style-type: none">✓ Miljøfyrtårn<ul style="list-style-type: none">○ Sertifisering kommunale einingar | <ul style="list-style-type: none">✓ Oppfølging kommunedelplan for klima og energi, årlige rullering av handlingsplan |
|---|--|--|



Budsjett 2025 Handlingsdel / Økonomiplan 2025-2028

| | | |
|---|---|--|
| <ul style="list-style-type: none">✓ Sakshandsaming søknad Hardanger og Voss Næringshage (HVNH)✓ Rep. Team Hardanger✓ Kontaktperson mot HVNH | <ul style="list-style-type: none">○ Miljøfyrtårnkoordinator for privat næringsliv○ Internkonsulent EK○ Miljøfyrtårnrapportering | <ul style="list-style-type: none">✓ Grønt hytteliv på Vestlandet✓ Grøn region Vestland✓ Matsvinnreduksjon✓ ENØK fond✓ Klimaråd |
|---|---|--|

Andre oppgaver

| | | |
|---|--|--|
| <ul style="list-style-type: none">✓ Heimeside (ACOS, CMS)✓ Civis✓ Arbeidsgruppe-interiør kommunale bygg | <ul style="list-style-type: none">✓ Skjema på intranett✓ Korrektur/nynorsk/Språkvask✓ IKT-retteleing/support✓ Infoskjermen✓ Webstream kommunestyret✓ Interactiv (skjema på Internet)✓ Intranett (SharePoint) | UU-tilpassing av tekst, pdf, tabellar etc. |
|---|--|--|

Mål

| | Resultatmål 2025 | Målemetode |
|---|--|----------------------------|
| 1 | Me skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet | Budsjettkontroll |
| 2 | Sakshandsaming skal som hovudregel ikkje overstiga 3 veker, dersom ikkje anna er bestemt i lov eller forskrift. | statestikk |
| 3 | Me skal ha fokus på HTM knytt til i personalmøter der m. a psykososialt arbeidsmiljø er på dagsorden. Dette er eit ledd i arbeidet med å halde nede sjukefråværet, auka trivnad og eit helsefremjande arbeidsmiljø og at det vert integrert i arbeidskvardagen på ein systematisk og strukturert tiltaksform. Det skal vera tett oppfølging av sjukemelde. | Statestikk og eigenrapport |

Budsjettkommentar

Besøksforvaltningplan

I 2024 har me gjennomført tolegrenseanalyse for kommunesenteret og som vera ein kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med sentrumsutvikling. Besøksforvaltningsplan vil vera eit



strategisk verktøy for å styre besøkande på ein slik måte at det gir lokal verdiskaping utan at det overbelastar miljøet, infrastrukturen eller lokalsamfunnet.

Planen kan vera eit viktig grunnlag for å utarbeide forskrifter for å regulere kommunesenteret og sikre en funksjonell infrastruktur som i varetar miljø, sikkerheit og gode opplevingar for både innbyggjarar og besøkande. Besøksforvalningsplan er ein vidareføring av resultatata frå tolegreanalyse, og me vil vurdere om det er hensiktsmessig å ta berekraftalanysen for Sysendalen inn i planen.

Ferdigstilling av profilhandbok

Arbeidet med profilmanual har gått over fleire år og det gjenstår ein del før me har eit reidskap for å sikre at kommunen kommuniserer klar, konsist og profesjonelt. Det som i hovudsak gjenstår er m.a. ferdige malar i fleire versjonar med ulike fargekombinasjonar og format , illustrasjonar/teikningar som fortel korleis malane skal implementerast på ulike plattformer som til døme nettsider, SOME, trykkmateriell, skilt, uniformer, biler m.meir. Det bidrar til at kommunen møter publikum med en konsekvent profil på alle plattformer.

Nytt biblioteksystem

Biblioteket i Eidfjord har brukt eit system som heiter Mikromarc som går ut i august 2025. Biblioteka er i ferd med å etablere nye system som t. d Quira og Bibliofil som er skybaserte og gir tilgang til meir moderne funksjonalitet og som tilbyr en betre integrasjon med andre bibliotek både nasjonale og internasjonale. Skybaserte løysningar er billigare i drift og vil redusere den årlege kontingent avgifta. Midlane som er lagt inn er ein eingongsinvestering for kjøp av system.

Nasjonalpark kommune

Eidfjord kommune vedtok i august 2021 å søkja medlemskap i Nasjonalpark kommunar og -landsbyar (NPKL). Som medlem av NPKL fyljer det mange kriterier, og eit av dei er at det skal informera om Nasjonalparkkommunen i kommunen sitt tettstad. I dag har me informasjonsskilt på Tinnhølen og i Tråastølen, men manglar informasjon i kommunesenteret. Det er ikkje lagt inn midlar til dette i budsjett eller økonomiplan i påvente av arbeidet med besøksforvaltningsplan.

Kunstdatabase og nettgalleri

Det har lenge vore ein trong for å kunne samle all kunst som Eidfjord kommune eig og som heng rundt i dei forskjellige kommunale bygga ein digital database. Det er lenge sidan me hadde oversikt over dei ulike kunstverka og det eit stort behov for å få ei digital løysing slik at me til ein kvar tid veit kva me har av kunst og kvar dei befinner seg. I tillegg vil ein slik digital løysing gje høve til å ha nettgalleri der me kan selje bøker digitalt.

Strategiske utfordringar

- Knappeheit på ressursar og kompetanse for å oppretthalde og forsterke kvaliteten på tenester på eininga
- Å sikre betre samhandling og koordinering mellom tenestene slik at ein betre utnyttar ressursbruken og aukar effektiviteten



Budsjett 2025 Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

- Å sikre betre samhandling og dialog mellom det offentlege, lag og organisasjonar og næringsliv
- Å sikre og forsterke dei eksisterande offentlege kultur og folkehelse tilbodet, slik at ein fremjar trivsel, fellesskapskjensle og bulyst
- Å implementere berekraft i alle einingane i kommunen gjennom samarbeid og koordinering slik at me får heilheitleg resultater.
- Å sikra at kommunen nettsider, appar og andre digitale plattform er brukarvenlege og tilgjengelege for alle, inkludert personar med funksjonshemming.



7.5 Drift & Forvaltning – Drift

Budsjett

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|------------|------------|------------|------------|
| 01-09 Løn inkl. trygd og avgift | 17 766 203 | 18 336 203 | 18 906 203 | 19 476 203 |
| 10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod | 15 672 190 | 16 085 190 | 16 515 190 | 16 945 190 |
| 30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon | 1 585 500 | 1 585 500 | 1 585 500 | 1 585 500 |
| 40-49 Overføringsutgifter | 1 372 857 | 1 372 857 | 1 372 857 | 1 372 857 |
| 60-69 Sals- og leigeinntekter | -3 971 100 | -3 971 100 | -3 971 100 | -3 971 100 |
| 70-79 Refusjonar | -2 130 057 | -2 130 057 | -2 130 057 | -2 130 057 |
| | 30 295 593 | 31 278 593 | 32 278 593 | 33 278 593 |

Nye tiltak/budsjettendringar

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---------------------------------|---------|------|------|------|
| Auka post vedlikehald grusvegar | 300 000 | 0 | 0 | 0 |

Tenesteområder

Tenesteområdet Drift & Forvaltning – Drift er ein av tre budsjettområde som ligg under Drift & Forvaltning.

- Ansvar 50 – Drift
- Ansvar 52 – Reinhold
- Ansvar 59 – Brannvern

Det ligg ulike arbeidsoppgåver til dei ulike ansvara under budsjetteininga – Drift. For dei ulike kan det nemnast:

Drift har ansvar for:

Kommunale bygg og vegar og parkeringsplassar

Kommunale eigedomar

Vaktmeisterteneste på dei ulike bygningane

Kommunale fellesareal, grøntområde og bostøemming.

Oppfølging av prosjekt, både i driftsbudsjettet og i investeringsbudsjettet

Reinhold har ansvar for:

Reinhold i kommunale bygningar

Oppfølging av reinhold av offentlege toalett

Brann har ansvar for:

Brann og redningsarbeidet innan eigen kommune og bistand til nabobrannvesen

Feiing, tilsyn og førebyggjande arbeid for branntryggleiken.



Budsjett 2025 Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

Det er mange og ulike oppgåver som drifta i kommunen skal løysa. Det vert gjort innleige frå privat næringsliv for å få alle oppgåvene gjennomført. Det vert leigd inn andre aktørar for å gjera heile eller deler av dei kommunale oppgåvene. Som eksempel vert heile oppgåva med feing av piper utført av innleigd personell. Reinhold av offentlege toalett vert gjennomført av eksternt firma. Eininga leiger og inn andre når me treng spesiell kompetanse/utstyr eller ikkje tilstrekkeleg kapasitet i eiga eining.

Det vil i budsjettåret koma mange utfordrande oppgåver som skal løysast. Arrangement er ein av dei. For utan dei vanlege arrangementa som vert arrangert i kommunen kvart år, skal det i 2025 og vera NM i handbak og Landskappleik. Dei skal halda til i kommunale bygningar og det vil føra til mange tilreisande. Sjølv om ikkje kommunen er arrangør vil det nok likevel verta noko meirarbeid knytt til den aktiviteten slike arrangement tek med seg til bygda.

Me skal og i budsjettåret ha fokus på at det fortsatt skal vera gode tenester til innbyggjarar og tilreisande.

Budsjettåret 2025 vil og verta sterkt prega av investeringsprosjekt på fleire av einingane. Investeringar som er direkte knytt opp til drift kan me nemna tilbygg på idrettshallen, oppgradering av basseng på samfunnshuset og oppgradering av Sæbø skule som nokon av desse. Investeringar i eigne bygg og infrastruktur er viktig for å ivareta det me eig og nyttar i tenesteproduksjon. Men aktivitetsnivået må justerast i høve kapasitet av ressursar og midlar kommunen har tilgjengeleg, over dei siste åra har aktivitetsnivået vært for høgt noko som og går utover kvalitet og kapasitet til oppfylgjing og informasjon.

Dei fleste av varer og tenester som vert innkjøpt har vorte mykje dyrare dei siste åra. Spesielt serviceavtalar og reparasjonar er noko som det har vore overforbruk på i høve budsjett tidlegare. Det må nok til intern proritering i budsjettet for at det ikkje skal vera overskridingar.

I brannvernet vil det i løpet av 2025 verta levert ny branntankbil. Det vil fortsatt vera eit fokus på betre materiell og betre trentemannskap for å vera rusta for den auka trafikken som kjem til å koma gjennom kommunen når Lærdalstunnelen skal stenga.

Personalressursar totalt:

| Funksjon | Årsverk |
|------------------------------|---------|
| Einingsleiar | 1,0 |
| Driftsleiar | 1,0 |
| Konsulent | 0,8 |
| Ansv.tekniske installasjonar | 1,0 |
| Vaktmeister | 3,0 |
| Fagarbeidarar | 5,2 |
| Gartnar | 1,0 |



Budsjett 2025 Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

| | |
|--------------------|-----|
| Leiande reinhaldar | 1,0 |
| Reinhald | 5,1 |
| Brann | 0,6 |

Samla årsverk 19,9.

Mål

| | Resultatmål 2025 | Målemetode |
|---|--|------------|
| 1 | Lysa ut avtale om næringsavfall | |
| 2 | Få ned driftskostnader der det er mogeleg samt ha fokus på innkjøpsavtalar | |
| 3 | Redusera sjukefråvær på reinhald | |
| 4 | Ny struktur på drift av badstu på Kråkeskarvet | |

Budsjettkommentar:

For 2025 budsjettet er det lagt inn auke i vedlikehald av vegar. Utover auke til vegar så har og er det høgt aktivitetsnivå på ulike prosjekt der drift er involvert. Kostnadsauken i samfunnet har og medført ekstra arbeid og ekstra vurderingar i høve prosjekt. Samla sett har ein ett etterslep på prosjektsida som ein arbeidar med å få kontroll på og meir realistisk plan for gjennomføring av prosjekt.

Strategiske utfordringar:

Vera godt rusta til å ta imot mange tilreisande i ein lengre sommarsesong enn tidlegare. Det er fortsatt ynskje frå leverandørar om fleire ladestasjonar i Eidfjord. Tenestene som vert tilbydt skal vera gode. Det bør vurderast om det skal innførast andre driftsformer på enkelte tenester/tilbod. Drift av badstu på Kråkeskarvet kan vera eit aktuelt prosjekt å sjå på.

Utfordrande med høgt aktivitetsnivå, mange bygg og uteareal som skal vedlikehaldast samstundes som det ynskje om vidareutvikling og nye tiltak.



7.6 Drift & Forvaltning - Vatn og avlaup

Budsjett

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|
| 01-09 Løn inkl. trygd og avgift | 3 215 340 | 3 215 340 | 3 215 340 | 3 215 340 |
| 10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod | 4 483 210 | 4 599 210 | 4 719 210 | 4 839 210 |
| 30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon | 1 955 000 | 1 955 000 | 1 955 000 | 1 955 000 |
| 40-49 Overføringsutgifter | 41 000 | 41 000 | 41 000 | 41 000 |
| 60-69 Sals- og leigeinntekter | -21 376 515 | -25 496 601 | -28 351 994 | -28 888 868 |
| | -11 681 965 | -15 686 051 | -18 421 444 | -18 838 318 |

Nye tiltak/budsjettendringar

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|-------------------------------------|---------|---------|---------|---------|
| Auka post slamhandtering Eidfjord | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| Auka post slamhandtering Sysendalen | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| Auka lisenskostnadar (Komtek) | 240 000 | 240 000 | 240 000 | 240 000 |

Tenesteområder

Innhald i tenesteområdet er å drifta, vedlikehalda, oppgradera og vidareutvikla system for drikkevatt, avlaupsvatn og overflatevatn.

Kommunen er delt i to sjølvkostområde på vass og avlaupstenester. Sysendalen (ansvar 54) er eit sjølvkostområde. Resten av kommunen (ansvar 53) er eit sjølvkostområde. Det betyr at alle utgifter og inntekter som kommunen har på VA tenester vert fordelt på dei to ansvara etter kvar dei høyrer heime. Ved full sjølvkostdekning vil abonnentane i dei enkelte ansvarsområda dekkja kostnaden med drifta fullt ut.

Kommunen har i dag anlegg på Bu, Brimnes, Simadal, Eidfjord, øvre Eidfjord og Sysendalen. Anlegga består av leidningsnett til både vatn, avlaup og overflatevatn. I tillegg til dette er vassreinseanlegg, høgdebasseng, avlaupsreinseanlegg, trykkaukestasjonar og pumpestasjonar ein del av anlegget.

Personalressursar totalt:

| Funksjon | Årsverk |
|------------------|---------|
| Sakshandsamar | 1,0 |
| Driftsoperatørar | 3,4 |

Totalt 4,4 årsverk i 2025. 1 årsverk ført på prosjekt Sysendalen Renseanlegg.



Sysendalen reinseanlegg:

Mykje av ressursane vil i budsjettåret vera knytt til etablering av nye Sysendalen Reinseanlegg på Gommakvile. Det vil i store deler av 2025 verta utført grunnarbeid for det komande reinseanlegget. Dei fleste kontrakter vil vera avklarte i fyrste kvartal av 2025.

Det er ikkje lov å knyta til nye abonnentar til dei eksisterande reinseanlegga i Sysendalen. Dette vil mest truleg føra til auka press på forsering av byggetid. Me skal prioritera framdrift så godt det lar seg gjera utan at det går ut over kvaliteten på det nye anlegget, og at den økonomiske risikoen vert for høg.

Tilknytningsstoppen i Sysendalen tettbebyggelse medfører at kommunen har dialog med tiltakshavarar og interessentar i forhold til mellombelse tiltak som til dømes tett tank, for at ein skal kunne byggja i perioden med tiltaksstopp.

Andre oppgåver:

Det vil og verta gjennomført asbestsanering på vassverk i Eidfjord. Det har i 2024 vore gjennomført eit godt stykke arbeid for å leggja ein god plan korleis desse arbeida kan gjennomførast både trygt for arbeidarar, driftsoperatørar og drikkevassikkerheit.

Mål

| | Resultatmål 2025 | Målemetode |
|---|---|-------------------------------------|
| 1 | Få på plass ny avtale om levering av ristgods | Utlysing |
| 2 | Ikkje ha forureining til det ytre miljø | Vassprøvar og kontroll på lekkasje. |
| 3 | Kontroll og øving av materiell til bruk for nødvassdistribusjon | Øving og kontroll |

Budsjettkommentar:

Det er sannsynleg å få på plass ein meir berekraftig og billegare løysing for levering av ristgods frå anlegget i Eidfjord.

Ved dei andre reinseanlegga vil mest sannsynleg ordninga vera slik som i dag. Når nye Sysendalen reinseanlegg er ferdig vil kostnaden med slamhandtering kunne reduserast.

Det har tidlegare ikkje vore budsjettert med kjøp av råvatn til vassbehandlingsanlegget knytt til Sysendalen avgiftsområde på Leiro. Råvatn til vassverket vert henta frå Sysendammen, frå Statkraft sin infrastruktur. Det er sett ein pris på vatnet som kommunen nyttar som vert fakturert frå Statkraft.



Auka lisenskostnader er knytt opp til driftskontrollsystemet. Det vil i løpet av 2025 koma på plass ein ny rammeavtale på driftskontrollsystem. I ein overgangsfase vil ein måtte ha i drift både nytt og eksisterande system for å vera sikra mot nedetid.

Strategiske utfordringar:

Det vil koma krav til auka reinsegrad frå dagens silanelgg i Eidfjord til sekundærreinanlegg. Det er ikkje heilt klart kva som vert dei eksakte krava og kva tid dei vil gjelda for Eidfjord. Avlaupsreinanlegga som er i Eidfjord, har begynt og nerma seg levetida si, og bør uansett koma inn i økonomiplanen for oppgradering. Det vil truleg verta meir fokus på dette prosjektet når avlaupsreinanlegget i Sysendalen er ferdigstillt.

Sikring av sikkert drikkevatt vil vera eit fokusområde framover. Dette gjeld både anleggssikkerheit, datasikkerheit og vasskvalitet. Det vil fortsatt vera arbeid med å forbetra dette i budsjettåret 2025.

Overtaking av VA anlegg og oppfølging av VA norm, legg føringar for kommunen si ressursbruk i høve sjølvkostområdet, spesielt i Sysendalen avgiftsområde. Kommunal eigarskap medfører heilhetleg drift og utvikling, men og auka kostnadar for kommunen.



7.7 Drift & Forvaltning – Forvaltning

Budsjett

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|------------|------------|------------|------------|
| 01-09 Løn inkl. trygd og avgift | 5 675 721 | 5 835 721 | 5 995 721 | 6 155 721 |
| 10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod | 2 247 600 | 2 302 600 | 2 362 600 | 2 422 600 |
| 30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon | 483 000 | 483 000 | 483 000 | 483 000 |
| 40-49 Overføringsutgifter | 544 900 | 544 900 | 544 900 | 544 900 |
| 60-69 Sals- og leigeinntekter | -1 388 200 | -1 388 200 | -1 388 200 | -1 388 200 |
| 70-79 Refusjonar | -214 900 | -214 900 | -214 900 | -214 900 |
| | 7 348 121 | 7 563 121 | 7 783 121 | 8 003 121 |

Nye tiltak/budsjettendringar

Drift & forvaltning - Forvaltning

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|--|------|------|------|------|
| | 0 | 0 | 0 | 0 |

Tenesteområde

Ansvarsområda forvaltning omfattar plan, byggesak, landbruksforvaltning, miljø og forureining, kart og oppmåling, matrikkelføring, vilt- og fiskeforvaltning.

Avdelinga har også ein jurist som skal bidra i juridiske spørsmål og offentlege innkjøp, også for andre einingar. Det vert kjøpt 20% stilling knytt til landbruk frå Ulvik.

Kommuneplanen sin arealdel er under rullering og skulle etter framdriftsplanen vedtakast i 2024. Me har ikkje kome så langt at arealdelen kan vedtakast i 2024. Dette arbeidet må vidareførast i 2025. Denne planen er eit viktig arbeid og skal leggje overordna føringar for arealbruken i Eidfjord. Eidfjord har fleire reguleringsplanar av eldre dato, og planar det vert brukt mykje tid på å tolka. Det må og verta gjort ei vurdering om det er planar som burde opphevast/rullerast.

Det vil i 2025 vera fokus på tilsyn. Tilsyna skal vera basert på ein tilsynsstrategi som ligg til grunn for kva som er fokusområde for dette arbeidet.

Det vil og vera ei prioritert oppgåve å drive tilsyn og registrering på avlaupsanlegg etter kap. 12 i forureiningsforskrifta. Dette vil gjelda heile kommunen.

Det er lite sjukefråvær og ingen vakante stillingar på avdelinga. Dette er eit godt grunnlag for å gjera ein god jobb med saksbehandling som er knytt til eininga.

Det vil i 2025 verta stort fokus på Hardangervidda og områda rundt Hardangervidda. Tema som villrein, besøksfovaltning, motorisert ferdsel, beite, jakt, fiske, lokale rettar og ulike former for ferdselsrestriksjoner er nok grunnlag for mykje jobb i 2025. Me skal jobba for at forslag og tiltak er godt lokalt forankra. Dette vil nok verta krevjande, ikkje berre for administrasjonen.



Personalressursar:

| Funksjon | Årsverk |
|---|---------|
| Avdelingsleiar forvaltning | 1 |
| Rådgjevar arealplan | 1 |
| Rådgjevar byggjesak | 2 |
| Rådgjevar natur, miljø og landbruk (kjøpar 30 % landbruk frå Ulvik) | 1,3 |
| Oppmålingsansvarleg | 1 |
| Jurist | 1 |

Mål

| | Resultatmål 2024 | Målemetode |
|----------------|---|--|
| Økonomi | Me skal ikkje ha avvik frå budsjettet | Budsjettkontroll |
| Forureining | Føre tilsyn med alle reinseanlegg i kapittel 12 | |
| Hardangervidda | God og bærekraftig forvaltning for framtida | Delta aktivt i fora der kommunen er invitert |

Budsjettkommentar:

Det er lagt inn auka midlar for å få gjennomført planar som er prioritert i planstrategien. Deler av planarbeidet må gjennomførast ved innleige.

Det er mindre aktivitet i byggebransjen og ein må kompensera for mindreinntekter knytt til gebyr for byggesaker og kart/oppmåling.

Strategiske utfordringar:

Det vil vera arbeid knytt til vidare utvikling av lokalsamfunnet på ulike felt. Dette vil ikkje berre begrensa seg til arbeid med areal til bustadtomter. Det vil og vera planverk for å sikra eksisterande næringsaktivitet og gje grobunn for nye næringar. Forskrift om parkering og spesielt i sentrum av Eidfjord meiner me må vera eit satsingsområde. Det er særskilt mange turistar som kjem kvart år og ei betre regulering for å redusera dei lokale ulempene meiner me bør koma på plass. Involvering av alle relevante aktørar må på plass viss dette skal verta ein suksess.

Avdelinga skal fortsatt vera på tilbodssida for å bidra til gjennomføring av prosjekt frå andre sektormyndigheiter slik som blant anna NVE, Statens Vegvesen og Fylkeskommunen. Me er og avhengig av å få med oss dei ulike sektormyndigheitene på ulike prosjekt og område kommunen arbeider med, som til dømes kjerøyna.



7.8 Helsetenesta

Budsjett

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|------------|------------|------------|------------|
| 01-09 Løn inkl. trygd og avgift | 10 675 105 | 10 975 105 | 11 275 105 | 11 575 105 |
| 10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod | 2 132 800 | 2 194 800 | 2 256 800 | 2 318 800 |
| 30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon | 3 373 744 | 3 373 744 | 3 373 744 | 3 373 744 |
| 40-49 Overføringsutgifter | 244 650 | 244 650 | 244 650 | 244 650 |
| 60-69 Sals- og leigeinntekter | -645 000 | -645 000 | -645 000 | -645 000 |
| 70-79 Refusjonar | -1 784 650 | -1 784 650 | -1 784 650 | -1 784 650 |
| 90-90 Finansieringsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 13 996 649 | 14 358 649 | 14 720 649 | 15 082 649 |

Nye tiltak/budsjettendringar

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|--|----------|----------|----------|----------|
| Auka kostnad interkommunal legevakt | 300 000 | 300 000 | 300 000 | 300 000 |
| BTI, Betre tverrfagleg innsats, implementering | 150 000 | 150 000 | 150 000 | 150 000 |
| Inndecking BTI, bunde fond | -150 000 | -150 000 | -150 000 | -150 000 |
| Auke posten legevikar | 300 000 | 0 | 0 | 0 |

Tenesteområde

Helsetenesta i Eidfjord kommune omfattar førebygging og behandling. Tenesta dekkjer:

- Legetenesta
- Psykisk helse og rus
- Fysioterapi
- Helsestasjon- og skulehelsetenesta
 - Barnekoordinator/BTI prosjektleiar (Betre tverrfagleg innsats)
- Jordmorteneste
- Kreftsjukepleiar
- Diabetessjukepleiar

Tenestene skal driva framtidsretta helsetenester som er samanhengande, tilgjengelege og førebyggjande.

Legetenesta



Legekontoret i Eidfjord har som hovudoppgåve å tilby medisinsk behandling, rådgjeving og oppfølging til pasientar og pårørande. Legekontoret tek i mot både planlagde og akutte førespurnader. Ved behov viser legen til spesialist eller andre helsetenester for vidare utgreiing eller behandling. Legekontoret samarbeider med anna helsepersonell i kommunen, til dømes Bygdaheimen, heimesjukepleie, fysioterapeut og psykisk helse. Legekontoret har og ei viktig rolle i å fremje helse og førebyggje sjukdom. Dette kan inkludera vaksinasjonar, helseundersøkingar, rådgjeving om sunn livsstil og oppfølging av kroniske sjukdommar.

Kommuneoverlege har ansvar for å ivareta folkehelsa, og sikre at innbyggjarane i kommunen har tilgang på gode helse- og omsorgstenester. Dette omfattar overvaking og vurdering av helsetilstanden i kommunen, utarbeiding og implementering av helsefremjande og førebyggjande tiltak, samt gje rådgjeving til kommunen si politisk og administrative leiing. Kommuneoverlegen deltek og i beredskapsarbeid og krishandtering, utøver tilsyn og kontroll med helsetenester ved skular, barnehagar og serveringsstader. Kommuneoverlegen har og ei viktig rolle i utvikling og implementering av helsepolitiske planar, og deltek i nasjonale og regionale nettverk og samarbeid innan folkehelse.

Det er tre fulle legestillingar i Eidfjord kommune fordelt på kommuneoverlege, kommunelege II og lege i spesialisering- LIS1 (turnuslege).

Kommuneoverlege: 50% administrativ/50% klinisk arbeid. Kommuneoverlegen skal stette arbeidet med samfunnsmedisin og miljøretta helsevern. I tillegg kjem det arbeid og oppfølging kring smittevern, beredskap, rutinar og utvikling av legesenteret, rettleiing av LIS1 og samarbeid med helsetenestene.

Kommunelege II: 80% klinisk arbeid/20% institusjon, i denne stillinga inngår rettleiing av LIS1.

LIS1: 100%, er under utdanning, kan jobbe sjølvstendig i mykje, men ikkje i alt arbeid.

Helsepersonell på legekontoret:

Frå september 2023 har det vore tilsett 3 sjukepleiar i 100% stilling ved legekontoret i Eidfjord.

Helsepersonell har ansvar for å gje behandling, omsorg og rettleiing til pasientar. Dette kan mellom anna vera laboratoriearbeid, stell av sår, KOLS kontrollar, vaksineringsassistansse til legane og råd pr telefon. Det er og knytt administrative oppgåver som koordinering av vaksineringsressursstyring, internkontroll og kontering/økonomi til desse stillingane.

Psykisk helse og rus

Psykisk helse er mellom regjeringa sine viktigaste satsingsområde.

Kommunen kjøper **kommunepsykologteneste**, 20% frå Voss herad. Kommunepsykologen sitt kliniske arbeid er meint å vera eit lågterskeltilbod og ha fokus på å førebygging psykiske vanskar.

Kommunepsykologen skal bidra til å løfta kompetansen om psykisk helse i kommunen. Funksjonen skal tilby undervising og rettleiing, individsamtalar, bistand på systemnivå med evaluering, tenesteutvikling og kommunalt plan og utgreiingsarbeid.

Psykiatrisk sjukepleiar gjev lågterskel tilbod til vaksne over 18 år og har som hovudoppgåve å tilby helsetenester og støtte til personar med psykiske helseproblem. Det er kommunen sjølv som skal syta for at barn og unge med milde til moderate, psykiske vanskar får hjelp. Psykiatrisk sjukepleiar har i 2024 kunna gje tilbod til barn/ungdom fordi me har fått midlar frå Statsforvaltaren til 50% stilling for å styrkje helsestasjon og skulehelsetenesta. Psykiatrisk sjukepleiar har fast dag på skulen ein dag i veka der elevane kan kome til samtalar,

Folkehelsearbeidet i kommunen har som mål å fremje helse og førebyggje sjukdom i befolkninga.

Førebyggingskoordinator er organisert under Kultur, næring og berekraft, 50% av stillinga er knytt til helseavdelinga og midlar frå Helsedirektoratet. Målet er å bidra til betre livskvalitet, meistring og



moglegheit for ei aktiv og meiningsfull tilvære for personar med rusmiddelrelaterte problem. Samt deira pårørande, gjennom å styrkje tilbodet innan førebygging, tidleg intervensjon, behandling og oppfølging.

Fysioterapi

Fysioterapeutane i kommunen har som hovudoppgåve å tilby helsetenester og behandling til personar med muskel- og skjelettplager, nevrologiske lidingar og andre fysiske helseplager. Fysioterapi har ei behandlande rolle, er aktiv i førebyggjande arbeid, og med kvardagsrehabilitering. Vidare har fysioterapien ansvar for rutinemessig undersøking av spedborn i lag med helsestasjon. På Bygdaheimen har fysioterapien oppfølging eit varierende tal pasientar. Terapibassenget og treningssalen som er lokalisert i fysioterapiavdelinga har stor pågang av brukarar.

Det er 160% stilling til fysioterapi i Eidfjord kommune. Det er tilsett to fysioterapeutar i faste stillingar med statleg fastlønstilskot. Sidan 2022 har det vore tilsett vikar i ein av stillingane. Det er ikkje venteliste på fysioterapi

Helsestasjon- skulehelsetenesta

Helsestasjonen er ein viktig del av helsetilbodet til born og deira familie. Helsestasjon har som hovudoppgåve å fremje god helse og trivsel hjå barn, og gje støtte og rettleiing til foreldre/føresette. Helsestasjonen utfører regelmessige helseundersøkingar av barn frå fødsel til skulealder. Helsestasjon føl og opp vaksinasjonsprogram og gjev råd om ernæring og førebyggjande tiltak. Vidare har helsestasjon ei viktig rolle i å identifisere tidlege teikn på eventuelle helseproblem eller utviklingsforstyringar hjå barn. Dette kan inkludere å observere barnet si utvikling, utføre testar og viser til lege eller spesialisthelseteneste ved behov. Tidleg intervensjon kan bidra til å førebyggje eller redusere eventuelle negative konsekvensar. Helsestasjon samarbeider med fastlege, barnekoordinator, jordmor, fysioterapeut, barnehage og skule. Logoped og psykolog kan og vera samarbeidspartar.

Jordmor

Svangerskaps- og barselomsorg er eit tilbod der jordmor gjennomfører kontrollar for å medverka til at svangerskap og fødsel vert gjennomført på ein trygg måte for mor og barn. Jordmor og helsesjukepleiar tilbyr heimebesøk til alle nyfødde. Kommunen kjøper jordmortenester, 10% av Helse Bergen.

Barnekoordinator:

Som fylgje av [Likeverdsreformen, 2021](#), er rett til barnekoordinator no nedfelt i [Helse- og omsorgstjenesteloven §7-2a](#), og i [Pasient og brukerrettighetsloven §2-5c](#). Retten til barnekoordinator vil gjelde for familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, der barnet har behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester.

Eidfjord kommune har tilsett Barnekoordinator i 50%

BTI – prosjektleiar – Førebyggjade plan



BTI handlar om å bidra til at born og unge får ei positiv utvikling tidleg i livet.

Eidfjord kommune søkte om midlar til betre tverrfagleg arbeid i kommunen i november 2022, og har med dette starta arbeidet med BTI.

BTI (Betre Tverrfagleg Innsats) er ein samhandlingsmodell for tidleg intervensjon og tverrfagleg samarbeid. Den er eigna for tenester som møter born, unge og føresette det er knytt undring eller bekymring til. BTI består av to hovudelement; ein handlingsrettleiar og Stafettloggen. Formålet med BTI-modellen er å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats utan at det blir brot i oppfølginga. Born som har det vanskeleg skal verta sett og følgt opp. Betre tverrfagleg innsats (BTI) er ein modell som skal sørge for at barnet ikkje fell mellom fleire stolar. Kommunane skal sikra gode oppvekstvilkår for alle. Stadig fleire kommunar tek i bruk BTI modellen med mål om å gje rett hjelp til rett tid.

Eidfjord kommune er i ferd med å utarbeide BTI-modellen for å styrka det systematiske arbeidet med barn og unge og gravide som er knytt til bekymringar. BTI-modellen skal sikre god informasjonsflyt, brukarmedverknad, dokumentasjon og samordning av tenester.

I planperioden bør denne stillinga verta ein del av drift i helseavdelinga.

Kreftsjukepleiar

Kreftsjukepleiar har ei viktig rolle i å gje omsorg og rettleiing til personar som er ramma av kreft og deira pårørande. Arbeidet omfattar mellom anna opplæring til pasient og pårørande om kreft, behandlingalternativ og eigenomsorg, koordinering av tenester, støttesamtalar, rådgjeving kring smertelindrande tiltak og palliativ omsorg. Kreftsjukepleiar samarbeider med fleire funksjonar internt helse og omsorg og spesialisthelsetenesta og har ansvar for pakkeforløp hjem for pasienter med kreft.

Diabetessjukepleiar

Diabetessjukepleiar har ei viktig rolle i å gje omsorg og rettleiing til personar med diabetes og deira pårørande. Dette omfattar mellom anna kontroll og oppfølging, rettleiing og rådgjeving innan medisinerings, kosthald, fysisk aktivitet og førebygging av komplikasjonar. Diabetessjukepleiar samarbeider med fleire funksjonar internt helse og omsorg og spesialisthelsetenesta.

Folkehelse

Folkehelsearbeidet i kommunen har som mål å fremje helse og førebyggje sjukdom i befolkninga. Førebyggingskoordinatør er organisert under Kultur, næring og berekraft, 50% av stillinga er knytt til midlar frå Helsedirektoratet der målet er å bidra til betre livskvalitet, meistring og moglegheit for ei aktiv og meningsfull tilvære for personar med rusmiddelrelaterte problem og deira pårørande gjennom å styrkje tilbodet innan førebygging, tidleg intervensjon, behandling og oppfølging.

Personalressursar totalt:

| Funksjon | Årsverk |
|---|---------|
| Administrative funksjonar (kommunelsjef, deler av sjukepleiarstillingane) | 0,6 |
| Kommuneoverlege | 0,5 |
| Fastlege | 1,5 |



Budsjett 2025
Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

| | |
|---|-----------|
| Lege i spesialisering - Lis 1 (turnuslege) | 1 |
| Hjelpepersonale legekantor (sjukepleiarar) | 2,6 |
| Helsesjukepleiar | 1 |
| Psykiatrisk sjukepleiar | 0,5 + 0,5 |
| Fysioterapi | 1,6 |
| Diabetessjukepleiar (har stilling i pleie og omsorg) | 0,1 |
| Kreftsjukepleiar (har stilling i pleie og omsorg) | 0,1 |
| Barnekoordinator/ BTI prosjektleiar (BTI tilskot) | 1 |
| Ruskonsulent (tilskot over 2 år, er slått saman med folkehelsestilling til førebyggingskoordinator) | 0,5 |
| Kjøpte tenester | |
| Kommunepsykolog (Voss herad) | |
| Jordmor (Helse Bergen) | |
| Miljøretta helsevern (Ullensvang kommune) | |
| Friskliv og meistring (Voss herad) | |
| Krisesentertilbod/overgrepsmottak | |

Sjukefråvær. Kommunalområdet helse syner eit resultat hittil i år på 11,14 %. Eidfjord kommune er ein IA verksemd og skal ha fokus på å førebyggja og fylgje opp sjukefråværet i høve vedtekne rutinar. Å sikra god oppfylgning og leggje til rette arenaer der fråvær vert kommunisert er ei prioritert oppgåve for alle leiarar i Eidfjord kommune.

Mål

| | Resultatmål 2025 | Målemetode |
|---|--|-------------------|
| 1 | Helsehus - vedtak om nybygg eller rehabilitering av eksisterande lokalar | Vedtak |
| 2 | Digitalisering internkontroll medisinsk teknisk utstyr (MTU) - pasientens legemiddelliste PLL) - velferdsteknologisk knutepunkt (VKP) | |



| | - Notessess (KI – journalnotat) | |
|---|--|-------------------------|
| 3 | Oppretthalde same nivå på inntening gjennom takstsystem som 2024 - legekantor | Månadlege rapportering |
| 4 | Oppretthalde same nivå på inntening gjennom takstsystem som 2024 - fysioterapi | Månadleg rapportering |
| 5 | Utarbeide kompetanseplan for tilsette | Eigenrapportering |
| 6 | Implementere betre tverrfagleg innsats (BTI) | Rapportering i prosjekt |
| 7 | Sjukefråværet på eininga skal ikkje overstige 6 % | Sjukefråvær statistikk |
| 8 | Alle 6 åringar skal få tilbod om skulestartundersøking med helsesjukepleiar, lege og fysioterapi innan oktober | Eigenrapportering |

Budsjettkommentar

Fokusområde i helseavdelinga framover er å:

- Kompetent og tilstrekkeleg personale i alle tenestene/funksjonar - kvalitet
- Helsehus prosjekt med rehabilitert eller nytt bygg til helsehus
- Digitalisering og velferdsteknologi
- Psykisk helse
- Rehabilitering og førebygging,
- Samarbeid - Samskaping og samhandling

Kompetent og tilstrekkeleg personale - kvalitet

For å behalde legar og helsepersonell på lang sikt og oppretthalde kvalitet i tenesta er det viktig å tilby moglegheiter for kompetanseutvikling og opplæring. Dette kan vera deltaking i spesialisering, vegleiiing, nettverk, kurs, og konferansar. Mange av desse kan ein delta på via digitale løysingar, men ofte krevst både reising og innleige av vikar. Eit overordna mål for legetenesta er ei fagleg sterk allmennlegeteneste og ei attraktiv og robust fastlegeordning.

Ulike rekrutterings- og stabiliseringstiltak i fastlegeordninga er viktig for å nå dette målet. Det må i planperioden arbeidast for å sikra økonomisk berekraftige driftsform, kvalitet og naudsynt beredskap. Det er og viktig å leggja til rette for at tiltaka i nasjonal handlingsplan skal kunne gjennomførast lokalt.

Helestenesta har fleire behov og endringsynskjer ein må arbeida vidare med i 2025 og resten av økonomiplanperioden:

1. legetenesta
2. psykiatrisk sjukepleiar
3. barnekoordinator/BTI prosjektleiar/familieterapi
4. flyttingekoordinator (ligg til Nav sosial)

Legetenesta

Erfaringar syner at det er stort press på legetenesta og det vert lagt meir oppgåver og forventning på fastlegen si oppfølgingsplikt. Den demografiske utviklinga vil føre til at det vil vera eit behov for å styrke grunnbemanninga i legetenesta i nær framtid.



I 2020 vart lovverket endra for krav til kompetanse for legar som skal ha legevakt. Denne lovendringa har gjort det svært vanskeleg for Eidfjord å drifte daglegevakt i samsvar med lovverket. Det er i dag to faste legar og ein LIS1. For å ha sjølvstendig legevakt må legen vera legevaktskompetent, som vil sei at fleire krav må vera innfridd. Dersom desse krava ikkje er innfridd har kommunen plikt til å opprette ei bakvaksordning der bakvakt må vera legevaktskompetent. Eidfjord kommune er lovpålagt å ha lokal daglegevakt, man-fre 08-16. I Eidfjord er det berre ein lege som er legevaktskompetent, og med unntak av tre veker har situasjonen vore slik frå januar 2022. Gjennom det siste året har legevakt i Eidfjord hatt daglegevakt utan bakvakt fleire dagar i veka. Frå september – desember 2024 vil daglegevakt i Eidfjord vera bemanna av lege utan kompetansekrav i unntaksordning 2-3 dagar i veka. Legevaktsbemanninga er og ei svært stor belastning for legane som jobbar fast.

Sommarferien er og vanskeleg då me ikkje har hatt god nok legebemanning. Dei siste to åra har ikkje kommunen klart å gje LIS1 tilstrekkeleg supervisjon i samsvar med dagens krav. Det har og vore for stor belastning for gjenverande legar under ferieavvikling. Fleire andre kommuneoverlegar og Statsforvaltaren har kommentert at det ikkje er berekraftig med dagens bemanning. Det vert for høg belastning for gjenverande legar og det er ikkje forsvarleg.

Forslag til auka legebemanning

Behov for tre fast tilsette legar. To fastlegar og ein kommuneoverlege. Dette vil gje føreseieleg arbeid og tenester og Eidfjord kommune kan drifte daglegevakt i samsvar med lovverket. Det vil og redusere belastinga på kvar enkelt lege.

Ny stilling skal kan finansierast ved å redusere/fjerne vikarbruken og sal av funksjonar til andre kommunar. Me vil dreie lønskostnadane mot bruk av fastlønnsmiddlar i staden for variabel lønn. Dette er tilsvarande strategi som er nytta i pleie og omsorg si satsing på heiltidskultur.

Eit anna alternativ er å utgreie bruk av «nordsjøturnus» for legar. Dette vil også krevje tre faste legeheimlar.

Rådmann har ikkje lagt inn auka legebemanning i budsjett eller økonomiplan. Helestenesta vil arbeida vidare med plan for finansiering og plan for styrka legebemanning i 2025. Samarbeid med nabokommunane vert og tema.

Psykisk helse

Psykisk helse er mellom regjeringa sine viktigaste satsingsområde jf. Meld. St. 23 (2022–2023) Opptappingsplan for psykisk helse (2023–2033) Opptappingsplanen viser regjeringa sin innsats for heile det psykiske helsefeltet. Planen har tre innsatsområde:

- Helsefremjande og førebyggjande psykisk helsearbeid,
- gode tenester der folk bur og
- tilbod til personar med langvarige og samansette behov.

Psykisk helse er ein viktig faktor i det førebyggjande arbeidet kring born og unge. Mange av dei førebyggjande tiltaka knytt til born og unge i Eidfjord kommune er bygd opp og drive med prosjektmidlar frå Helsedirektoratet Barne, Ungdoms- og familiedirektoratet, Utdanningsdirektoratet og Statsforvaltaren, som til dømes; barnekoordinator, flykingkoordinator, BTI koordinator og førebyggingskoordinator. Dette er midlar me lyt søke om årleg. Om desse avsluttar støtte med prosjektmidlar kan det verte ei utfordring for kommunen å halde oppe dei gode førebyggjande tiltaka som er sett i verk.



Består idag av 50% stilling knytt til vaksne over 18 år. Kommunen har søkt og fått innvilga prosjektmidlar i 2024 for å styrkje helsestasjon og skulehelsetenesta og slik finansiert 50% stilling knytt born og unge. Det er mogleg å søkje vidare på slike prosjektmidlar, eit år om gongen.

Førebyggingskoordinatør er organisert under Kultur, næring og berekraft, 50% av stillinga er knytt til helseavdelinga som ruskoordinatør og er finansiert midlar frå Helsedirektoratet. I planperioden bør det vurderast om heile stillinga skal vera del av den faste drifta i ei av einingane.

Helsehus

I 2024 vart det gjennomført forprosjekt der det, som vedteke i budsjett 2024, vart skissert to alternativ for oppgradering av helsehus i Eidfjord; rehabilitering av lokala i kommunehuset som vert brukt i dag og nybygg. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe med forankring i leiinga og brei medverknad frå tilsette. Analysen viser at rehabilitering av lokala som vert brukt i dag kan gje minst like godt helsehus som eit nybygg. Dei områda rehabilitering gjev høgare måloppnåing enn nybyggjeld særleg «*Framdrift og gjennomføring*» men og «*Økonomi*» og «*Berekraft*», og effekten av denne måloppnåinga er vurdert som betydeleg.

For helse er det viktig at ein får eit vedtak på vegen vidare. Rådmann har lagt inn arbeidet vidare i økonomiplanen med fokus på at det og må gjerast byggtekniske tiltak med kommunehuset.

Rehabilitering og førebygging – «styrkje grunnmuren»

For å dempa presset både på primær- og spesialisthelsetenesta i framtida må me førebygge betre. Dette gjeld både primær- og sekundærførebygging. Rehabilitering og førebygging spelar difor ei avgjerande rolle helse og omsorgssektoren.

Rehabilitering og førebygging fokuserer på å oppretthalde og forbetre den fysiske og psykiske helsa til enkeltpersonar. Ved å prioritere ressursar til rehabilitering og førebygging kan ein bidra til å redusere sjukdomsbyrden og forbetre livskvaliteten til den enkelte. Dette kan føre til redusert behov for meir omfattande og kostbar behandling/teneste på sikt. Ved å investere i desse områda kan ein bidra til å redusere belastinga på helse- og omsorgstenesta og sikar at ressursane vert brukt effektivt både med tanke på oppgåver og kostand.

Samla sett er rehabilitering og førebygging viktig for å forbetre helse og livskvalitet til enkeltpersonar, redusere helsekostnadar, auka sjølvstende og meistring, førebyggje sjukdom og skade, samt oppretthalde eit berekraftig helse- og omsorgsteneste.

Eit tiltak me jobbar kontinuerleg med er å auke fokuset på meir hjelp til sjølvhjelp, meistring og trening, og mindre behandlingfokus. Alle som kan nytta seg av kvardagsrehabilitering bør få tilbod om dette.

Me må ha fokus på tiltak innan friskliv, meistring, førebygging og rehabilitering. Me nyttar plassar på sjukeheimen til rehabilitering og har interkommunalt samarbeid kring frikliv og meistring.

Mange av dei førebyggjande tiltaka knytt til born og unge i Eidfjord kommune er bygd opp og drive med prosjektmidlar frå Helsedirektoratet Barne, Ungdoms- og familiedirektoratet, Utdanningsdirektoratet og Statsforvaltaren, som til dømes BTI koordinatør og førebyggingskoordinatør. Dette er midlar me lyt søke om. Om desse avsluttar støtte med prosjektmidlar kan det verte ei utfordring for kommunen å halde oppe dei gode førebyggjande tiltaka som er sett i verk.

I helse bør det setjast av midlar til auka stilling til psykiatrisk sjukepleiar til 100% fast stilling samt implementere barnekoordinatør, BTI og førebyggingskoordinatør i vanleg drift. Ein må sjå heilskapen i satsinga for kommunen og vurdere koleis ein best nyttar ressursane framover.



Digitalisering og velferdsteknologi

Digitalisering og velferdsteknologi har potensiale til å forbetre kvaliteten og effektiviteten i helse- og omsorg, auka pasientsikkerheit, betre kommunikasjon og samarbeid og auke sjølvstende og meistring for brukarane. Det er viktig å investere i digitalisering og implementering av velferdsteknologi for å møte framtidige behov og utfordringar i tenesta.

For å sikre ei god implementering er det viktig å tilby opplæring og kompetanseutvikling til tilsette og brukarar av teknologien. Med auka bruk av digitale løysingar er det viktig å sikre at personvern til brukarane vert ivareteke og at data er trygge. Helseavdelinga deltek allereie i ulike nettverk knytt til digitalisering. Arbeid med desse oppgåvene krev kompetanse og tid, det er difor behov for ei eiga stilling knytt til dette i helse og omsorg.

[Rapport-KS-kartlegging-av-kostnader-for-e-helse.pdf](#) viser til at driftskostnader knytt til e-helse truleg vil doble seg innan 2050.

Budsjettramma for digitalisering bør vera fleksibel og kunne tilpassast endringar i behov og teknologiske framsteg.

Samarbeid - Samskaping og samhandling

Ei effektivt helseteneste krev samarbeid mellom ulike faggrupper og tenestenivå. Helse og omsorg ynskjer å prioritere samarbeid mellom tenester internt i Eidfjord kommunen, med kommunar i lokalsjuehusområdet og Helsefellesskapet. Dette gjeld for alle områda innanfor helse og omsorg.

Internt samarbeid mellom helse og omsorg og oppvekst og utdanning vert viktig for styrke det samla laget rundt barnet. Dette vert særleg viktig i arbeidet med å implementere betre tverrfagleg innsats (BTI). Utviklingsarbeid krev at ein jobbar både med rutinar og planar på vers av sektorar og fag.

Tenesta vil i økonomiperioden sjå på nye arena for interkommunalt samarbeid og vidareføre det interkommunale samarbeidet om:

- Legevakt på kveld, natt og helg/heilagdagar.
- ØH senger
- Kommunepsykolog
- Friskliv og meistring
- Ernæringsfysiolog

Det er viktig å arbeide for god samhandling med pleie og omsorg og dei andre einingane i Eidfjord kommune.

Strategiske utfordringar:

- Endring i demografi og berekraft
- Knappheit på ressursar og kompetanse
- Lokale som ikkje stettar dagens krav til legekantor, gammalt og utslite medisinsk utstyr
- Nye arbeidsformer ved bruk av digitale løysingar og teknologisk utvikling
- Stort omstillingsbehov innan helsesektoren og samfunnet generelt, jf. Helsepersonellkommisjonen
- Lite kunnskapsbasert forskning på kommunal helseteneste og samhandlingsfeltet



7.9 Sosial- og barnevernstenesta

Budsjett

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|--|-----------|-----------|-----------|-----------|
| 01-09 Løn inkl. trygd og avgift | 3 273 096 | 3 413 096 | 3 553 096 | 3 693 096 |
| 10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod | 305 800 | 320 800 | 335 800 | 350 800 |
| 30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon | 2 510 000 | 2 510 000 | 2 510 000 | 2 510 000 |
| 40-49 Overføringsutgifter | 1 860 775 | 1 860 775 | 1 860 775 | 1 860 775 |
| 50-59 Finansieringsutgifter | 15 000 | 15 000 | 15 000 | 15 000 |
| 60-69 Sals- og leigeinntekter | -5 000 | -5 000 | -5 000 | -5 000 |
| 70-79 Refusjonar | -37 775 | -37 775 | -37 775 | -37 775 |
| 90-90 Finansieringsinntekter | -15 000 | -15 000 | -15 000 | -15 000 |
| | 7 906 896 | 8 061 896 | 8 216 896 | 8 371 896 |

Nye tiltak/budsjettendringar

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|-----------------------------|---------|---------|---------|---------|
| Auka kjøp barneverntenester | 600 000 | 600 000 | 600 000 | 600 000 |

Tenesteområde:

Nav sosial, flyktingetenesta og barnevernstenesta er tenesteområde som ligg innunder helse og omsorg i kommunen. Nav sosial og Flyktingetenesta har kommunen egne ressursar til, barnevernstenesta kjøpar me frå Hardanger Barnevern (Ullensvang kommune)

Årsverk:

| Funksjon | Årsverk |
|---------------------|---------|
| Sosialleiar | 1 |
| Flyktingkoordinator | 1 |

Sjukefråvær. Kommunalområdet NAV sosial syner eit resultat hittil i år på 1,03 %. Eidfjord kommune er ein IA verksemd og skal ha fokus på å førebyggja og fylgje opp sjukefråværet i høve vedtekne rutinar. Å sikra god oppfylging og leggje til rette arenaer der fråvær vert kommunisert er ei prioritert oppgåve for alle leiarar i Eidfjord kommune.

NAV Sosial

Sosialtenesta er ein del av det lokale NAV-kontoret i Eidfjord kommune. NAV Eidfjord er etter avtale ein del av partnerskap mellom Eidfjord kommune og NAV ved tenesteområde Voss/Hardanger. Sosialleiar har ansvar for kommunale tenester som er lagt til NAV.

Innhaldet i tenesteområdet:



- Økonomisk stønad, gjeldsrådgjeving og lovpålagte oppgåver
- Kvalifiseringsprogrammet
- Introduksjonsprogrammet
- Rettleiing, hjelpetiltak og deltaking i oppfølging av brukara innan legemiddelassistert rehabilitering (LAR)
- Ansvar for avlastning og omsorgsløn til foreldre med tyngjande omsorgsoppgåver samt ansvar for støttekontaktordning for barn og unge vaksne
- Oppfølging av søknader og ansvar for rapportering for bustønad overfor Husbanken
- Sakshandsaming av kommunale startlån
- Oppfølging av søkjarar i Transportordninga for funksjonshemma (TT-ordninga)
- Sakshandsaming og tildeling av parkeringsbevis og følgjekort (ledsagarbevis)
- Deltaking i ulike samhandlingsfora t.d. oppvekstgruppa, psykososialt kriseteam og nav-statlege samarbeidsfora

Overordna mål

Tenesta skal sikre at alle brukarar får høve til eit verdig og aktivt liv, tilpassa kvar einiskild sine evner og situasjon. Dette inneber å fremje økonomisk og sosial tryggleik, slik at den enkelte kan leve og bu sjølvstendig. Tenesta skal òg fremje overgang til arbeid, sosial integrering og aktiv deltaking i samfunnet. I tråd med FNs barnekonvensjon skal barnet sitt beste vere eit grunnleggande omsyn i sakshandsaminga

Vertskommunesamarbeid

Hausten 2022 starta ei vertskommuneutgreiing mellom kommunane Voss, Ulvik og Eidfjord når det gjeld NAV tenester. Dette vart vedtatt av styringsgruppa, som bestod av Kommunedirektørar/rådmenn i dei tre kommunane, assisterande fylkesdirektør i NAV Vestland Bjarte Hysing-Olsen og Eirik Verpesdal. I arbeidsgruppa deltek to tilsette frå kvart kontor. Våren 2023 bestemte styringsgruppa at er meir hensiktsmessig at kommunalsjefar/einingsleiarar deltek i utforminga av og jobbinga i prosjektet.

Flyktingtenesta

Flyktingtenesta har ansvar for mottak av flyktingar i Eidfjord. Flyktingkoordinatorane skal hjelpe og rettleie flyktingane som vert busett i kommunen. Flyktingtenesta skal planleggja og leggja til rette for det praktiske ved busetjing, og hjelpe flyktingane med å etablera seg i eigen bustad. Flyktingtenesta har ansvar for å planlegga, koordinera og gjennomføra introduksjonsprogrammet. Flyktingkoordinatorane skal følgja opp den einiskilde programdeltakar i introduksjonsprogrammet

Overordna mål

Flyktingtenesta skal sikre god busetjing og integrering i lokalsamfunnet. Målet med introduksjonsprogrammet er å styrke flyktingane sine moglegheiter for deltaking i arbeid, utdanning og samfunnet elles.

Integreringslova §§ 8 og 9 beskriv kven som har rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet. Som hovudregel må du:

- ha ein bestemt type opphaldsløyve
- ha vore mellom 18 og 55 år då du fekk opphaldsløyvet



- vera busett i kommunen etter avtale med integreringsmyndigheitene eller ha fått eit opphaldsløyve som nemnt i § 9 første ledd bokstav f og g
- ha budd i kommunen i mindre enn to år når kommunen gjer vedtak om deltaking i introduksjonsprogrammet

I følgje helse- og omsorgstenestelova § 3-1 skal kommunen sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. For å oppfylle ansvaret etter helse- og omsorgstenestelova §3-1 skal kommunen etter §3-2 nr 6 bokstav b. blant anna tilby støttekontakt

Situasjonen per i dag

Som ein konsekvens av krigen i Ukraina og den store tilstrøyminga av flyktningar til Noreg, måtte Eidfjord kommune tilsetje flyktningkoordinatorar. Desse koordinatorane følgjer opp dei ukrainske flyktningane som kommunen har vedteke å busetje. Grunna bustadmangel vil ikkje Eidfjord kommune kunne ta imot fleire flyktningar i 2025. Me må difor avslå framtidige tilvisingar frå IMDI. Dette medfører at me vil redusere årsverk knytt til denne tenesta. Kommunen kan aktivt henta inn innleigde bustadar som står ledige med tanke på busetjing, men det vil medføre auka press på bustadsituasjonen for lokalt næringsliv. Bustadutfordringane må me løyse med blick på den samla situasjonen i kommunen.

Barnevernstenesta

Barnevernstenesta i Eidfjord er underlagt avtale om vertskommunemodell og blir drifta av Hardanger barnevern, med hovudkontor i Odda.

Overordna mål

Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skada helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernet skal dessutan bidra til trygge oppvekstkår for alle barn og unge.

Eit resultat av barnevernsreforma er at kommunane får eit auka økonomisk ansvar for ordinære fosterheimar. Samstundes får me høgare eigendelar for statlege barnevernstiltak. Auka i økonomisk ansvar vil verta delvis kompensert gjennom heva rammetilskot til kommunen. Barnevernsreforma er ein oppvekstreform. Kommunane må utarbeide plan om det førebyggjande arbeidet i kommunen, og leggje til rette for tverrfagleg samhandling mellom ulike kommunale tenester og nivå.

Økonomi

Sakshandsaminga vert utført i samsvar med sosialtenestelova, introduksjonslova og helse- og omsorgstenestelova. NAV Eidfjord nyttar kommunale rettleiande satsar som utgangspunkt for tildeling av stønadsbeløpet for økonomisk stønad, samt ein individuell og skjønsmessig vurdering i kvar enkelt sak. Det skal vera fokus på born i familiar som over lengre tid treng økonomisk stønad. Det vert aktivt nytta arbeidsmarknadstiltak for at brukarar ikkje skal vera passive mottakarar av økonomisk sosialhjelp.

For personar over 30 år vert det gjort individuelle vurderingar angående aktivitetsplikt for mottak av økonomisk stønad. Stønad i form av livsopphald bør så lenge det er formålstenleg involvere aktivitetsplikt.

Kostnadar for busetjing av flyktningar vert godt kompensert av statstilskot frå busetjingsår og dei fyrste åra. Dei langsiktige kostnadane for kommunen vil likevel vere avhengig av i kva grad



Budsjett 2025 Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

flyktningane kjem over i arbeid. Om ein ikkje lukkast med overgang til arbeid, kan konsekvensen vere at mange må få økonomisk sosialhjelp i lang tid. Ein slik situasjon vil vere særst uheldig for alle partar.

Mål

| | Resultatmål 2025 | Målemetode |
|---|--|-------------------------------------|
| 1 | Ikkje ha avvik i høve til budsjettet. | Budsjettrapport og Budsjettkontroll |
| 2 | Helsehus | |
| 3 | Ingen ungdom i Eidfjord under 25 år skal vera utan arbeid eller arbeidsretta aktivitet i meir enn 3 månader. | Eigenrapport |
| 4 | Brukarar med samansette behov skal ha tilbod om individuell plan. | Eigenrapport |
| 5 | Brukarar med samansette behov skal ha tilbod om ansvarsgruppe. | Eigenrapport |
| 6 | Sjukefråværet i eininga skal ikkje overstige 6% | Statistikk |
| 7 | Utøva anstendig sakshandsaming etter lovverket | Eigenrapport |
| 8 | Auka det tverrfaglege samarbeidet i saker der det er aktuelt | Eigenrapport |

Budsjettkommentar

Helsehus

Som omtala under kap. 6.5 Helsetenester så er helsehus like viktig for nav, sosial og flyktning som held til i samme areal.

Barnevern

Kommunane har fått eit auka økonomisk ansvar for barnevernet og Ulvik herad har trekt seg frå avtalen med Hardanger barnevern. Desse faktorane gjer at denne posten aukar grunna ei fordeling av faste kostnader på to samarbeidande kommunar istadenfor tre samarbeidande kommunar. Det kan og oppstå akutte hendinga, og utgifter me ikkje er budd på under denne posten

Introduksjonsstønad

Deltakarar i introduksjonsprogram har rett til introduksjonsstønad. Stønaden er meint som inntektssikring medan dei deltek i programmet. Stønaden svarer til to gonger grunnbeløpet til folketrygda. Sidan færre flyktningar vil kome til i 2025 er det ikkje forventa større endringar i denne posten.

Kjøp av tenester frå private - inn på tunet



Inn på tunet er tilrettelagde og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Det må budsjetterast for dette tiltaket.

Kjøp av konsulenttenester – tolk

Tilsette har behov for tolk i tenesteyting til flyktningar frå Ukraina. Det må budsjetterast for dette.

Flyktningtenesta

Ukrainske borgarar som søker vern i Noreg, kan ha rett til sosialhjelp. Det må budsjetterast for dette.

Utfordringar i tenesta

- Sikre at brukarar med samansette behov får tilpassa tenester på tvers av einingane
- Finne gode støttekontaktar og avlastnings-heimar
- Aktivisere og sysselsette dei som står utanfor arbeidslivet.
- Finne føremålstenlege aktivitetar som vilkår for vedtak

Strategiske utfordringar:

- Endring i demografi og berekraft
- Knappeheit på ressursar og kompetanse
- Nye arbeidsformer ved bruk av digitale løysingar og teknologisk utvikling
- Omstillingsbehov
- Bustadmangel for å busetta flyktningar, men og i høve rekruttering



7.10 Pleie- og omsorgstenesta

Budsjett

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|------------|------------|------------|------------|
| 01-09 Løn inkl.trygd og avgift | 39 519 443 | 40 659 443 | 41 799 443 | 42 939 443 |
| 10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod | 4 582 400 | 4 711 400 | 4 841 400 | 4 971 400 |
| 30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon | 248 000 | 248 000 | 248 000 | 248 000 |
| 40-49 Overføringsutgifter | 471 575 | 471 575 | 471 575 | 471 575 |
| 60-69 Sals- og leigeinntekter | -3 022 500 | -3 022 500 | -3 022 500 | -3 022 500 |
| 70-79 Refusjonar | -676 575 | -676 575 | -676 575 | -676 575 |
| | 41 122 343 | 42 391 343 | 43 661 343 | 44 931 343 |

Nye tiltak/budsjettendringar

| | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---------|---------|---------|---------|
| Kostnad ny helgetimeavtale (heiltidskultur) | 750 000 | 750 000 | 750 000 | 750 000 |
| Auke i abonnement tryggleiksalarm | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 |

Tenesteområdet

Pleie og omsorgstenesta yt individuell hjelp til dei som treng omsorg, behandling og pleie. Tenesta yt hjelp til personar i alle aldersgrupper. Dei største gruppene er eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

Pleie og omsorg opplever ein auke i tal personar med demens. Pleie og omsorgstenesta har som overordna mål at innbyggjarane skal få hjelp på Beste Effektive Omsorgsnivå (BENO). Tenesta skal sikra at tenestemottakarane får høve til eit verdig og aktivt liv tilpassa kvar einiskild sine evner og situasjon.

Tenesta dekkjer:

- Heildøgnstenester
- Rehabilitering
- Heimebasete tenester
- Aktivitesavdeling
- Kjøkken
- Vaskeri
- Ergoterapi
- Koordinerande eining

Heildøgnstenester omfattar institusjonsbaserte tenester. Bygdaheimen har 20 sjukeheimsplassar fordelt på 3 avdelingar. Middagsnuten er avdeling for personar med demens og har 6 plassar. Somatisk har to avdelingar- Øktarnuten og Onen - med 7 rom kvar. Avdelingane tilbyr og rehabilitering, korttidsopphald i institusjon, palliasjon, avlastning, dagopphald og nattopphald.



Heimebaserte tenester tilbyr naudsynt pleie og omsorg i heimen og omfattar mellom anna heimesjukepleie, heimehjelp, matombringning og tryggleiksalarmar. I heimetenestene ser ein og at både innbyggjarar og «gjestepasientar» med kompliserte sjukdomsbilde som krev at sjukepleiarkompetanse aukar. Dette krev meir av tenesta enn det gjorde tidlegare både når det gjeld kvalitet og personell. Pleie og omsorg administrerer og tildeler omsorgsbustadar (18 bueiningar), støttekontaktar og omsorgsstønad etter individuell vurdering og vedtak.

Aktivitetsavdelinga tilbyr ulike aktivitetar og legg til rette for måltid og fellesskap for bebuarane på Bygdaheimen og dei som har vedtak om dagtilbod.

Kjøkken produserer mat til bebuarane på Bygdaheimen og til dei som får mat bringa heim. Dei serverer middag til bebuarar og utebrukarar som et inne på Bygdaheimen.

Vaskeriet tek mellom anna hand om vask, vedlikehald og reparasjon av bebuarane sin klede samt uniformer og tekstilar som er i bruk på Bygdaheimen.

Ergoterapi

Formålet med ergoterapi er å legge til rette for meningsfull aktivitet og inkluderande omgivnader for at flest mogleg skal kunne oppleve deltaking og meistring. Ergoterapi er knytt til helsefremming, førebygging og rehabilitering. Ergoterapeuten bidrar til å utløyse ressursar hos den enkelte, og spelar ei viktig rolle knytt til bufunksjon, folkehelse og aldring, og dermed redusere eller utsette behovet for pleie – og omsorgstenester.

Funksjonen er viktig ved tildeling og oppfølging av hjelpemidler, heimebesøk, individretta rettleiing, hukommelsesteam og bustadrådgiving.

Koordinerande eining har ansvar for å koordinere og samordne tenester, individuell plan og omsorgstilbod for enkeltpersonar med komplekse behov. Koordinerande eining er i Eidfjord kommune Re-/habiliterings plan definert som ein del av ergoterapeut si stilling. Koordinerande eining er ei lovpålagt oppgave: [Lov om helse og omsorgstenester § 7-3](#) og [Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator](#)

Årsverk. Pleie og omsorg har total ramme på 40,6 årsverk.

Pleie og omsorg i Eidfjord er ei integrert teneste, det vil sei at pleiepersonale (døgnbemanning) jobbar fleksibelt i alle avdelingane på Bygdaheimen og i heimetenesta

| Funksjon | Årsverk |
|---|---------|
| Administrative funksjonar (kommunalsjef, avdelingsleiarar og sekretær) | 3,2 |
| Integrert teneste (døgnbemanning) | 29,03 |
| Aktivitetsavdelinga | 1,6 |



| | |
|---|---|
| Vaskeri | 1 |
| Kjøkken | 3,2 |
| Heimehjelp | 1,4 |
| Ergoterapi | 0,8 |
| Koordinerande eining | 0 |
| Prosjekt (digitalisering, miljøfyrtårn) | 0,2 (0,2 av avdelingsleiar si stilling) |

Sjukefråvær. Kommunalområdet pleie og omsorg syner eit resultat hittil i år på 10,42 %. Eidfjord kommune er ein IA verksemd og skal ha fokus på å førebyggja og fylgje opp sjukefråværet i høve vedtekte rutinar. Å sikra god oppfylgning og leggje til rette arenaer der fråvær vert kommunisert er ei prioritert oppgåve for alle leiarar i Eidfjord kommune.

Kvalitet/kompetanse. Pleie og omsorg har ulike standardar å forhalda seg til som seier noko om kva tenestekvalitet som skal leverast jf. lover og forskrifter. [Forskrift om Kvalitet i pleie og omsorgstenestene](#) skal bidra til å sikre kvaliteten på pleie og omsorgstenester, medan [Forskrift om internkontroll i sosial og helsetenestene](#) skal bidra til fagleg forsvarlege tenester gjennom systematisk styring og kontinuerleg foreiningsarbeid.

Pleie og omsorg arbeider kontinuerleg med kvalitetsforbetring i tenesta. Dette gjer me mellom anna ved å delta på pasientsikkerheitsprogram via [Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester \(USHT\)](#) som er ei nasjonal satsing som skal bidra til å styrke kvaliteten i helse- og omsorgstenestene.

Når spesialisthelsetenesta melder om utskrivingsklare pasientar pliktar kommunen å ta imot dei. Pasientar som vert meldt utskrivingsklare har større og meir omfattande behov for spesialisert helsehjelp i kommunen. Dette aukar behov for spesialkompetanse hjå helsepersonell. Eidfjord kommune satsar på kompetansebygging og legg til rette for at tilsette skal kunne ta vidareutdanning og ulike ABC-kurs.

Pleie og omsorg deltek i:

1. VIPS praksismodell (VPM) er ein metode for å implementere personsentrert omsorg i kommunehelsetenestene. Ikkje nettverk, men prosjekt som er implementert i demensavdelinga.
2. Digitaliseringsnettverk for kjernejournal, digihelse, digihelsestasjon og digibarnevern. Kjernejournal i sjukeheim og heimeteneste, Digihelse og Digihelsestasjon, pasientens legemiddelleiste PLL) og velferdsteknologisk knutepunkt (VKP) er nasjonale e-helseløysningar som det gjennom [Felles plan og rammeverk](#) er sett eit mål om at alle kommunar skal ta i bruk innan 2025.
3. E-helse Vestland/Digivestland
Prosjektet skal utvikle eit sterkt fagleg samarbeid for å samle, bygge og dele kunnskap og erfaringar som er kritiske for innføring av velferdsteknologi i kommunane. Kommunane skal



vera i førarsettet og skal implementere og ha vesentleg gevinst av velferdsteknologi. Prosjektet skal støtte kommunane i å realisere det store potensialet som ligg i bruk av velferdsteknologi og digitalisering.

4. Læringsnettverk om pårørandearbeid i regi av USHT Vestland. Oppstart 27.09.2023, Målet er å styrkje pårørandesamarbeidet på individ, teneste og systemnivå med utgangspunkt i [Vi – de pårørende \(regjeringen.no\)](#) og [Pårørendeveileder - Helsedirektoratet](#)

Mål

| | Resultatmål 2025 | Målemetode |
|---|---|------------|
| 1 | Majoriteten av dei faste tilsette har større enn 80 % stilling og er kontinuitetsbærarar | |
| 2 | Redusere bruken av flyktig arbeidskraft/innleige med 10% | |
| 3 | Utarbeide kompetanseplan for tilsette | |
| 4 | Sjukefråværet skal ikkje overstige 6% | |
| 5 | Digitalisering <ul style="list-style-type: none">- internkontroll medisinsk teknisk utstyr (MTU)- pasientens legemiddelleiste PLL)- velferdsteknologisk knutepunkt (VKP)- Turnusskriving | |
| 6 | Sakshandsamingstida skal ikkje overstige 3 veker | |
| 7 | Sal ledige korttidsplassar på Bygdaheimen | |
| 8 | Ferdigstille Sansehage | |

Budsjettkommentar

Fokusområde i pleie og omsorg framover er satsing på heiltidskultur, leiing, kvalitet/kompetanse, digitalisering og velferdsteknologi , rehabilitering og førebygging og samskaping/samhandling.

Heiltidskultur – berekraftig drift, kvalitet, rekruttere og behalde.

Helse og omsorg skal vera ein god stad å ha arbeidet sitt og personalet er ryggrada i helse og omsorgstenesta. Moglegheita til store eller full stilling, godt arbeidsmiljø og fagleg utvikling er viktig både for å halde på erfaren arbeidskraft og for å rekruttera.

Rekruttering av tilstrekkeleg og kompetent helsepersonell er ein avgjerande faktor for å sikre helsetilbodet og kvaliteten på tenesta til innbyggjarane.

Dersom me skal imøtekome etterspurnaden etter helse- og omsorgstenester for eit aukande tal eldre utan endring og omstilling, vil det krevje at ein held fram arbeidet med Heiltidskultur. Deltidskultur er ei stor utfordring, mellom anna fordi det krev svært mange tilsette og gjev lite kontinuitet. Pleie og omsorg har jobba med ein endrings- og omstillingsprosess for å avklare tenestebehov og å dimensjonere bemanning til å dekkja behovet. I omstillingsarbeidet har ein kartlagt omfang av deltid, kor mange som ynskjer høgare stillingsprosent, oppgåveløysing og bemanningsløysingar. Det har



vore fokus på involvering og medverknad frå tillitsvalde, vernetenesta og alle tilsette i omstillingsprosessen.

For å behalde helsepersonell på lang sikt og oppretthalde kvalitet i tenesta, er det og viktig å tilby moglegheiter for kompetanseutvikling og opplæring. Dette kan vera deltaking i nettverk, kurs, og konferansar. Mange av desse kan ein delta på via digitale løysingar, men ofte krevst både reising og innleige av vikar. Kommunen bør fortsatt sette av midlar til å dekkja kostnadar knytt til kompetanseutvikling for både nyttilsette og erfarne tilsette.

Leiarstrukturen

Innanfor heile helse og omsorg må kommunen sjå på framtidig organisering av leiarstrukturen samla sett i helse og omsorg, men spesielt innanfor pleie og omsorg. Kommunalsjef vil i samråd med rådmann og HR arbeide i 2025 med mål om omorganisering innanfor dei årsverka område har. Det er eit komplekst område med aukande utfordringar både med tanke på demografisk utvikling, og utvikling av tenestetilbodet innanfor ei kompleks teneste. For lite ressursar til administrative oppgåver og leiarfunksjon kan føre til overbelastning, redusert kvalitet på leiinga, og potensielt negative konsekvensar for både tilsette og organisasjonen som heilheit. Det er ikkje lagt inn midlar til styrka leiing i 2025 budsjettet, det vil vurderast endringar av eksisterande stillingar sett opp imot endra arbeidsoppgåver i løpet av året 2025.

Digitalisering og velferdsteknologi

Digitalisering og velferdsteknologi har potensiale til å forbetre kvaliteten og effektiviteten i helse- og omsorg, auka pasientsikkerheit, betre kommunikasjon og samarbeid og auke sjølvstende og meistring for brukarane. Det er viktig å investere i digitalisering og implementering av velferdsteknologi for å møte framtidige behov og utfordringar i tenesta.

For å sikre ei god implementering er det viktig å tilby opplæring og kompetanseutvikling til tilsette og brukarar av teknologien. Med auka bruk av digitale løysingar er det viktig å sikre at personvern til brukarane vert ivareteke og at data er trygge. Pleie og omsorg deltek allereie i ulike nettverk knytt til digitalisering og velferdsteknologi. Arbeid med desse oppgåvene krev kompetanse og tid, det er difor behov for ei eiga stilling knytt til dette i helse og omsorg.

[Rapport-KS-kartlegging-av-kostnader-for-e-helse.pdf](#) viser til at driftskostnader knytt til e-helse truleg vil doble seg innan 2050.

Velferdsteknologisk knutepunkt (VKP) er ei løysing som vidareformidlar avtala informasjon mellom kommunen sitt journalsystem (EPJ) og responscenterløysingar eller ulike enkeltstående velferdsteknologiske løysingar. Tenesta vert utvikla og drifta av Norsk Helsenett HF (NHN).

Digitalisering av turnus vil frigjere tid til pasientarbeid og redusere innleige.

Digitalisering medisinsk teknisk utstyr i pleie og omsorg og helse/legekontor vil sikre årlege kontrollar, oversikt over reparasjons historikk, betre internkontroll og auka pasientsikkerheita.

Løysingar vil frigjere tid til pasientarbeid og redusere innleige.

Budsjettramma for digitalisering bør vera fleksibel og kunne tilpassast endringar i behov og teknologiske framsteg, det er i budsjettet lagt inn ein årleg sum på investeringsbudsjettet.

Rehabilitering og førebygging – «styrkje grunnmuren»



For å dempa presset både på primær- og spesialisthelsetenesta i framtida må me førebygge betre. Dette gjeld både primær- og sekundærførebygging. Rehabilitering og førebygging spelar difor ei avgjerande rolle helse og omsorgssektoren.

Rehabilitering og førebygging fokuserer på å oppretthalde og forbetre den fysiske og psykiske helsa til enkeltpersonar. Ved å prioritere ressursar til rehabilitering og førebygging kan ein bidra til å redusere sjukdomsbyrden og forbetre livskvaliteten til den enkelte. Dette kan føre til redusert behov for meir omfattande og kostbar behandling/teneste på sikt. Ved å investere i desse områda kan ein bidra til å redusere belastinga på helse- og omsorgstenesta og sikrer at ressursane vert brukt effektivt både med tanke på oppgåver og kostand.

Samla sett er rehabilitering og førebygging viktig for å forbetre helse og livskvalitet til enkeltpersonar, redusere helsekostnadar, auka sjølvstende og meistring, førebyggje sjukdom og skade, samt oppretthalde eit berekraftig helse- og omsorgsteneste.

Samarbeid - Samskaping og samhandling

Eit effektivt omsorgsnivå krev samarbeid mellom ulike faggrupper og tenestenivå. Helse og omsorg ynskjer å prioritere samarbeid mellom tenester og einingane i Eidfjord kommunen, med kommunar i lokalsjuehusområdet og Helsefellesskapet.

Sansehage

Ferdigstilling av sansehagen er planlagt til 2025.

Fellesrådet har einstemmig vedteke at dei ynskjer å inkludere skulpturen «liten gut med kroneis» som ein del av sansehagen. Denne er lagt inn under framlegg til investeringar.

Omsorgsbustader – «Helsehus» - bustad til menneske med nedsett funksjonsevne

Det er 10 nye omsorgsbustader knytt til Bygdaheimen og 2 nyoppussa bustader i Evjevegen 12 og 14. Dei 6 eldre omsorgsbustadane i Brotkanten 9 er nedslitne og utdatert. Her vil det på sikt vera naudsynt med renovering, eventuelt riving og nybygg. I den samanheng vil det vera naturleg å vurdere plassering av «helsehus» og bustadar for menneske med nedsett funksjonsevne. Det er naturleg å trekke inn erfaringar frå Bu trygt heime reforma i denne vurderinga.

Leve hele livet – Bu trygt heime

I juni 2023 vart den nye reforma Bu trygt heime lansert. Den skal sørge for aldersvenlege samfunn, meir heilheit i eldrepolitikken og betre helsehjelp til eldre i Noreg Stortingsmeldinga [«Fellesskap og meistring Bu trygt heime»](#) har fire satsingsområde: Levande lokalsamfunn, bustadtilpassing og -planlegging, kompetente og myndiggjorte medarbeidarar og tryggleik for brukarar og støtte til pårørande. Eidfjord kommune bør planleggje for og setje av midlar til deltaking i nettverk i regi av Statsforvaltaren i Vestland.

Strategiske utfordringar

- Endring i demografi og berekraft
- Knappeheit på ressursar og kompetanse
- Nye arbeidsformer ved bruk av nye digitale løysningar og teknologisk utvikling
- Stort omstillingsbehov innan helsesektoren og samfunn generelt, jf. Helsepersonellkommisjonen
- Å sikre fokus på førebygging og psykisk helse
- Lite kunnskapsbasert forskning på kommunal helsetenestene og samhandlingsfeltet



8 INVESTERINGSBUDSJETTET

8.1 Hovedoversikter investering

8.1.1 § 5-5. Bevilgningsoversikt – investering

| | Rekneskap | Budsjett | Budsjett | Øk.plan | Øk.plan | Øk.plan |
|--|--------------------|--------------------|--------------------|---------------------|--------------------|--------------------|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Investeringsutgifter | | | | | | |
| Investeringar i varige driftsmidlar | 16 101 461 | 58 139 000 | 76 062 000 | 108 525 000 | 53 725 000 | 14 775 000 |
| Tilskot til andre sine investeringar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 512 980 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 |
| Utlån av eigne midlar | 200 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 |
| Avdrag på lån | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum investeringsutgifter | 16 814 441 | 59 039 000 | 76 962 000 | 109 425 000 | 54 625 000 | 15 675 000 |
| Investeringsinntekter | | | | | | |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | -1 427 858 | -5 489 000 | -4 612 000 | -1 000 000 | -1 875 000 | -875 000 |
| Tilskot frå andre | -906 901 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Salg av varige driftsmidlar | -7 471 680 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Salg av finansielle anleggsmidler | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Utdeling fra selskaper | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottakne avdrag på utlån av eigne midlar | -627 542 | -200 000 | -200 000 | -200 000 | -200 000 | -200 000 |
| Bruk av lån | 0 | -30 000 000 | -52 500 000 | -100 000 000 | -33 000 000 | 0 |
| Sum investeringsinntekter | -10 433 981 | -35 689 000 | -57 312 000 | -101 200 000 | -35 075 000 | -1 075 000 |
| Videreutlån | | | | | | |
| Videreutlån | 1 015 000 | 2 000 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån til videreutlån | -1 015 000 | -2 000 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån til videreutlån | 392 267 | 300 000 | 300 000 | 300 000 | 300 000 | 300 000 |
| Mottatte avdrag på videreutlån | -420 334 | -300 000 | -300 000 | -300 000 | -300 000 | -300 000 |
| Netto utgifter videreutlån | -28 067 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføring fra drift og netto avsetn. | | | | | | |
| Overføring fra drift | -6 637 000 | -23 150 000 | -19 450 000 | -8 025 000 | -19 350 000 | -14 400 000 |
| Avsetjingar til bundne investeringsfond | 28 066 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetjingar til ubundne investeringsfond | 627 542 | 200 000 | 200 000 | 200 000 | 200 000 | 200 000 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | -371 001 | -400 000 | -400 000 | -400 000 | -400 000 | -400 000 |
| Dekning av tidlige års udekket beløp | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum overf. fra drift og netto avsetn. | -6 352 393 | -23 350 000 | -19 650 000 | -8 225 000 | -19 550 000 | -14 600 000 |
| Framf. til inndeckn. i senere år | | | | | | |
| | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

8.1.2 Bevilgningsoversikt -investering til fordeling

| Ansvar | Prosjekt | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|--------|----------|------|------|------|------|
|--------|----------|------|------|------|------|



Budsjett 2025 Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

| | | | | | | |
|----|--------|--|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|
| 15 | 202106 | Sysendalen renseanlegg | 50 000 000 | 100 000 000 | 20 000 000 | 0 |
| 92 | 202402 | Sansehagen | 375 000 | 0 | 0 | 0 |
| 15 | 202404 | Garderobe/ teknisk Samfunnshuset | 1 875 000 | 0 | 0 | 0 |
| 10 | 202426 | Nytt ERP system. Rekneskap,budsjett,HR | 500 000 | 0 | 0 | 0 |
| 10 | 202428 | Profilhandbok for Eidfjord kommune | 375 000 | 0 | 0 | 0 |
| 10 | 202501 | IKT teknisk (årlege investeringar) | 875 000 | 875 000 | 875 000 | 875 000 |
| 30 | 202502 | Velferdsteknologi og digitalisering | 375 000 | 375 000 | 375 000 | 375 000 |
| 92 | 202503 | Nytt elektronisk pasientjournal | 1 250 000 | 0 | 0 | 0 |
| 15 | 202504 | Anleggsmaskiner (årleg investering) | 625 000 | 625 000 | 625 000 | 625 000 |
| 15 | 202505 | Transportmidlar (årleg invetsering) | 1 250 000 | 1 250 000 | 1 250 000 | 1 250 000 |
| 10 | 202506 | Kommunstyresalen | 312 000 | 0 | 0 | 0 |
| 15 | 202507 | Prosjekt overflatevatn Lægreid | 3 750 000 | 0 | 0 | 0 |
| 15 | 202508 | 6-manns bustad | 500 000 | 0 | 6 000 000 | 0 |
| 15 | 202509 | Geoscanning myrområde | 375 000 | 0 | 0 | 0 |
| 15 | 202510 | Flyfoto-nasjonalt prosjekt kartverket | 375 000 | 0 | 0 | 0 |
| 15 | 202511 | Idrettshall brannhydrant,ventilasjon og dusjvatn | 1 000 000 | 0 | 0 | 0 |
| 15 | 202512 | Mur Erdal | 1 250 000 | 0 | 0 | 0 |
| 15 | 202513 | Investeringar i veg,parkering,G/S | 1 250 000 | 1 250 000 | 1 250 000 | 1 250 000 |
| 15 | 202514 | Investeringar i bruer og kai | 5 000 000 | 0 | 5 000 000 | 0 |
| 15 | 202515 | Mogleheitsstudie skule,b.hage og samfunnshus | 625 000 | 625 000 | 0 | 0 |
| 92 | 202516 | Mogleheitsstudie tilrettelagd bustad for unge | 375 000 | 0 | 0 | 0 |
| 40 | 202517 | Besøksforvaltning - strategi | 750 000 | 0 | 0 | 0 |
| 40 | 202518 | Utgreiing naturressursar Simadal | 500 000 | 0 | 0 | 0 |
| 15 | 202519 | Nytt pumpehus avalup Kjærtveit camping | 1 500 000 | 0 | 0 | 0 |
| 15 | 202520 | Utskiftning VA - Fetalia | 1 000 000 | 0 | 8 000 000 | 0 |
| 15 | 209923 | Kjærøyne | 0 | 0 | 0 | 5 000 000 |
| 15 | 209924 | Brannvesenet - multikøyretøy | 0 | 2 500 000 | 0 | 0 |
| 15 | 209925 | Barnehagen- tiltak bygg og utstyr | 0 | 625 000 | 0 | 0 |
| 15 | 209926 | YX bygget | 0 | 0 | 0 | 3 000 000 |
| 15 | 209927 | Vikehagen bustadfelt | 0 | 0 | 5 000 000 | 0 |
| 15 | 209928 | Kultursalen ventilasjon | 0 | 0 | 0 | 500 000 |
| 15 | 209929 | Overbygg til el.rullestolar og sykklar bygdaheimen | 0 | 0 | 350 000 | 0 |
| 15 | 209930 | Offentlege leikeplassar | 0 | 400 000 | 0 | 400 000 |
| 15 | 209931 | Kommunhus-ivaretaking og rehab. helseshus | 0 | 0 | 0 | 1 000 000 |
| 15 | 209932 | VA og mur Tråavegen | 0 | 0 | 5 000 000 | 0 |
| 15 | 209933 | Nytt renseanlegg Eidfjord | 0 | 0 | 0 | 500 000 |
| | | | 76 062 000 | 108 525 000 | 53 725 000 | 14 775 000 |

8.1.3 Tekstleg kommentar investeringsprosjekt

Prosjekt

202106 Sysendalen renseanlegg

Sysendalen reinseanlegg har kommunen krav på seg til å byggja for å støtte krava til behandling av avlaupsvatn i Sysendalen tettbebyggelse. Sysendalen tettbebyggelse ligg innanfor forureinsingsforskrifta kap 14 der statsforvaltaren er utsleppsmynde. Framtdrifta for nytt reinseanlegg viser ein prosjektfase med ferdigstilling innan 1. juli 2027. Kostnadane i samfunnet gjennom valutakurs, renteauke og generelle kostnadsauke har medført at prosjektet sin samla kostnad har auka monaleg sidan ein begynte prosessen for nokre år sidan.

202402 Sansehagen



Budsjett 2025 Handlingsdel /Økonomiplan 2025-2028

Sansehagen ved Bygdaheimen er i byggeprosess med avsette midlar frå tidlegare år, i budsjettet for 2025 er det lagt inn midlar til kjøp av status "Liten gut med is" som eldrerrådet har ynskje om å få på plass.

202404 **Garderobe/ teknisk Samfunnshuset**

Rehabilitering av garderobar og teknisk system kostar meir enn først berekna, først og fremst grunna få leverandørar av teknisk utstyr i marknaden og generell kostnadsauke. Kostnaden er framleis usikker til det har vore ute på anbod.

202426 **Nytt ERP system (Økonomi, rekneskap,budsjett og HR system)**

Innføring av nytt ERP system. Nytt lønns- og økonomisystem. Prosjektet starta i 2024. Vert innført frå 01.01.2025. Noko av investeringskostnaden kjem i 2025.

202428 **Profilhandbok for Eidfjord kommune**

Kommunen har over fleire år sett behovet for ei profilhandbok, det vart i budsjettet for 2024 satt av midlar der ein kom eit godt stykke på veg. Avsett sum for 2025 vil gje eit godt utgangspunkt for ei enkel profilhandbok med gode malar og eit godt heilheitsinntrykk for presentasjonar, dokument og som utgangspunkt for profil på bilar og heimeside.

202501 **IKT teknisk (årlege investeringar)**

IKT har årleg behov for å oppgradera og investera. Det er i budsjett og økonomiplan lagt inn ein stipulert sum kvart år til IKT investeringar. Summen er trekt ned ein del i høve ynskjer frå IKT. Ved særskilte behov vil det kunne koma eigne saker på investeringar i løpet av året. Investeringane vil gjelda alt frå implementeringskostnadar av skyløysingar, og system til innkjøp av rack og anna teknisk utstyr.

202502 **Velferdsteknologi og digitalisering**

Helse og omsorg er eit område i stadig utvikling med fokus på korleis ein kan gje sikrasat mogleg tenester og utvikla seg vidare i takt med den teknologiske utviklinga og lovkrav. Det er satt av ein stipulert sum til investeringar i økonomiplanen. Større prosjekt vil måtte løftast fram som eigne investeringar. Eit døme er nytt elektronisk pasientjournalssystem.

202503 **Nytt elektronisk pasientjournal**

Gjeld utskifting av dagens system for pasientjournalar som skal fasast ut og kommunen vil ikkje kunne nytta det i framtida.

202504 **Anleggsmaskiner (årleg investering)**

Det er over tid trong for å oppgradera og skifta ut anleggsmaskinar, kalkulert med avsetting av 500.000 i året, nokre investeringar vil kunne slåast sammen og takast over 2 års midlar viss dei kostar meir.

202505 **Transportmidlar (årleg invetsering)**

I høve drift av kommunen internt og i høve eksterne oppdrag treng ein transportmidlar. Kommunen eig transportmidlane og har fordelt bilane utifrå behovet hjå dei ulike einingane. Den årlege summen er stipulert behov for å halde tranpostmidlane på eit godt bruksnivå over tid. Rådmann fikk i budsjett for 2024 oppdrag å laga eigen sak på transportmidlar, saken vert lagt fram til formannskapet i lag med budsjettet for 2025.

202506 **Kommunestyresalen**

Kommunestyresalen er eit viktig møterom der kommunestyremøte og andre større møte vert avholdt. Det er ulike utfordringar med lyd og video som bør utbetrast.

202507 **Prosjekt overflatevatn Lægreid**

Prosjekt med overflatevatn på lægreid er samarbeid med NVE for å sikra område og bygg på Lægreid mot flaumfare. NVE tek 90% av kostnadane med prosjektering og tiltak. Tiltaket er og viktig for vidare utvikling av bustadfelt på Vikehagen.

202508 **6-manns bustad**

